

Foreldreskap i eksil
Ein sosiokulturell studie
av forteljingar om foreldrepraksisar
i kulturelt komplekse kontaktsoner

Kari Bergset

OSLOMET

Avhandling ph.d. sosialt arbeid og sosialpolitikk
Institutt for sosialfag
Fakultet for samfunnsvitenskap
OsloMet – Oslo storbyuniversitetet

Haust 2019

CC-BY-SA versjon 4.0

OsloMet Avhandling 2019 nr 35

ISSN 2535-471X

ISBN 978-82-8364-220-9

OsloMet – storbyuniversitetet

Universitetsbiblioteket

Skriftserien

St. Olavs plass 4,

0130 Oslo,

Telefon (47) 64 84 90 00

Postadresse:

Postboks 4, St. Olavs plass

0130 Oslo

Trykket hos Byråservice

Trykket på Scandia 2000 white, 80 gram på materiesider/200 gram på coveret

FORORD

Denne avhandlinga er eit individuelt prosjekt, og eg kjenner meg privilegert som har fått høve til denne fordjupinga. Likevel er det mange som har medverka til at det vart muleg å sette prosjektet i gang og å gjennomføre det.

Først og fremst takk til dei tjuufem foreldra som gav av si tid og si erfaring som foreldre i eksil. Foreldra sine forteljingar er berebjelken i prosjektet, og eg er svært takknemleg for den tillit kvar især gav meg ved å dele sine erfaringar.

Hjarteleg takk til Oddbjørg Skjær Ulvik som har vore min hovudrettleiar og som har fylt denne funksjonen med sin mangfaldige kompetanse heile vegen. Det er vanskeleg å finne ord for kva hennar kunnskap, klokskap og erfaring har hatt å seie for avhandlinga og min veg fram til ferdigstilling. Eg kjenner meg umåteleg heldig som har hatt ein tolmodig, raus, varm og venleg rettleiar som har formidla tru på prosjektet gjennom heile prosessen. Takk også til andre ressurspersonar ved OsloMet, spesielt til Anne Thorsen som velvillig har handtert dei mange spørsmåla mine i ulike fasar av prosjektet.

Takk til Høgskulen i Sogn og Fjordane som gav meg stipendiat og høve til å starte dette prosjektet. No ved avslutninga heiter min arbeidsgjevar Høgskulen på Vestlandet, men dei fleste menneska i arbeidskvardagen er dei same. Trass i omorganiseringar og fusjon er det rause og støttande kollegiet ved Campus Sogndal no som då den daglege basen der faglege innspel, kritiske spørsmål, oppmuntring og heiarop driv arbeidet framover. Takk til dei ulike leiarane som gjennom desse åra har lagt til rette for at prosjektet kunne gjennomførast: Dekan Gunnar Yttri, dekan Anne-Grethe Naustdal, instituttleiar Unni Åsen og instituttleiar Svanaug Fjær, i tillegg til Berit Njøs, Tone Jørgensen og Marita Brekke Skjevlan, som til ulike tider har vore mine næraste leiarar.

Takk til dei dyktige høgskulebibliotekarane som har stilt raust opp gjennom heile prosjektet, ikkje minst i den aller siste innspurten. Takk til Sølvi Marie Risøy som var fødselshjelpar for dette ph. d. prosjektet og lokal birettleiar i starten. Utan hennar inspirerande rettleiing hadde det ikkje blitt noko projektskisse. Takk for hjelp og inspirasjon i den første fasen av arbeidet, og for leiing av diskursgruppa ved Campus Sogndal. Takk også til Ulrikke Spring som leia diskursgruppa i den neste etappen. Medlemmene i diskursgruppa har lese mine tekstar på ulike stadium, stilt dei kritiske spørsmåla, og på variert vis vore dei friske augo som såg det skrivaren sjølv var blind for. Mange har vore innom gruppa og fortener takk. Likevel vil eg særleg trekke fram Lillian Bruland Selseng, Tone Jørgensen og Monika Alvestad Reime som har vore med meg gjennom heile løpet både som gruppemedlemmer og som samtalepartnarar i det daglege. Stor takk til dykk! Det siste året av

arbeidet med avhandlinga gjekk vi alle over i ei større forskingsgruppe. Saman med Berit Njøs bidrog dei likevel som lesarar av kappeteksten til siste slutt.

Eg har også hatt nytte av faglege ressursar utanfor arbeidsplassen min. Takk Til Anya Ahmed Peacock ved University of Salford, Manchester, som gav meg nyttige tilbakemeldingar på artikkel I. Takk til Philip Brown ved same universitet som gjorde meg merksam på *multivoicedness* som analyseomgrep for ytringar i eksilet, og såleis leia meg til å oppdage den bakhtinske dialogismen si gullgruve. Etter å ha nytta denne gullgruva utan Bakhtin- kjennarar rundt meg, vart behovet stort for å kvalitetssikre mi forståing av dei bakhtinske kjeldene. Takk til Olga Dysthe som tok denne utfordringa, las tekstane mine, kommenterte og leia meg vidare til andre Bakhtin-kjennarar sine tekstar. Utan hennar kvalitetssikring kunne eg ikkje ha brukt dette perspektivet så aktivt som eg har gjort. Takk til forskarnettverket DANASWAC og opponentar i tidsskrifta som har brukt tid på å lese mine artikkelutkast og har gjeve verdifulle tilbakemeldingar.

Takk til flyktningforeldre eg tidlegare har møtt i arbeidet mitt som sosionom, og alt dei har lært meg. Takk til Laki, Mohamed, Bishaaro, Mohamed og Letricia, foreldre i eksil som bur i mitt nabolag. Gjennom vennskapet med dykk har eg fått ei unik innsikt i mange sider ved dagleglivet for foreldre i eksil. Takk for at de har teke meg med i glede og sorg, frustrasjonar og triumfar. Kontakten med dykk har gjort meg sensitiv for tema i materialet mitt som elles lett kunne ha gått under radaren. Ei spesiell takk til Mohamed Abdi Sheikh som har vore ein viktig samtalepartner og hjelper for meg i ulike fasar av prosjektet.

Takk til familie og vener som har støtta meg, vore interesserte og heia meg fram. Takk til Åslaug og Trond som let meg låne eit heilt hus som kontor ein viktig sommarmånad. Takk til Andreas, Mattias og Miriam for at de oppmuntra og var med på gleda over at milepelar vart nådde, og til Miriam og Mattias for hjelp med engelsk språkvask. Jørgen, min kjære kompanjong i foreldreskap gjennom tretti år: Takk for all oppmuntring og bidrag med lesing. Takk for at du har halde ut desse åra eg har arbeidd med avhandlinga - med mine frustrasjonar i arbeidet, og med at eg brukte helgar og feriar til å bli ferdig. Takk aller mest for at vi kan ha det så kjekt når vi har høve til å vere saman.

Sogndal, november 2019,

Kari Bergset

SAMANDRAG

Denne avhandlinga vil utvikle kunnskap om foreldre i eksil sine kvardagspraksisar og meningsskaping om desse. Flyktningforeldre utgjer ein minoritet som er utsette for majoriteten si meining om deira praksisar, og studien rettar difor merksemda mot deira eigen meningsskaping i kontekst. Foreldreskap er ofte tema i flyktningforeldre sine møte med velferdstenestene. Kunnskapen som studien produserer, er såleis relevant for dei profesjonelle i desse tenestene. Med utgangspunkt i eit sosiokulturelt perspektiv blir fylgjande overordna problemstilling undersøkt: *Korleis blir foreldrepraksisar og forandring/utvikling av foreldrepraksisar i vertslandet snakka fram i flyktningforeldre sine forteljingar, og kva meining vert dei gjeve?*

Studien er basert på 27 forteljande intervju med 12 fedrar og 13 mødrer i 16 familiar som i intervjuperioden hadde budd i Noreg i om lag 10 år, og som hadde kome til landet som asylsøkarar, overføringsflyktningar eller familieforeina med desse. Familiane kom frå Afghanistan, Somalia og Irak, og var busette på nordvestlandet. I dei fleste familiane er foreldra intervjuja saman. Intervjua var dels tilbakeskodande på tida som foreldre i Noreg, og dels livsformsintervju med dagen i går som utgangspunkt.

Avhandlinga legg til grunn eit sosiokulturelt perspektiv på foreldreskap, og resultatata av analysane blir presenterte i tre artiklar som reflekterer ei utvikling av teoretisk perspektiv gjennom arbeidet med prosjektet. Analysane som ligg til grunn for artikkel I er inspirerte av posisjoneringsteori, utvikla av mellom andre Davies & Harrè (1991). Analysane som blir presenterte i artikkel II og III legg til grunn ei sosiokulturell tilnærming til meningsskaping, og er inspirerte av Bakhtin sin dialogisme.

Artikkel I tek utgangspunkt i barna i familiane som har tapt skulegang gjennom krig, flukt og midlertidige eksil, og korleis foreldra posisjonerer sin eigen innsats for barna sin skulegang når dei skal ta igjen det tapte i vertslandet. Analysane viser at foreldra posisjonerer seg sjølve som initiativtakarar og pådrivarar av kontakten med skulen, noko som skil seg frå det meste av tidlegare forskning om flyktningforeldre si involvering i barna sin skulegang, der dei ofte blir sett som passive og vanskelege å få tak i. Denne skilnaden blir forstått som eit resultat av metodologiske val som i tidlegare studiar kan ha gjort deler av foreldra sin innsats usynleg.

Undervegs i prosjektet har omgrepsmessige tilbod frå studien blitt meir sentrale. Konteksten for foreldreskap i eksil blir forstått som kulturelt komplekse kontaktsoner der både mangfaldige lokale og transnasjonale impulsar blir tekne i bruk som inspirasjon til foreldrepraksisar. Dei kulturelt komplekse kontaktsonene blir avspegla i foreldra sin tale, som i artikkel II og III er analysert som *fleirstemmig*. Trådar frå fortid og notid, frå den mangfaldige diasporaen og heimlandet, frå lokale og digitale kontaktflater vev seg inn i den meining foreldrepraksisar får i foreldra si tale. I tråd med Bakhtin (2003) si forståing av det fleirstemmige, er både stemmer som støttar kvarandre og stemmer som motseier kvarandre analysert fram i den enkelte av foreldra sin tale. I artikkel II er desse analysane eksemplifisert ved eit mangfald av ulike mors- og fars- stemmer analysert fram i dialogane med *eit* foreldrepar.

Artikkel III ser på forandring og utvikling av foreldrepraksisar som blir fortalt fram i intervju. Akkulturasjon er eit vanleg omgrep for å skildre forandring etter migrasjon, forstått som tilpassing til det nye landet. Analysane av forandringsforteljingane i denne studien ber meir preg av at foreldra tilpassar seg *globale, kulturelt komplekse kontaktsoner*. Kjelder for endring og utvikling av praksisar er henta både lokalt og transnasjonalt. Dikotomiske forståingar av motsetningar mellom oppsedingsverdiar i vesten og «resten» blir overskridne i analysane. På bakgrunn av dette blir endring og utvikling analysert som *verdiformingsprosessar* (Bachtin 2003) framfor som akkulturasjon. Framande praksisar og forståingar blir testa ut, kjempa imot, selektivt tileigna og fletta saman med forståingar ein allereie har, i ein prosess som ikkje tek slutt, og som undervegs produserer forandring analysert som *innovasjon* av foreldrepraksisar. I denne prosessen inngår foreldra sine observasjonar av andre foreldre og profesjonelle sine praksisar med barn som ei sentral kjelde for forandringane. At foreldra er busette i små lokalsamfunn med nær kontakt til majoritetsfamiliar, blir forstått som forsterkande på dette fenomenet.

Avhandlinga sitt kunnskapstilbod til sosialt arbeid og sosialpolitikk omfattar både tilstandsbilete og forståingsmåtar. Dei bakhtinske omgrepa som er nytta, er lite kjende i sosialt arbeid og migrasjonsforskning, og kan såleis vere nye forståingstilbod til begge felt.

ABSTRACT

This dissertation develops knowledge about parents-in-exile's everyday practices and their meaning-making of those. Refugee parents are a minority who are often exposed to the majority's opinions on their practices, and, therefore, this study calls for attention to their own meaning-making in context. Parenting is often an issue in refugee parents' encounters with welfare services. Consequently, knowledge production from this study is relevant to welfare service providers. Based on a sociocultural perspective, the following overriding research question is explored: *How are parental practices and the evolvement of parental practices in the host country narrated in refugee parents' narratives, and which meanings are they given?*

The study's material includes 27 narrative based interviews of 12 fathers and 13 mothers from 16 families, who, at the time of the interview, had been living in Norway for approximately 10 years. They all arrived in Norway as asylum seekers, quota refugees, or as family reunified spouses. The families came from Afghanistan, Somalia and Iraq, and were settled by immigration authorities in the north of Western Norway. Life mode interviews focusing on everyday occurrences were conducted. The interviews also explored events from the time of their arrival in Norway up until the day of the interview.

The dissertation assumes a sociocultural perspective on parenting, and the results of the analyses are presented in three articles that reflect an evolvement in theoretical perspective during the process of the study. Article I is based on analyses inspired by positioning theory, developed by Davies & Harre (1991). The analyses presented in articles II and III are based on a sociocultural approach to meaning making, and are inspired by Bakhtin's dialogicallity. Article I focuses on children who missed out on education during wars, flight and temporary exiles, and how the parents position their own contributions to their children's schooling when they need to catch up after resettlement. The analyses show that the parents position themselves as initiators and drivers of collaboration with the school. This differs from a majority of earlier researches on refugee parents' involvement in their children's schooling, where the parents are often seen as passive and difficult to get hold of. This contrast is understood to be a result of methodological choices in former studies that might have made parts of the parents' contribution invisible.

In the course of the process, conceptual aspects of the study have become more central. The context of parenting in exile is understood as cultural complex contact zones where both divertive local and transnational impulses are used as inspiration for parental practices. The cultural complex contact zones are mirrored in the parents' speech, which, in articles II and III, are analysed as *multivoiced*. Threads from the past and present, from the divertive diaspora and the home country, and from local and digital contact arenas weave into the parents' speech. In line with Bakhtin's (1981) understanding of multivoicedness, the analyses made visible both contradicting and supporting voices in each single parent's speech. In article II, the dialogues with one particular couple exemplify these analyses. A diversity of mother voices and father voices is made visible in their speech.

Article III looks at change and evolvement in parental practices narrated in the interviews. Acculturation is a common concept of change after migration, understood as adapting to the new country. Analyses of the narratives of change in this study hold, instead, a character of adapting to global cultural complex contact zones. Inspiration for change and evolvement of practices are derived from both local and transnational sources. Dichotomic understanding of contradictions between child raising values in the West and "the rest" are transcended in the analyses. Based on this, change and evolvement are analysed as *ideological becoming* (Bakhtin, 1981) rather than as acculturation. Alien practices and understandings are tested out, selectively assimilated and intertwined with familiar understandings in a never ending process, which produces evolvement seen as innovation of parental practices. As a part of this process, observations of other parents' and professionals' practices with children are central sources for inspiration to change. The fact that all the informants live in small local societies with access to contact with majority families, is seen as a strengthening factor of this phenomenon.

The dissertation provides both empirical and conceptual knowledge to social work and social policy. The Bakhtinian concepts employed are seldom used in social work and migration research; thus, they can serve as conceptual contributions to both fields and in exploring other phenomena.

INNHALD

1	INNLEIING	5
1.1	Ein utforskande studie i eit politisk brennbart felt	7
1.2	Korleis omgrep frå migrasjonsfeltet er brukt i avhandlinga	8
1.3	Forskingsspørsmål.....	12
1.4	Noreg som utvandrings- innvandrings- og eksilland	13
1.4.1	Ut- og innvandring	13
1.4.2	Noreg som eksilland	14
1.4.3	Flyktningsbusetjing i ikkje-urbane kontekstar	15
1.5	Internasjonale tidsbilete for liv i eksil 2012 til 2019.....	17
1.5.1	Krigane og konfliktane i informantane sine heimland	17
1.5.2	Frå Dublinavtale via europeisk krise til «Festning Europa»	19
1.5.3	Postkolonial teori – omgrep for å forstå den retoriske konteksten for foreldreskap i eksil 2012 til 2019	20
2	EMPIRISKE OG KONSEPTUELLE TILBOD FRÅ STUDIAR AV FORELDRESKAP GENERELT OG STUDIAR AV FORELDRESKAP ETTER MIGRASJON SPESIELT	23
2.1	Foreldrepraksisar og meningsskaping.....	23
2.2	Foreldreskap i eksil, etter migrasjon og som etnisk minoritet	24
2.2.1	Forsking om flyktningsforeldre: Vekt på traume og andre mentale fylgje av krig og flukt	25
2.2.2	Forsking om innvandrarforeldre: Vekt på kulturskilnader	25
2.2.3	Forsking om etniske minoritetar	27
2.2.4	Plassering av min studie i migrasjonsfeltet	28
2.3	Konseptualisering av endring etter migrasjon.....	28
3	TEORETISK RAMME OG UTVALDE OMGREP I STUDIEN	31
3.1	Sosiokulturell teoritradisjon	32
3.1.1	Foreldrepraksisar som sosialt, kulturelt og historisk situerte	32
3.1.2	Praksis og meningsskaping	36
3.1.3	Bruner si tilnærming til meningsskaping	37

3.1.4	Dialogisme: Bakhtin si tilnærming til meningsskapning	38
3.2	Posisjoneringsteori – analyseverktøy lånt frå diskursteorien	49
3.3	Forholdet mellom posisjoneringsteori og dialogisme	50
4	METODOLOGI	53
4.1	Val av metode for produksjon av data	53
4.2	Utvalet	53
4.2.1	Refleksjonar over mi kategorisering av utvalet	53
4.2.2	Ulike val som gjeld utvalet av informantar til studien	54
4.2.3	Tilgang på og rekruttering av informantar	55
4.2.4	Familiane som deltok	57
4.3	Intervjua	59
4.3.1	Å intervjuje par saman	60
4.3.2	Språkvanskar i intervjua og spørsmålet om tolk	61
4.3.3	Intervjusituasjon og improvisasjon	62
4.3.4	Opplevd familieliv som fortolkingsramme	63
4.4	Transkribering	65
4.5	Analysearbeidet	65
4.5.1	Fortolkande metode	66
4.5.2	Artikkel I og analyse inspirert av posisjoneringsteori	68
4.5.3	Artikkel II og III og analyse inspirert av dialogismen	68
4.6	Forskaren sin posisjon	73
4.7	Etiske omsyn og refleksjonar	75
4.7.1	Etiske omsyn som gjeld samtykke og intervju	75
4.7.2	Ivaretaking av personvern gjennom forskingsprosessen	76
4.7.3	Etisk ansvar i skriftleg og munnleg presentasjon av studien	77
4.8	Vurdering av kvalitet i studien	78
5	RESULTAT	81
5.1	School involvement: Refugee Parents' Narrated Contribution to their Children's Education while Resettled in Norway	81
5.2	Parenting in exile: Refugee parents' multivoiced narratives	83
5.3	Parenting in exile: narratives of how parenting practices evolve in transnational contact zones	84

5.4	Planlagde analysar frå studien.....	86
6	DISKUSJON OG AVSLUTNING	87
6.1	Kva blir synleg ved å analysere materialet som fleirstemmig tale?.....	87
6.2	Forandring av foreldrepraksisar i eksil.....	89
6.2.1	Mangfaldige og transnasjonale kjelder til forandring	89
6.2.2	Krafta i observerte praksisar og foreldra sin driv til forandring	89
6.2.3	Korleis forstå krafta i observerte praksisar?	90
6.2.4	Kan omgrepet <i>verdiforming</i> gje eit utvida blick på utvikling og endring i eksil?	93
6.3	Kvardagslivsfokus og omgrep som synleggjer innovasjon.....	95
6.4	Kva har migrasjonsforskning i distrikta gjort synleg?	96
6.5	Implikasjonar for praksis i sosialt arbeid	97
6.5.1	Allianse med foreldra sin <i>eigen driv</i> til forandring	98
6.5.2	Allianse med <i>impulsar</i> foreldra hentar frå transnasjonale kjelder, som samsvarar med barnevernsarbeidaren si forståing av gode foreldrepraksisar	99
6.5.3	Allianse med <i>stemmer</i> i foreldra sin fleirstemmige tale som samsvarar med barnevernsarbeidaren si forståing av gode foreldrepraksisar	99
6.6	Implikasjonar for sosialpolitikk	100
6.7	Studien sin relevans ut over gruppa som er studert.....	101
6.8	Implikasjonar for vidare forskning.....	102
6.8.1	Migrasjonsforskning	102
6.8.2	Meiningsskaping i minoritetsgrupper av ulikt slag	104
6.8.3	Forsking som gjeld alle foreldreskap	104
7	LITTERATUR	106

Liste over vedlegg

Vedlegg 1: Tilbakemelding på melding om handsaming av personopplysningar

Vedlegg 2: Tilbakemelding om endring i forskingsprosjekt

Vedlegg 3: Informasjonsskriv norsk

Vedlegg 4: Informasjonsskriv arabisk

Vedlegg 5: Informasjonsskriv sorani (kurdisk)

Vedlegg 6: Informasjonsskriv dari (Afghanistan)

Vedlegg 7: Informasjonsskriv somali

Vedlegg 8: Samtykke til lydopptak

Vedlegg 9: Temaguide til intervju

Artiklar

Artikkel I

Bergset, K. (2017). School Involvement: Refugee Parents' Narrated Contribution to their Children's Education while Resettled in Norway. *Outlines. Critical Practice Studies*, 18(1), 61-80. <https://tidsskrift.dk/outlines/article/view/26262>

Artikkel II

Bergset, K., & Ulvik, O. S. (2019). Parenting in exile: Refugee parents' multivoiced narratives. *International Social Work*. First Published March 13, 2019
<https://doi.org/10.1177/0020872819825778>

Artikkel III

Bergset, K.(). Parenting in exile: Narratives of how parenting practices evolve in transnational contact zones

Status: Under 2. review (minor revision), *Theory & Psychology*

1 Innleiing

Talet på flyktningar i verda er det største sidan andre verdskrigen, og siste åra har det blitt større år for år (FN-sambandet, 2018). FN sine tal frå juni 2018 viser at 68,5 millionar menneske er fordrivne frå heimane sine. Av dei som har kryssa landegrensar (28,5 mill.) er halvparten barn. Ut frå desse tala vil det vere stor trong for å skaffe fram kunnskap om å vere foreldre og flyktning – om å gje utviklingsstøtte til born i eksil og om å skape eit familieliv i eit vertsland¹. I Noreg vart 31 271 flyktningar busette i norske kommunar frå 2016-2018 (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, u.å.). I vårt land er sosialarbeidarar involverte i mottak og integrering av flyktningfamiliar, og møter familiare i barnevernet, på NAV-kontor og i andre velferdstenester. Det norske barnevernet sitt møte med flyktningfamiliar og andre etniske minoritetsfamiliar har vore særleg sterkt framme siste åra. Dette viser seg i samfunnsdebattar, og er adressert i forskningstilbod (Fylkesnes 2018; Fylkesnes, Iversen, Bjørknes & Nygren, 2015; Norman, 2016). Sosialpolitiske ordningar og vedtak vil påverke flyktningfamiliar sine liv i sterk grad dei første åra deia i Noreg. Kunnskap om foreldreskap i eksil er såleis svært viktig for sosialt arbeid og sosialpolitikk.

Korleis skaffe fram kunnskap om foreldreskap i eksil som er relevant for sosialt arbeid og sosialpolitikk? Dette er ein studie av flyktningforeldre sine *praksisar* og *meningsskapinga* om desse, dei meningsskapande og meningsbrukande prosessane som skjer i det samanvevde forholdet mellom menneske og kultur. I desse prosessane er mennesket både «creatures of history» og «autonomous agents» (Bruner, 1990, s.110). Bruner påpeikar at ein finn både stabilitet og rørsle i kulturelle fellesskap så vel som i enkeltmenneske si kulturelle utvikling (s.110). Som bidrag til kunnskapsutvikling i sosialt arbeid, ser eg spesielt tre grunnar til å utforske flyktningforeldre si meningsskaping vedkomande deira eigne foreldreskap.

For det første er sosialt arbeid eit av dei faga der naturaliserte, universelle, kontekstuavhengige diskursar² om barndom og foreldreskap er utbreidde, noko mellom

¹ Å bruke termen *flyktning* om menneske som er busette i eit land som blir rekna for trygt, er omstridt. Det same gjeld termen *vertsland*, som kan gje inntrykk av at opphald i landet er midlertidig. For diskusjon av desse to termene, sjå til dømes Marlowe (2018, s.2-4). Eg har til liks med Marlowe valt desse to termene av praktiske grunnar.

² *Diskurs* er i denne avhandlinga ikkje brukt som eit analytisk omgrep, men om felles kulturelle førestillingar i eit samfunn eller ei gruppe.

andre Hollekim, Andersen og Daniel (2016) viser. Som Rogoff (2003), Hundeide (2003) og (Ulvik, 2007) påpeikar, gjeld dette diskursar om kva behov barn i ulike aldrar har, i kva grad foreldre skal dekke desse behova, og på kva måte det skal skje. I denne studien legg eg til grunn eit sosiokulturelt perspektiv, noko som utfordrar eit slikt naturalisert syn.

Meiningsskaping om foreldreskap skjer ut frå ein ståstad som mellom anna er avhengig av historisk epoke, kultur, etnisitet, kjønn, klasse, samfunnstilhøve og andre materielle tilhøve som til dømes krig eller fred. I eksilet lever foreldrepraksisar og den meining foreldre gjev praksisane i kontakt med mangfaldige ståstader som er påverka av alle desse elementa³.

Difor ser eg eksilet som ein eigna kontekst for å utforske meining som kan utfordre eit naturalisert, universelt syn på foreldreskap. Meiningsutforsking av foreldreskap i eksilet kan gje viktige bidrag til sosialt arbeid generelt når det kjem til kontekstualisering av foreldreskap, og utfordre eit naturalisert syn på kva foreldreskap er og bør vere.

For det andre består sosialt arbeid sitt kunnskapsgrunnlag også av forskingsbidrag der *flyktningsforeldre sin spesifikke situasjon* er utforska på ulikt vis. Ein hovudtendens når kategorien flyktningsforeldre er ramme for utvalet, er at foreldra blir posisjonerte som sårbare, og det blir vektlagt kva konsekvensar traume og andre mentale konsekvensar av krig og flukt får for foreldreskapet (Pham, Lyness, Byno & Jordan, 2016; Stewart et al., 2015; Tingvold, 2012; Van Ee, Kleber, Jongmans, Mooren & Out, 2016; Williams, 2010, 2011). Eg utdjupar dette meir i kapittel to. Utforsking av meininga som foreldre i eksil gjev sin eigen situasjon og eventuelle utfordringar, kan opne for eit breiare bilde av både flyktnings spesifikke utfordringar og av ressursar til å handtere desse.

Så til den tredje grunnen. I tillegg til å bli kategorisert som flyktningar, høyrer familiar i eksil til kategoriar av familiar som i vår samtid er spesielt utsette for den meining majoriteten skaper om deira foreldreskap og foreldrepraksisar, både i Noreg og andre europeiske land (Hollekim, Anderssen & Daniel, 2016; Keskinen, 2011; Yılmaz, 2006). Gruppene som er utsette for dette, vil eg for å forenkla kalle «ikkje-vestlige»⁴.

Majoritetsdiskursar om desse gruppene sine foreldreskap er sterkt framme i samfunnsdebattar. Difor blir den meining som desse foreldra sjølve gjev foreldreskapet sitt

³ Dette blir utdjupa nedanfor om kulturelt komplekse kontaktsoner.

⁴ Statistisk sentralbyrå har gått vekk frå dette uttrykket (Statistisk sentralbyrå, 2008), og brukar i dag uttrykket 'Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, og Europa utanom EU28/EØS', noko som blir upraktisk i ein tekst som dette.

viktig å løfte fram som nyansar. Denne studien søker å bidra til dette. Sosialarbeidarar blir også påverka av majoritetsdiskursar om brukarar sine praksisar. Kommunikasjonen sosialarbeidarar har med foreldre i eksil har ofte foreldreskap som tema. Å utvikle kunnskap som bygger på den meining eksilforeldre gjev sine egne foreldreskap og foreldrepraksisar vil vere eit viktig bidrag til sosialt arbeid sitt kunnskapsgrunnlag *også* som nyansering av samfunnsdiskursar.

På bakgrunn av det ovanståande er intervju med flyktningforeldre valt som materiale for denne studien. Foreldra er frå Afghanistan, Irak og Somalia, og hadde budd i Noreg i 6-12 år då dei vart intervjuet. Alle budde i dei to fylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal⁵.

1.1 Ein utforskande studie i eit politisk brennbart felt

Migrasjonsfeltet er i dag politisk og normativt brennbart⁶. Andersson (2018) har utforska korleis dette påverkar forskarar i feltet. Ho skildrar mellom anna prosessar der kunnskapsbaserte studiar som gjeld muslimar i Noreg, fell temamessig saman med samfunnsdebattar der det politiske og normative har forrang (s.33). I slike situasjonar blir forskingstilbod lett tolka inn i ein normativ debatt, og det vitskapelege kan bli trekt i tvil. Friberg (2019) kommenterer dette, og sjølv om han ikkje kjenner seg igjen i heile Andersson sitt bilete, stadfestar han at «politisk betente forskningsfelt er som magnetiske felt; forskere og forskningsresultater blir assosiert med ytterpolene og polarisert i tråd med den allmenne samfunnsdebatten på feltet» (s.4).

På bakgrunn av dette kan eit forskingsprosjekt om foreldreskap i eksil fortone seg som å «stikke handa inn i eit kvefsebol». På den andre sida er det viktigare enn nokon gong å skaffe fram kunnskap om kvardagspraksisar, nyanserte skildringar og kunnskap om variasjon. Kvardagslivsforsking kan vere eit viktig tilbod når konteksten er prega av dikotomisert retorikk. Dette politisk betente feltet påverkar nokre val og prioriteringar eg har gjort. Når retorikk blir våpen i skyttargravene, blir termane og omgrepa ein brukar til å forstå menneske og fenomen med, særleg viktige både i daglegtalen og i forskinga. Difor er *forståingstilboda* som kjem ut av denne avhandlinga prioriterte høgt. Det høyrer til sosialt

⁵ Utfyllande opplysningar om utvalet blir gjevne i kapittel fire.

⁶ Den internasjonale konteksten for retorikken i migrasjonsfeltet blir utdjupa i 1.8.2.

arbeid sitt ethos⁷ å unngå diskriminerande praksisar. Denne studien søker såleis å bidra med nyansert kunnskap som kan medverke til dette, motverke utanforskap, og forbetre integreringspolitikken. Eit anna val er at *transparens* blir ekstra viktig for å førebygge tvil om det vitskapelege i studien. Andersson (2018, s.81) peikar på to forskardilemma i migrasjonsforking: Objektivitet versus normativitet og ekspert versus borgar. I tråd med min studie sitt kunnskapssyn⁸ reknar eg ikkje objektivitet som mogeleg, men eg vil søkje å gjere forskaren sin posisjon transparent. I kapittel fire gjer eg greie for min posisjon (4.6). Der kjem det også fram at som forskar i dette prosjektet er min ekspertposisjon informert av min borgarposisjon, som medborgar til mellom andre flyktningfamiliar i mitt lokalsamfunn.

1.2 Korleis omgrep frå migrasjonsfeltet er brukt i avhandlinga

Omgrepa i migrasjonsfeltet har ofte både kvardagslege og vitskapelege tydingar (Andersson, 2018). I tillegg kan dei ha ulik tyding knytt til ulik ståstad i det politisk brennbare feltet. Eg vil no gjere greie for korleis ein del av desse omgrepa er brukt i avhandlinga. Eg vil også presentere kva tradisjonar eg knyter nokre av dei til. Eg tek for meg *foreldre i eksil, det kulturelle, migrasjon og kultur, kontaktzone, etnisitet og transnasjonalitet*.

I avhandlinga brukar eg termen *foreldre i eksil* om alle som har kome til vertslandet som asylsøkarar eller kvoteflyktningar eller som er familiegjennforeina med desse, og som har barn i vertslandet. Eg inkluderer både flyktningstatus og opphaldsløyve på humanitært grunnlag i denne termen. FN sin flyktningdefinisjon fylgjer flyktningkonvensjonen frå 1951, men frå 2007 er menneske i ein «flyktningliknande situasjon» inkludert i tala og definisjonen som FN brukar (United Nations High Commissioner for Refugees, 2015). Bakgrunnen for dette er at menneske sine grunnar til å søke vern i dag i stor grad inkluderer krigar og konflikhtar i tillegg til individuell forfylgning, som flyktningkonvensjonen av 1951 var mest retta mot. *Foreldreskap* blir i avhandlinga brukt om å skape tilhøve som gjer at menneske som veks opp kan utvikle seg. Som eg utdjuvar i kapittel tre, er det globalt stor variasjon i kven som deltek i omsorg for barn. I mange samanhengar er fleire enn mor og far omsorgsgjevarar. Mange av informantane i denne studien har erfaring frå eit mykje større fellesskap rundt barneomsorg enn dei erfarer å ha i Noreg. Når eg likevel brukar termen

⁷ Jamfør FO sitt yrkesetiske dokument (FO, 2015)

⁸ Kunnskapssynet gjer eg greie for i kapittel tre.

foreldreskap i denne avhandlingen, er det knytt til reglane for familieinnvandring som blir nytta i Noreg. Som eit resultat av desse, blir omsorgsgjevarar i familiar i eksil i Noreg oftast avgrensa til mor, far og søsken, dersom ein ikkje er så heldige å bu nær fleire i storfamilien som har fått opphaldsløyve for sin eigen del.

I denne studien legg eg til grunn ei ikkje-essensiell forståing av *det kulturelle*, slik den sosiokulturelle utviklingspsykologien legg dette fram. Sosiokulturell tilnærming som overordna perspektiv bidreg til å sjå den komplekse konteksten foreldreskap utspelar seg i. Dette er eit godt alternativ til å sjå ein-sidedig på kultur. Rogoff (2003) legg vekt på det performative ved deltaking i kulturelle fellesskap, der deltaking skaper utvikling: «Humans develop through their changing participation in the socio-cultural activities of their communities, which also change» (s.11). Ved å legge vekt på det performative i *deltaking* og *praksisar*, unngår ein å snakke om kultur som noko mennesket *er* eller *har*. I denne samanheng definerer Rogoff (2003) kulturelle fellesskap som «groups of people who have some common and continuing organization, values, understanding, history and practices» (s.80), og medlemmene treng ikkje bu nær kvarandre.

Som tilnærming til *migrasjon og kultur* har Hermans og Kempen (1998) vore ei sentral inspirasjonskjelde i studien. Forfatarane utfordrar fleire utbreidde måtar å tenke på i migrasjonsfeltet. Den kulturelle dikotomien «The West versus the rest» (s.1111) blir problematisert. Hermans og Kempen peikar på at kategoriane *individualistisk* og *kollektivistisk* har hatt særleg stor plass i skillet mellom vestleg og ikkje-vestleg kultur. Forfatarane argumenterer for at det blir mindre og mindre nyttig å oppfatte kulturar som uavhengige og stabile, på grunn av transnasjonale⁹ levemåtar og nye kommunikasjonsteknologiar. Ein kan ikkje sjå kultur som geografisk lokalisert i same grad som før. Eksisterande kulturelle praksisar blir kombinerte, nye og komplekse former blir skapt, og det skjer hybridisering. Ein bør sjå på det globale slik det viser seg lokalt.

Eg har hatt spesiell nytte av Hermans og Kempen si problematisering av kultur som geografisk lokalisert. Forsking som nyttar seg av kulturelle dikotomiar, slik som samanlikningar mellom Vesten og «resten», tek utgangspunkt i geografiske einingar. Hermans og Kempen foreslår ei *deteritorialisering* av kultur. Ideen om kultur blir

⁹ Sjå utlegging om omgrepet nedanfor

desentraliserert: Skaping og markering av identitetar skjer i kontaktsonene, langs grensene mellom nasjonar, menneske og stader. Ved å tenkje i *kontaktsoner*¹⁰, er det meir plass til kommunikasjonsformer som overskrid grenser mellom mange grupper samtidig, eller i Rogoff (2003) sin språkbruk: der menneske deltek i mange kulturelle fellesskap. Ideen om deterritorialisering av kultur er meiningsfull når foreldreskap i eksil skal studerast. Mitt datamateriale tyder på at foreldra forsyner seg transnasjonalt av inspirasjon til foreldreskapet. Dei er alle del av ein diaspora¹¹, med familie og nettverk i mange ulike land i tillegg til heimlandet. Digitale ressursar som nettaviser og TV- kanalar er tilgjengelege på dei ulike språka dei meistrar. Skype og andre gratis kommunikasjonskanalar lettar kontakten med resten av diasporaen. Fleire beskriv at det lokale nettverket deira i Noreg har opphav i mange ulike land.

Omgrepet *kontaktzone* slik Hermans og Kempen brukar det, har eg funne spesielt skildrande for kontekstane der foreldrepraksisar i eksil utspelar seg. Ifylgje forfattarane er det nyttig å tenkje på kontaktsoner som *kulturelt komplekse* – «run across the boundaries of many groups and cultures simultaneously», og som *transnasjonale*, som kan vere «without any bodily, localized contact» (s.1117). Når eg brukar *kontaktzone*- uttrykket, inkluderer eg såleis både dei *transnasjonale* impulsane og dei kulturelt komplekse *lokale* impulsane i kontaktsonene der foreldreskap i eksil utspelar seg. Inspirert av Rogoff (2003) likar eg betre å bruke kulturelt/kulturelle som adjektiv enn å bruke substantivet kultur. Substantivet *kultur* gjev lettare essensialistiske assosiasjonar. Eg vidareutviklar Hermans og Kempen sitt uttrykk til *kulturelt komplekse kontaktsoner* eller *transnasjonale kontaktsoner*.

Omgrepet *etnisitet* nyttar eg i tråd med Barth (1969) si utvikling av omgrepet, som den sosiale organiseringa av kulturskilnader. Det ei etnisk gruppe har felles, kan vere mellom anna hudfarge, religion, språk eller geografisk opphav. Dette som er felles, blir rekna av gruppa innbyrdes som noko eksklusivt og opphaveleg. Medvitet om dette opphavelege blir skapt eller skjerpa i og med ei etnisk gruppe si kontakt med andre etniske grupper. I samband med migrasjon blir etnisitet ofte gjort relevant, både av dei som migrerer og innbyggjarar i mottakslandet. Fleire av informantane brukte omgrepet flittig, til dømes om

¹⁰ Omgrepet 'kontaktsoner' er lånt frå Bakhtin (2003, s.170)

¹¹ Diaspora: Uttrykket blir her brukt om fordrevne/forflytta grupper av menneske som buset seg i ulike deler av verda, vanlegvis som resultat av krig og konflikt (Bhatia, 2002, s. 59).

etnisk norske. Eg brukar ikkje omgrepet «etnisitet» i studien som teoretisk eller analytisk omgrep, men det er ofte praktisk å bruke for å skilje til dømes mellom opplevd opphav og nasjonalitet. Eg brukar det om «etniske minoritetar» for å klargjere kva minoritet eg skriv om. Vidare brukar eg uttrykket «etnisk norske», mellom anna fordi fleire av informantane brukar dette. På denne måten kan ein skilje mellom til dømes etniske afghanarar og etnisk norske som begge høyrer til gruppa norske statsborgarar, når dette er praktisk. Eg brukar det også om «etnisk gruppe» når dette ikkje er samanfallande med nasjonalitet. Til dømes omtaler fleire informantar seg sjølve som kurdarar (etnisk gruppe) og ikkje som irakarar.

Dei siste åra har *transnasjonalitet* vore eit sentralt omgrep i migrasjonsforskning. Dette er også eit aktuelt omgrep med tanke på dei kulturelt komplekse kontaktsonene der familiene i denne studien lever liva sine. Omgrepet er definert slik av forskarane som først brukte det i migrasjonsstudiar: «the processes by which immigrants forge and sustain multi-stranded social relations that link together their societies of origin and settlement (Schiller, Basch & Blanc, 1995, s. 48). Levitt og Schiller (2004) utvikla omgrepet vidare til «transnational social fields» som eit uttrykk for migrantar sine kontakter i meir enn to nasjonar. Som Hermans og Kempen (1998) søkjer dei med dette ein meir dynamisk optikk, som

... makes clear that incorporation in a new state and enduring transnational attachments are not binary opposites. (...) Movement and attachment is not linear or sequential but capable of rotating back and forth and changing direction over time. The median point on this gauge is not full incorporation but rather simultaneity of connection. (Levitt & Schiller, 2004, s. 1011)

Levitt & Schiller ser at forskning har ei utfordring med å «explain the variation in the way that migrants manage that pivot and how host country incorporation and homeland or other transnational ties mutually influence each other» (s.1011). I migrasjonsfeltet blir transnasjonalitet brukt om ulik form for fysisk flytting over nasjonale grenser, mellom anna om fram- og tilbakeflytting over landegrenser (m a Carling & Erdal, 2014), og om situasjonar der foreldre bur i eit land og borna i eit anna (m a Heath, Mcghee & Trevena, 2011; Phoenix & Seu 2013). Det blir også brukt om ulike former for økonomisk støtte over landegrenser (Erdal, 2012). Min studie plasserer seg i denne transnasjonale kompleksiteten sitt interessefelt utan å legge vekt på at *menneske* flyttar seg fram og tilbake. Eg utforskar spesifikt måten foreldra *forsyner seg transnasjonalt av impulsar* til sine foreldreskap.

1.3 Forskingsspørsmål

Då eg gjekk inn i prosjektet, var forskingsinteressa nær knytt til foreldra sin kontakt med velferdssamfunnet sine profesjonelle. I møtet med empirien såg eg at dei profesjonelle i vertslandet si rolle var mindre tydeleg i forteljingane enn eg hadde venta. Foreldra fortalde om forandring i foreldreskapet etter migrasjonen, men informantane si forståing av forandringane sine kjelder var mykje meir mangfaldig enn eg hadde klart å førestille meg før prosjektet starta. Slike endringar i forskingsspørsmål er kjende fenomen i kvalitativ forskning. Willig (2013, s.27) argumenterer for at eit av resultata i kvalitativ forskning er å forstå betre kva som ville vere eit godt forskingsspørsmål i starten. I vekselverknaden mellom empiri, teori og analyse har dette overordna forskingsspørsmålet vakse fram:

Korleis blir foreldrepraksisar og forandring av foreldrepraksisar i vertslandet snakka fram i flyktningforeldre sine forteljingar, og kva meining vert dei gjeve?

Dei tre artiklane utforskar ulike sider ved den overordna problemstillinga, og dei har kvar sine problemstillingar som blir presenterte i kapittel fem. *Forandring*¹² blir utforska i artikkel III, og eg vil her trekke fram nokre grunnar til å undersøke korleis forandring i foreldreskapet etter migrasjon blir gjeve meining i forteljingane. Først og fremst er alle foreldreskap i forandring fordi familiar er i rørsle (Gulbrandsen, 2008; Sundnes & Andenæs, 2014). Vidare er forandring som fylgje av migrasjon eit etablert tema i migrasjonsforskinga, slik eg skildrar i kapittel to og tre om omgrepet akkulturasjon. Flyktningforeldre si meiningsskaping om dette blir såleis særleg interessant. Endeleg er majoritetssamfunnet sine krav til at minoritetsforeldre skal forandre sine praksisar framtrekande (Fylkesnes, 2018; Hollekim et al., 2016; Keskinen, 2011; Križ & Skivenes, 2010), noko som gjer foreldra si eiga forståing av dette særleg viktig å utforske.

Avhandlinga består av denne kappeteksten og tre artiklar. Kappa er delt i seks kapittel. Det første består av introduksjonen så langt, og ei skildring av den nasjonale og internasjonale konteksten for foreldreskap i eksil. I kapittel to presenterer eg dei kunnskapsfelte studien plasserer seg i: Foreldreskap og meiningsskaping generelt (1) og migrasjonsforsking om foreldreskap (2). Vidare plasserer eg studien i høve konseptualisering av endring etter migrasjon. Eg har lese kunnskapstilboda i kapittel to med vekt på det konseptuelle. Difor er

¹² I kappa blir forandring og endring brukt synonymt.

det noko tematisk overlapp og mellom kapittel to og tre. Kapittel tre presenterer teorigrunnlag for avhandlinga og analytiske omgrep som er nytta. Her presenterer eg kunnskapssynet i studien, og korleis eg nyttar teorigrunnlaget sine tilbod både til konseptualisering av gjenstandsområdet foreldreskap og til analytisk blick på materialet. Dei analytiske omgrepa eg har brukt blir presenterte her, og tilhøvet mellom teoritradisjonane drøfta. I kapittel fire viser eg korleis dette teorigrunnlaget er nytta metodisk i konkret arbeid og konkrete, grunngevrne val. I tillegg blir etiske omsyn og studien sin kvalitet drøfta her. Kapittel fem presenterer kort dei tre artiklane, og planar for framtidige analysar av materialet. I kapittel seks oppsummerer eg kunnskapstilboda frå studien og diskuterer implikasjonar for praksis og vidare forskning. Dei tre artiklane i fulltekst fylgjer etter dette.

1.4 Noreg som utvandrings- innvandrings- og eksilland

Grunnar til internasjonal migrasjon kan hovudsakeleg delast inn i fire grunnar: Arbeid, studiar, trong for å søke vern som flyktning eller asylsøkar, og migrasjon for å vere saman med familiemedlemmer (Brochmann, 2011, s.161). I det fylgjande vil eg kort trekke opp nokre linjer for Noreg som utvandringsland, som innvandringsland for alle desse migrasjonsgrunnane, og så sjå på Noreg som eksilland.

1.4.1 Ut- og innvandring

Fram til 1960 var Noreg eit utvandringsland. Frå 1825 til 1930 utvandra fleire menneske frå Noreg til USA enn vi har innvandraran i Noreg i dag. Dei norskfødde migrantane til Amerika utgjorde i denne perioden 858 260 menneske (Østrem, 2006, s.34), medan innvandraran i Noreg utgjorde 765 108 menneske i mars 2019 (Statistisk sentralbyrå, 2019). Første året med nettoinnvandring til Noreg var 1961, men innvandringsoverskotet tok seg først opp frå 1971 og utover, og hang mellom anna saman med stor trong for arbeidskraft i Noreg. Midlertidig innvandringsstopp vart innført i 1975 har blitt forlenga fleire gonger, og er i dag ein del av utlendingslova av 2008. Unnateke frå innvandringsstoppen var nordiske borgaran, ekspertar, studentar, flyktningar, asylsøkarar og familieinnvandra. Desse unntaksgruppene utgjorde innvandringa fram til Noreg si EØS-avtale i 1994. EØS-avtalen fekk først merkbar verknad på dette området då høgkonjunktur igjen førte Noreg inn i arbeidskraftsbehov ved slutten av 1990-talet. Utviding av EU mot aust i 2004 og 2007 bidrog til å forsyne landet med arbeidskraft (Brochmann, 2011). Dei to fylka der min studie er gjort, hadde saman med resten av Vestlandet særleg bruk for denne arbeidskrafta (Båtevik

et al., 2017). Sidan 2012 har nettoinnvandringa gått raskt nedover, noko som mellom anna har samanheng med at utvandringa har teke seg opp igjen (Statistisk sentralbyrå, 2019).

1.4.2 Noreg som eksilland

Behovet for internasjonalt vern når ein person sitt heimland ikkje kan eller vil gje dette vernet, er definert frå FN si side i flyktningkonvensjonen av 1951 (FN- sambandet, 2018). Det er to vegar til å få opphaldsløyve i eit anna land som fylgje av krig og forfølgning: Som overføringsflyktning og som asylsøkar. Overførings- (kvote-) flyktningar blir registrerte hos United Nations High Commissioner for Refugees (UNHCR), og blir overført til eit tredje land fordi ein ikkje kan finne varig løysing for dei i landet dei oppheld seg i (Utlendingsdirektoratet, 2019a). Dei kjem til vertslandet med opphaldsløyvet klart. Asylsøkarar tek seg til grensa og søker om vern der. Dei som er informantar i denne studien, har kome til Noreg på ein av desse måtane, eller som familiegjenforeinte med ektefelle som hadde kome til landet på desse grunnlaga. Overføringsflyktningar og familiegjenforeinte kjem rett til kommunen der dei skal bu, medan asylsøkarar ventar i eit asylmottak i Noreg på at søknaden om vern skal bli ferdig behandla, før prosessen kan starte med å bli busett i ei norsk kommune. Dei som får bli, kan anten få flyktningstatus eller vedtak om opphald på humanitært grunnlag. Frå den perioden informantane i studien kom til Noreg (minst ein av foreldra kom 2001-2007) og fram til i dag har ordningane for å kome til Noreg som flyktning vore slik eg no har skissert.

Når det gjeld ordningane for mottak og integrering av flyktningar i norske kommunar, har nokre av desse blitt endra i perioden. Kommunen får eit introduksjonstilskot frå staten per busett flyktning, som skal dekke gjennomsnittlege utgifter til busetting og integrering. Frå 2004 kom introduksjonslova i kraft, som fastset kommunen sine plikter når dei tek imot flyktningar. Introduksjonsordninga gjeld flyktningar frå 18 til 55 år, som har behov for grunnleggande kvalifisering for å komme inn på den norske arbeidsmarknaden. Desse har rett og plikt til å delta i ordninga hovudsakeleg i to år, og tek imot introduksjonsstønad medan ordninga varer. Introduksjonslova fastset at kvar enkelt skal kartleggast, og det skal lagast individuell plan for kvalifisering med personlege mål. I praksis har slik individuell tilpassing vist seg vanskeleg å gjennomføre for mange. Den enkelte har rett på omfattande norskopplæring, samt 50 timar samfunnsfag på eige språk. Virkemiddel elles er språkpraksis (der den enkelte er i praksis på ein arbeidsplass for å trene på å bruke språket),

arbeidspraksis (når vedkomande kan meir norsk), arbeidsretta kurs og rehabiliteringstiltak. Målet er at deltakarane skal gå over i lønna arbeid eller studiar på veg til lønna arbeid (Brochmann, 2011, s.89). I Noreg har barna i flyktningfamiliane rett på dei same tenestene som alle barn i landet. Dei har rett til gratis grunnskule (6-16 år) frå dei kjem til landet, også i asylsøkarperioden. Dei som har opphaldsløyve, har rett til vidaregåande skule (16-19 år). Den første perioden i landet der det norske undervisningsspråket i skulen er ei utfordring, blir ordna på ulikt vis. Ulike døme på slike ordningar er skildra i artikkel I. Barnehage er ei foreldrebetalt, men subsidiert teneste i Noreg, og frå 2009 har barn frå 1 år rett til tilbod om barnehageplass i den kommunen dei bur i. Det er ulikt frå kommune til kommune om flyktningbarn får gratis barnehage (Brochmann, 2011, s.154).

1.4.3 Flyktningbusetjing i ikkje-urbane kontekstar

Den norske politikken for busetting av flyktningar har mål om desentralisert busetting. Staten ved Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber kommunar utover i landet om å busette spesifikke tal flyktningar, men det er politisk vedtak i kommunen som avgjer talet. Flyktningar får kome med ynskje om bustadkommune, men det er avtalene mellom staten ved IMDi og den enkelte kommune som avgjer kvar flyktningar blir busette. Dette er bakgrunnen for at informantane i studien bur i Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal, langt frå dei store byane. Det statlege tilskotet til integrering som kommunen får frå staten, gjeld dei fem første åra¹³ (Statistisk sentralbyrå, 2017a). Dersom flyktningar flyttar frå kommunen før denne tid, misser dei retten til introduksjonsprogram og stønaden som fylgjer med (Statistisk sentralbyrå, 2017b). Ordningane i våre naboland er litt annleis enn dette. Også i Danmark er desentralisert busetjing av flyktningar ei målsetjing, men her pålegg staten kommunane å ta imot flyktningar. I Sverige derimot, har flyktningar det siste ordet, og kan finne bustad på eiga hand. Dersom dei ikkje finn bustad sjølv, kan dei bli busett ved hjelp av staten, og då blir kommunen pålagt å ta imot (Henningesen & Søholt, 2018).

Mange flyktningar flyttar til meir sentrale strom (sekundærflytting). I Statistisk sentralbyrå (2012a) finn vi tal for kor mange av flyktningane som kom til Noreg i perioden då mine informantar vart busette, som flytta frå busettingskommunen. Sekundærflyttinga dei første åra etter busetting var svært høg for 2000- 2003- kohortane (busette desse åra), men frå

¹³ Tida for tilskot er noko kortare for familiegenforreinte og menneske med opphald på humanitært grunnlag.

2004-kohorten og utover har den store flyttinga blitt utsett til fjerde og femte år. Det blir antatt at innføringa av introduksjonsprogrammet kan forklare denne endringa, og at programmet har halde flyktningane i busettingskommunen nokre fleire år. Statistisk sentralbyrå (2017b) ser på kor mange av dei som kom frå 2005 og framover som hadde flytta etter fem år. For 2009- og 2010- kohorten finn vi tal for det enkelte fylke. Dette gjeld grupper som er busett noko seinare enn mine informantar, men det kan likevel gje ein peikepinn på graden av flytting frå dei to fylka der informantane bur. Etter fem år hadde ca 30 % av dei som var busette desse to åra flytta frå dei to fylka, og tala er noko større for Sogn og Fjordane enn for Møre og Romsdal. Sogn og Fjordane toppar statistikken over flyktningar si fråflytting til Oslo for 2009-kohorten. Når det gjeld graden av flytting frå busettingskommunen, er det skilnad i 2005- til 2010- kohortane mellom flyktningar frå dei tre opphavslanda som mine informantar kjem frå. Somaliarar er den flyktninggruppa som i størst grad har flytta til Oslo frå heile landet. Av somaliarar busette i Sogn og Fjordane i perioden, var nesten halvparten flytta ut av fylket etter fem år. For Møre og Romsdal er talet her i overkant av tretti prosent. Av flyktningar frå Afghanistan som var busette i same perioden, var om lag ein fjerdedel flytta frå begge fylka. Av flyktningar frå Irak som var busette i same perioden, hadde 39% flytta frå Sogn og Fjordane etter fem år, medan 11% hadde flytta frå Møre og Romsdal.

Desse tala for sekundærflytting er relevante for min studie på ulikt vis. Dei som er med i studien, har budd i Noreg 6-12 år, bortsett frå to familiar som bytte kommune innanfor distriktet vi snakkar om. Dei høyrer såleis til flyktningane som har blitt verande i busetjingskommunen eller distriktet etter fem år. Det høyrer ikkje til forskingsinteressa i denne studien å spørje informantane kvifor dei har blitt verande. Men vi kan anta at dei har klart å tilpasse seg livet i småbyar og bygder på Nordvestlandet noko betre enn dei som flytta. Demografiske kjenneteikn, utdanningsnivå og likande variablar er så varierende i utvalet at vi ikkje kan anta nokon slike grunnar til det bufaste mønsteret. Eit viktig moment for den konteksten der informantane i studien bur, er stabiliteten i gruppa av flyktningar frå same land eller same etniske gruppe som bur i lokalmiljøet. Den omfattande flyttinga som tala ovanfor viser, tilseier at gjennomtrekket i eksilmiljøa som frå før var små, kunne merkast godt for dei gjenverande. Dette var tema i fleire av intervju.

1.5 Internasjonale tidsbilete for liv i eksil 2012 til 2019

Arbeidet med denne studien har funne stad i ein periode med mykje rørsle i flyktningstraumar, i norsk og europeisk flyktningpolitikk og i opinionsdanningar om flyktningar. Som sosiokulturell forskar er eg oppteken av historisk og politisk kontekst for informantane sine liv då eg intervjuar dei, sjølv om desse opplysningane ikkje er med i analysane. Tidsbiletet i 2019 utgjer no den konteksten som avhandlinga skriv seg inn i. I det fylgjande vil eg sette nokre bitar av denne konteksten, først i kort omtale av tilhøva i informantane sine heimland og så ved å skissere utviklinga av europeisk flyktningpolitikk og retorikk på området. Endeleg vil eg sjå desse tidsbilda i lys av postkolonial teori.

1.5.1 Krigane og konfliktane i informantane sine heimland

Informantane er foreldre i eksil. Sidan situasjonen i heimlandet vil prege familiar i eksil sin kvardag, vil er her kort teikne eit bilde av tilhøva i dei tre opphavslanda, med vekt på perioden då intervjuar fann stad.

Dei fleste informantane frå *Irak* er kurdarar frå Nord- Irak. Spesielt sidan 1970-talet har det kurdiske folket i Irak opplevd veksling mellom forfylging, massakrar i forsøk på etnisk utreinking, eige forsøk på å bygge opp internt styre og interne væpna kampar. Dette har drive millionar av menneske på flukt i fleire bylgjer (Vindheim, 2010). Informantane i studien forlèt Irak til naboland på ulike tidspunkt gjennom denne perioden, og hadde levd i eksil i kortare eller lengre tidsrom før dei kom til Noreg. Etter at Saddam Hussain si regjering fall i 2003 byrja situasjonen å endre seg, med høve til eit styrka sjølvstyre i iraksk Kurdistan. Vindheim (2010) skriv at ved starten av 2010 «er Kurdistan en relativt fredelig øy i et urolig Irak, med et relativt velfungerende demokrati (s.65).» Dette var framleis situasjonen då intervjuar til denne studien vart gjort i 2013 og starten av 2014, medan krigen rasa i nabolandet Syria. Fleire av informantane hadde gjort turar tilbake til heimlandet. Dei såg då at slekt og vener som var blitt verande, hadde eit stabilt liv og betre økonomi enn dei opplevde at kurdarar i Noreg hadde. Tema om å vende tilbake var til stades i dei fleste intervjuar med kurdiske informantar, og vart sett opp mot banda som knytte dei til vertslandet, mellom anna barn og barnebarn som ikkje ville flytte frå Noreg. Få månader etter siste intervju gikk ISIL inn i Nord- Irak, og i juni 2014 kontrollerte dei byen Mosul og erklærte eit kalifat styrt derifrå (Norsk rikskringkasting, 2014). Mosul ligg på grensa til det

kurdiske sjølvstyreområdet, og mange kurdiske innbyggjarar høyrde til i den no utbomba byen. Krigshandlingar, forfylging og folkemord av religiøse minoritetar i Nord-Irak fylgde. Ifylgje Landinfo (2019a) er det usikkert kva fylgjer etterspelet etter IS har for tryggleikssituasjonen i området.

I praksis er *Somalia* i dag delt i to. Alle dei somaliske informantane i studien kjem frå sør i Somalia. Den nordlege delen erklærte seg i 1991 sjølvstendig under namnet Somaliland, men er framleis ikkje godkjend av FN som eigen stat. I nord var det tunge krigshandlingar 1988 og framover, men området har vore fritt for væpna konflikhtar sidan (Borchgrevink, 2004). I sør reknar ein at den lange borgarkrigen starta med kampane der Siyaad Barre vart styrta i januar 1991, og eit kaos utan statleg styring var i gang. Fleire eksterne aktørar har intervenert i borgarkrigen eller operert som fredsbevarande styrkar sidan då: USA, FN, Etiopia og Den Afrikanske Union. I 2004 vart den somaliske føderale overgangsregjeringa oppretta i eksil. Denne er internasjonalt anerkjend, den kom etter kvart på plass i Mogadishu, og ei midlertidig grunnlov vart signert i 2012 (Zoppi, 2018). Etter dette har borgarkrigen i sør blitt utkjempa mellom regjeringsstyrkar og den islamistiske terrororganisasjonen al-Shabaab. Det har veksle kor stor del av Moghadishu og resten av sørområda regjeringsstyrkane har hatt kontroll over. I den perioden eg gjorde intervju (2013-2014), hadde regjeringsstyrkane støtte frå styrkar i Den Afrikanske Union, og al-Shabaab vart pressa ut av både Moghadishu og andre byar. Etter at desse styrkane trakk seg ut i 2015, har fleire område falle tilbake til al-Shabaab (Landinfo, 2019b). Grunnlova av 2012 opna for sterke delstatar, og konflikhtar mellom delstatar og sentralregjeringa har blussa opp fleire stader. Desse har også vore væpna. Det er strid i landet om kor sterk sentralregjeringa skal vere (United Nations Security Council, 2016). I tillegg til krigshandlingar har tørke påverka situasjonen i fleire periodar gjennom borgarkrigen. Den enkelte familie sin tryggleikssituasjon er også påverka av storleiken på og statusen til familien sin klan. I tillegg til situasjonen i Somalia, var mine informantar påverka av situasjonen til familiemedlemmer i andre land. Den somaliske diasporaen i vestlege land tel mange hundre tusen, også om ein tel berre dei som er fødte i Somalia.

Informantane mine frå *Afghanistan* kjem frå ulike provinsar i landet. Nokre av dei har lidd på ulikt vis under vekslende styresett, væpna situasjonar og invasjonar sidan Sovjet gikk inn i landet i 1979. Dei har til felles at dei forlèt Afghanistan under Taliban sitt styre, og har bak

seg kortare elle lengre opphald i andre eksilland før dei kom til Noreg. Fleire millionar afghanarar la på flukt til nabolanda frå 1979 til 2001. USA og seinare FN gjekk militært inn i landet frå 2001. Taliban fall, og ei afghansk overgangsregjering vart sett inn. Taliban bygde seg så opp som opprørsgruppe. I den perioden eg intervjuar informantane frå Afghanistan (2013-2014), planla FN å trekke seg ut, og gjennomførte dette desember 2014. Etter dette har Taliban auka sin aktivitet, og gjennomfører målretta angrep mot regjeringsmål, internasjonale mål og sivilbefolkning. I tillegg har IS etablert seg som aktør (Landinfo, 2019c). I juni 2019 blir det meldt at IS ekspanderer til fleire provinsar, har retta mange angrep mot sivile og er i ferd med å bygge eit kalifat i landet (Norges telegrambyrå, 2019). Enkelte av informantane frå Afghanistan hadde vore tilbake på besøk, men ingen vurderte å retunere.

1.5.2 Frå Dublinavtale via europeisk krise til «Festning Europa»

Her vil eg teikne ei skisse av dei store endringane i europeisk flyktningpolitikk gjennom perioden dette forskingsprosjektet har føregått, og endringar i retorikk om flyktningar i same periode. Lidèn (2017) tilbyr ei oppsummering av endringane som har skjedd i europeisk flyktningpolitikk desse åra, og eg nyttar hennar oppsummering som kjelde for ein kort gjennomgang.

Flyktningkonvensjonen gjev rett til vern for dei som oppfyller kriteria i konvensjonen. Men den gjev likevel ikkje menneske rett til å krysse nasjonale grenser ulovleg. Dette gjer asylsøkarar avhengige av falske dokument, smuglarar og farefulle kryssingar av grenser. Det kriminaliserer flyktningar trass i retten til å søke asyl, og gjer asylsøkarar sårbare for utnytting frå smuglarnettverka si side. Dublinavtalen frå 1990, som også Noreg er forplikta på gjennom EØS-avtalen, slær fast at det første EU-landet ein asylsøkar kjem til, har ansvar for asylsøknaden. Dette gjev høve til felles yttergrensekontroll, og opphevar trongen for indre grensekontrollar i EU/EØS-området. Av ulike grunnar vart Hellas unnateke frå denne avtalen frå januar 2011, og dette varte til mars 2016. Hellas var difor i realiteten eit transittland gjennom det som bli kalla flyktningkrise i 2015. Det var lovleg å registrere seg i Hellas og likevel reise vidare for å søke asyl i eit anna europeisk land (Lidèn, 2017). 2015 vart det året då nord- og mellom- Europa fekk oppleve flyktningstraumen i verda mest. Straumen gikk til mange land. I Noreg søkte over 31 000 menneske asyl dette året, ca tre gonger så mange som året før (Utlendingsdirektoratet, 2016). I EU-landa søkte til saman

1 322 800 menneske asyl i 2015 (Eurostat, 2019). Retorikken om flyktningar i norsk offentleg debatt gikk i store svingingar gjennom dette året (Angel & Johnsen, 2019; Bredahl, 2018). I mars 2016 vart det gjort ei avtale mellom EU og Tyrkia om syriske flyktningar, grunnlagt på at ein rekna Tyrkia som eit trygt tredjeland. EU skulle sende syriske asylsøkarar tilbake til Tyrkia, og for kvar av desse skulle eit europeisk land ta imot ein syrisk kvoteflyktning frå Tyrkia. Avtalen innebar også umiddelbar stans i alle asylsøkarar sitt høve til å reise vidare nordover frå Hellas. Grensa til Makedonia vart stengd. Avtalen mellom EU og Tyrkia har ikkje fungert, og gjennom åra frå 2016 til 2019 har titusenvís av flyktningar hamna i leirar i Hellas der dei lever under umenneskelege tilhøve bak piggråd og politivakt, utan å kunne kome seg derifrå. «De menneskelige konsekvensene av avtalen kommer sjelden frem i lyset» (Liden, 2017, s.67). I EU går dei politiske diskusjonane om eit system for å dele asylsøkarane i Hellas mellom seg. Svært få asylsøkarar klarar å kome til Noreg, 2655 kom i 2018 (Utlendingsdirektoratet 2019b). Ein har diskutert om talet på kvoteflyktningar dermed kan aukast, og om ein kan vere med i eit samarbeid om å fordele asylsøkarar frå Hellas (Johnsen, 2019).

Retorikken om flyktningar i europeiske land har hardna til og blitt polarisert gjennom 2000-talet. Motstanden mot innvandring har dreia seg meir mot muslimar, ein tendens som kunne merkast allereie etter terroråttaket i New York 2001, og då i heile den vestlege verda (Yilmaz, 2006). Frå 2015 til i dag er dette blitt endå meir merkbart i Europa, ei utvikling som er forsterka av nye sosiale media og som går parallelt med framveksten av ytre høgreparti i Europa (Chouliaraki & Stolic, 2017; Farkas, Schou & Neumayer 2018; Topinka, 2018). I Noreg kan vi sjå at det som tidlegare var marginale posisjonar i debattane, har blitt legitimerede ved at ministerar og andre politikarar har teke desse i bruk (Enge, 2016). Den retoriske konteksten påverkar også foreldreskap i eksil. For å sette dette fenomenet inn i ein teoretisk kontekst, låner eg omgrep frå postkolonial teori.

1.5.3 Postkolonial teori – omgrep for å forstå den retoriske konteksten for foreldreskap i eksil 2012 til 2019

Postkolonial teori er nær knytt til Edward W. Said si bok «Orientalism» (Said, 1978), der Said tek føre seg vestlege førestillingar om konstruksjonen «Orienten» både før, under og etter kolonitida, og samtidige førestillingar om skilnader mellom «Dei» og «Oss». I 2003

skreiv Said eit forord til ny utgjeving av boka, sett i lys av «Nine-eleven» og hendingane etter dette, inkludert USA sin då nylege invasjon av Irak (Said, 2004). I dette forordet blir vestleg retorikk etter Nine-eleven analysert i lys av den 25 år gamle boka. Retorikk i høve muslimar og Midtausten blir særleg vektlagt. Begge desse tekstane frå Said si side er nyttig når eg ser på den retoriske konteksten for eksil i Noreg og Europa dei siste åra. Eg nyttar den til å belyse situasjonen for menneske med opphav i «Orienten» som er i eksil i Noreg, og legg til grunn for studien at foreldreskap i eksil i Noreg i dag er situert «... in a postcolonial setting marked by present global power structures and by transformed features of a colonial imaginary of Us and Them» (Larsen, 2009, s.226). Larsen uttrykker her dei to fenomena som eg i størst grad ser at postkolonial teori kan belyse i høve min studie: Korleis den postkoloniale settingen påverkar maktstruktur for migrantar frå «Orienten» til Noreg, og majoritetsdiskursar om «Oss» og «Dei», forstått som koloniale førestillingar som er omdanna og tilpassa vår tid. Eg startar med det siste.

Haldningar om at det er grunnleggande skilnader mellom vestlige og ikkje-vestlige verdiar er utbreidde både i nordisk samfunnsdiskurs og i nordisk sosialt arbeid. Mellom andre har Larsen (2009) og Eliassi (2013, 2017) nytta postkolonial teori til å vise fram dette fenomenet. Nasjonale verdi-ikonar som Larsen peikar på i det danske samfunnet og som forsterkar dette vestlige biletet av verdiskilnader, er lette å kjenne igjen også i Noreg og andre nordiske land sine samfunnsdiskursar: Demokratiske former for deltaking, likskap mellom kjønna, sosial likskap sikra gjennom velferdsordningar, og ei audmjuk, antielitistisk folkesjel (Larsen, 2009, s.227). Eliassi (2013) peikar på korleis spesielt muslimske innvandrarak sine verdiar blir skildra i kontrast til dette. Begge viser korleis oppfatningar av verdiskilnader er spesielt aktuelt på område for familieliv og foreldreskap. Larsen nyttar Said sitt uttrykk «Orientalisme» for å skildre det vestlege sjølvbildet som moderne, humanistisk, demokratisk og rasjonelt, plassert i hierarkiet over konstruksjonen av Orienten som gammaldags, barbarisk, despotisk, irrasjonell og tradisjonell (Larsen, 2009, s.227). Larsen og Eliassi sine prosjekt er eksempel på forskning som viser korleis orientalistiske førestillingar også har stor plass i sosialt arbeid med innvandrarak. Križ og Skivenes (2010) og Rugkåsa, Ylvisaker og Eide (2017) peikar på norske sosialarbeidarar si vekt på å kulturforklare ulike fenomen i arbeid med etniske minoritetsfamiliar, der førestillingar om «Oss» og «Dei» inngår. Said sin teori er aktuell i mitt prosjekt for å skildre majoritetsdiskursar i vertslandet Noreg om ikkje-vestlige innvandrarak til landet, og idear

om at innvandrara må tileigne seg «norske verdiar» som skal berge dei frå dei «reaksjonære verdiane» dei har med seg. Som vi har sett, har majoritetsdiskursar i denne retning blitt vesentleg forsterka også etter Larsen og Ellassi sine publikasjonar. I min analyse av foreldra sine endringsforteljingar, der nokre har fått plass i artikkel III, blir slike verdidikotomiar overskridne, basert på intervjumaterialet. Kjelder for verdiar som i majoritetsdiskursar blir rekna som «norske» eller vestlege, blir i mange av intervjua plasserte i heimlandet eller heimdistriktet på ulikt vis.

Så til det andre fenomenet. Eksil i Europa frå dei landa der mine informantar har sitt opphav, kan ikkje omtalast utan omsyn til det skeive maktforholdet mellom desse migrantane og majoriteten i vertslanda. Flyktningar frå desse tre landa sin situasjon i Noreg vil vere prega av tillegg utfordringar som migrantar frå t. d. USA eller Frankrike ikkje vil møte.

Postkolonial teori er velegna til å forstå desse skilnadene i uformell migrantstatus. Som eg kjem tilbake til, hevdar Berry (1980) at *alle* migrantar går gjennom ein tilpassingsprosess som han beskriv nærare. Denne universalistiske tilnærminga til migrasjon og tilpassing blir kritisert mellom anna fordi den ikkje tek høgde for den enorme ulikskapen i maktforhold knytt til ulike type migrasjon (Bhatia, 2002; Bhatia & Ram, 2001, 2009; Brown, 2005), og postkolonial teori er velegna til å forstå slike skilnader. Migrasjon er eit mangfaldig fenomen. Når ein synleggjer maktrelasjonane, får ein eit anna blick på det. Det dreier seg ikkje berre å flytte frå A til B, men om *kven* som flyttar frå *kva for eit* A til *kva for eit* B.

2 Empiriske og konseptuelle tilbod frå studiar av foreldreskap generelt og studiar av foreldreskap etter migrasjon spesielt

Kunnskapen denne studien tilbyr, omfattar både tilstandsbilete og forståingsmåtar (Polkinghorne, 1999). Såleis har både dei empiriske og dei konseptuelle tilboda frå tidlegare studiar informert prosjektet. Studien kan også plasserast i to felt: Studiar av foreldreskap og studiar av migrasjon. Innanfor migrasjonsfeltet er mitt felt nærare spesifisert som foreldreskap i eksil eller etter annan migrasjon. Nokre av dei teoretiske omgrepa eg brukar, er også mest brukte utanfor begge desse felta. I denne oversikten vil eg såleis først plassere studien i foreldreskapsfeltet og deretter i migrasjonsfeltet. Til sist vil eg vise korleis studien forhold seg til konseptualisering av *forandring* etter migrasjon.

2.1 Foreldrepraksisar og meiningsskaping

Korleis foreldreskap blir forstått, heng nøye saman med kva syn ein har på barn sine behov og barn si utvikling. Såleis heng utviklingspsykologi som forskingsfelt saman med foreldreskapsfeltet. Forskarar innanfor utviklingspsykologi i den sosiokulturelle tradisjonen, mellom andre Rogoff (1990, 2003), har stått for eit vesentleg korrektiv til tradisjonell utviklingspsykologi. I forlenging av dette ligg også ei forståing og utforsking av foreldreskap som kontekstavhengig fenomen, slik Rogoff (2003) tilbyr.

I sosiokulturell tradisjon blir praksisar forstått som linken mellom individet og kulturen (Wertsch, 1991). Foreldrepraksisar får såleis analytisk prioritet i dette foreldreskapsfeltet. I norsk kontekst er foreldre sine kvardagspraksisar blitt utforska i ein fagtradisjon som Haavind (1987) starta, og som er vidareutvikla av mellom andre Andenæs (2011), Ulvik (2007, 2018) og Gulbrandsen (2008). Haavind (1987) var oppteken av det intensjonale, kva foreldre prøver å få til og prøver å unngå med det dei gjer. Ho utvikla livsformsintervjuet, som tek utgangspunkt i eit tidsintervall i familien sitt liv, og såleis produserer forteljingar om praksisar. I Ulvik, Andenæs og Gulbrandsen si vidareutvikling av livsformsintervjuet har

meningsskapinga¹⁴ fått ein viktigare plass. Fleire av desse studiane har også intervju med born i ulike aldrar, og analytiske prioriteringar i samband med dette. Denne forskartradisjonen sin relevans for min studie ligg først og fremst i utforsking av *foreldrepraksisar* og den mening foreldra gjev desse. I dette forskingsmiljøet har ein også studert foreldreskap i *spesifikke* situasjonar. Det gjeld fosterforeldreskap (Ulvik, 2007), konfliktfylte foreldresamarbeidssituasjonar (Jevne, 2017) og foreldreskap til små barn (Sundnes, 2018). Ved å utforske foreldreskap i eksil, skriv eg meg inn i denne tradisjonen av å studere foreldreskap i spesifikke situasjonar.

Forandring i foreldreskapet etter migrasjon høyrer til forskingsinteressa i min studie. Alle foreldreskap er i forandring fordi familiar er i rørsle. Barn blir eldre, nye barn kjem til, foreldre blir eldre og får nye erfaringar. Såleis er forandrings- og utviklingsprosessar ein del av alle foreldreskap. Sundnes og Andenæs (2014) løftar fram korleis foreldre si utvikling og barn si utvikling heng tett saman, «hvordan mennesker betinger hverandres utvikling i hverdagslivet» (s.39). Gulbrandsen (2008) har fylgt gutar og jenter over ein periode på seks år, og i denne teksten blir forhold mellom sekstenåringar og foreldra deira utforska. Forandringar har skjedd som gjer relasjonsutforminga mellom barn og foreldre meir prega av «voksenhet», som «ikke dreier seg om avstand mellom barn og foreldre, men utvikling av relasjonen i retning av større gjensidighet» (s.261). I min studie er forandring i foreldreskap i eksil forstått både i lys av det allmenne i alle foreldreskap som eg no har påpeika, og i lys av det spesifikke ved eksiltilveret, som eg tek for meg nedanfor (2.3).

2.2 Foreldreskap i eksil, etter migrasjon og som etnisk minoritet

I det fylgjande vil eg setje min studie inn i ein kontekst av kvalitativ forskning om foreldreskap etter migrasjon der foreldre er informantar. Forsking om flyktningar sine foreldreskap i vertslandet er kategorisert på ulike måtar. Familiene er av og til kategoriserte som flyktningar, andre gongar som innvandrarar. Fokuset kan vere på opphavsnasjonalitet eller at familiene tilhøyrer ein etnisk eller religiøs minoritet.

¹⁴ I kapittel 3 vil eg greie ut om den sosiokulturelle tradisjonen og meningsskaping.

2.2.1 Forsking om flyktningforeldre: Vekt på traume og andre mentale fylgje av krig og flukt

Når foreldra er kategoriserte som *flyktningar*, ser eg ein tendens til å legge vekt på fylgjene som traume og andre mentale konsekvensar av krig og flukt har på foreldrefunksjonane. Dette blir synleg trass i stor variasjon i det teoretiske rammeverket (Pham et al., 2016; Tingvold, 2012; Van Ee et al., 2016; Williams, 2011). Williams (2010) tilbyr ein kunnskapsoversikt over studiar om flyktningar sine foreldreskap ut frå eit økologisk rammeverk. Ho knyter temaet til barnemishandling og barnevernet, og dette blir gjort automatisk utan å grunngje at flyktningar sine foreldreskap skal knytast til desse tema. Stewart et al. (2015) peikar på utfordringar knytt til flyktningar I Canada med afrikansk opphav. Ulike tema som gjeld stress og utfordringar er utforska, men traume og andre mentale konsekvensar er vektlagt i analysane. Konsekvensar av traumeerfaringar for foreldreskapet er utan tvil viktig å sette søkelyset på. Likevel hevdar Westoby og Ingamells (2009) at traume og det sårbare er for mykje vektlagt når ein innanfor sosialt arbeid utforskar flyktningar sin situasjon. Fylgjene av dette er at flyktningar blir posisjonert lite agentiske, og lærer å vise seg som sårbare. I Cox og Geisen (2014) sin litteraturgjennomgang av migrasjonsperspektiv i forskning innanfor sosialt arbeid, anbefaler forfattarane at forskarar flyttar forskningsinteressene sine til det kvardagslege og det normale i migrasjonserfaringane fram for det eksepsjonelle (s. 166). Andre studiar peikar breitt på utfordringar kombinert med eit styrkeperspektiv, til dømes Busch Nsonwu, Busch-Armendariz, Cook Heffron, Mahapatra og Fong (2013).

2.2.2 Forsking om innvandrarforeldre: Vekt på kulturskilnader

Den gruppa foreldre som er informantar i min studie kan også kategoriserast som *innvandrarforeldre*. Når forskarar ser på migrasjon og innverknaden dette har på foreldreskapet, blir arbeidsløyse, bustadproblem og andre problem knytt til fattigdom oftast nemnt (Stewart et al., 2015, Williams, 2011), i tillegg til språkproblem og sagn av hjelp frå storfamilien som var tilgjengeleg i opphavslandet (til dømes Deng og Marlowe, 2013). Likevel er utfordringar i foreldreskapet knytt til *kulturelle skilnader* i foreldrepraksisar mellom opphavslandet og opphaldslandet det mest vektlagde temaet. Eg ser denne tendensen også i forskingsprosjekt med foreldre som er flyktningar, men som er kategoriserte ut frå heimland eller etnisk gruppe. Til dømes ser eg det når foreldreskap i

somaliske familiar er belyst av forskarar i ulike vertsland, mellom anna Noreg der dei er samanlikna med tamilske foreldre (Engebrigtsen, 2007), Finland (Degni, Pöntinen & Mölsä, 2006), Sverige (Betancourt et al., 2015) og USA (Bowie, Wojnar & Isaak, 2017; Nilsson, Barazani, Heintzelman, Siddiqi & Shilla, 2012). Kim (2014) sin litteraturgjennomgang om innvandrareforeldre konkluderer med at kultur spelar ei overordna rolle (s.62). Kim refererer til utfordringa i at dei ulike familiemedlemmene ofte tilpassar seg ulikt til vertslandet. Kulturelle skilnader mellom heimland og vertsland er også belyst i Renzaho, Green, Mellor og Swinburn (2011) sine analysar av diskusjonane mellom innvandrare i Australia frå Sudan, Etiopia og Somalia. Ein av konsekvensane av kulturelle skilnader som er vist fram der er generasjonskonfliktar mellom ungdommar og foreldre. Dette er også vektlagt av Renzaho, McCabe og Sainsbury (2011). Likestillingsspørsmål er ein annan konsekvens av kulturskilnader som er vektlagt av fleire forskarar, mellom andre Deng og Marlowe (2013).

Vekta på kulturskilnader i forskingstilboda kan lett føre til at dei andre utfordringane som frivillig og ufrivillig migrasjon fører med seg blir ignorert, slik Julkunen og Rauhala (2013) og Keskinen (2011) peikar på. Križ og Skivenes (2010) viser korleis norske barnevernsarbeidarar legg vekt på problem med kulturskilnader i møte med etniske minoritetsfamiliar, medan dei engelske legg meir vekt på familiane sine problem med diskriminering. Rugkåsa et al. (2017) bygger på barnevernsarbeidarar sine forteljingar om samarbeid med etniske minoritetsfamiliar. Dei løftar fram *kulturalisering* (overdreven vekt på kulturskilnader) som ein fare i sosialt arbeid med familiane. Det er såleis grunn til å vere merksam på korleis vektlegginga i forsking på dette området verkar inn på sosialt arbeid.

Vekta på kultur, spesielt når ein statisk definisjon av kultur er nytta, har ein tendens til å ende i dikotomiserte kategoriar. Ein type dikotomisering er skilnader mellom individualistisk og kollektivistisk orientering. Kulturelle skilnader i foreldrepraksisar mellom opphavsland og vertsland er i forskingsbidraga ofte knytt til mål for oppseding, og kategorisert langs denne aksen. Kâğitçibaşı (1996, 2005) sine omfattande forskingsarbeid resulterer i ein teori som overskrider desse kategoriane. Ho deler opp foreldrestrategiane i to aksar i staden for å sjå berre på individualistisk-kollektivistisk-aksen, og skaper såleis eit meir mangfaldig bilde. Kâğitçibaşı forska innanfor tradisjonen krysskulturell psykologi, og gjorde både kvalitative og kvantitative studiar i heimlandet Tyrkia, i andre deler av

majoritetsverda¹⁵, og i minoritetsverda. Ho ser at med urbaniseringa i majoritetsverda utviklar kombinasjonen «autonomy and relatedness» seg til eit meir vanleg mål for oppseding enn kombinasjonen «obedience orientation and relatedness» (2005, s.412). Hennar perspektiv er utvikla vidare av fleire forskarar som utforskar foreldre sine mål. Eksempel er Tamis-Lemonda et al. (2008), eit arbeid som er grunnlagt på mange forskingsprosjekt av mål for foreldreskap i ulike deler av verda.

Fleire forskarar er medvitne om tendensen til å gli inn i dikotomiserte kulturelle kategoriar i spørsmål som gjeld innvandrarforeldre og kultur. Ochocha og Janzen (2008) skildrar eit stort medforskningsprosjekt i Canada som inkluderer somalisk og afghanske foreldre. Deira intensjon er å skape ein modell for forskning om foreldreskap etter migrasjon grunnlagt på ei dynamisk forståing av kultur, der konteksten i vertslandet og gjensidig påverknad mellom innvandrarforeldre og majoritetsforeldre er med i bildet. I konklusjonen finn eg likevel vekt på skilnadene i foreldrepraksisar mellom opphavsland og vertsland, og på kulturell endring i innvandrarar sine foreldreskap etter migrasjonen. Osman, Klingberg-Allvin, Flacking og Schön (2016) har brukt Ochocha og Janzen sitt rammeverk til å forstå endring i foreldreskap mellom somaliske foreldre i Sverige. Informantane uttrykte og ynskje om å forbetre sine praksisar. I tillegg til utfordringar som er vektlagde i andre studiar nemnde ovanfor, kom det fram vanskar med å forstå samfunnet som er kontekst for foreldreskapet. De Haan (2011) utforskar foreldreskap etter migrasjon. Informantane i studien har emigrert til Nederland frå fleire land, flest frå Marokko. Ho er merksam på det komplekse i endringane som skjer når mangfaldige kulturelle tradisjonar kjem i kontakt med kvarandre (s.376). Kultur er eit tema, men de Haan maktar å vise fram korleis foreldra tek i bruk mangfaldige impulsar på agentiske måtar. Analysane viser korleis foreldra utvikla foreldrepraksisar basert på individuelle kombinasjonar. Ho viser at dei navigerer mellom foreldrepraksisar som tilsynelatande er uråd å foreine, for å tilpasse dei sine behov som foreldre (s.397).

2.2.3 Forsking om etniske minoritetar

Ein tredje kategori foreldre som forskarar har interessert seg for og som flyktningsforeldre er ein del av, er foreldre i Vesten som har opphav i ikkje-vestlege land, utan at alle

¹⁵ Kâğıtçıbaşı nytta konsekvent merkelappen 'minority world' om den vestlege verda, og 'majority world' om resten.

informantane sjølve har innvandra. I nokre tilfelle er eit miljø frå visse opphavsland studerte, der foreldra delvis er innvandrarar og delvis er fødde i landet dei bur i. I desse tilfella er merksemda ofte knytt til kulturskilnader i foreldrestil, tilhøvet mellom minoritet og majoritet, og endringsprosessar i foreldreskapet. Blant norske studiar i denne kategorien vil eg nemne Erstad (2015), Friberg og Bjørnset (2019) og Smette og Rosten (2019). Smette og Rosten ser på fleire grupper etniske og religiøse minoritetar. Dei etterlyser meir forskning om minoritetsforeldreskap i Noreg der ein ser på *endringsprosessar* knytt til foreldreideal og -praksisar.

2.2.4 Plassering av min studie i migrasjonsfeltet

I min studie er foreldra kategoriserte som foreldre i eksil, men eg søker å belyse fleire aspekt av flyktingar sine foreldreskap enn mentale konsekvensar av krig og flukt, sidan dette er dominerande i tidlegare studiar. Mange av utfordringane som foreldra i min studie nemner, er også vektlagt i forskingsbidraga om foreldreskap etter migrasjon som er presentert ovanfor. Kulturskilnader i min studie er belyst langs same linjer som de Haan (2011) gjer, ved at eg undersøker det komplekse i endringane som skjer når mangfaldige kulturelle tradisjonar kjem i kontakt med kvarandre. Studien utforskar kvardagspraksisar og korleis foreldra gjev mening til desse, og er såleis med å svare på Cox og Geisen (2014) si etterlysing av det kvardagslege meir enn det eksepsjonelle i foreldreskap etter migrasjon. Endringar i foreldreskapet høyrer til forskingsinteressene i mitt prosjekt. Eg vil difor no sjå på dominerande føringar for korleis endringar etter migrasjon er konseptualisert i tidlegare forskning.

2.3 Konseptualisering av endring etter migrasjon

Endringsprosessar som immigrantar går gjennom etter migrasjon, er ofte kalla akkulturasjon (Kiang, Glatz & Buchanan, 2017; Renzaho et al. 2011; Samuel, 2009). Omgrepet har blitt brukt på ulike måtar sidan det først vart introdusert av Powell (1880). Omgrepet vart mest brukt i antropologien og forklarte hovudsakeleg gruppefenomen (Redfield, Linton & Herskovits, 1936), fram til Berry (1980) introduserte omgrepet som ein teori for å forklare individuelle prosessar, kjent som *psychological acculturation* (Brown, 2005).

Akkulturasjonsstrategiane assimilasjon, integrasjon, segregering og marginalisering vart

introduisert av Berry (1980), og teorien knytt til desse omgrepa har spreidd seg til mange fagområde, samtidig som både Berry (1997) og andre har vidareutvikla teorien. Fleire forskarar innanfor kulturpsykologien og tilgrensande tradisjonar (Bhatia, 2002; Bhatia & Ram, 2001; Brown, 2005; DeSantis, 2001; Hermans, 2001; Hermans & Kempen, 1998) har stilt spørsmål ved måten akkulturasjon er brukt. Inspirasjon frå postkolonial teori (Said, 1978) har vore nyttig til det Føremålet. Berry sin teori er kritisert for universalisme og essensialisme, for å sjå immigrantar som offer utan *agency*, og for å sjå akkulturasjonsprosessen som for lineær og eindimensjonal (Brown, 2005). Kritikarane har ikkje kome opp med noko alternativt omgrep, men nokre har i staden utvikla sin eigen versjon av omgrepet.

Hermans og Kempen søkjer å overskride Berry si framstilling. Som nemnt peikar dei på at kultur og geografi ikkje heng saman slik vi tradisjonelt har tenkt. Ut frå det, blir termen *acculturation* «...complicated because it assumes an overly linear trajectory from Culture A to Culture B» (s.1117). Ved å innføre omgrepet «global landscapes», vil Hermans og Kempen bidra til ei tenkning om «cultures as moving and mixing» der ein snakkar om globale landskap som transnasjonale kontaktsoner (s.1117). Slik bildet kan teiknast av eksiltilværet i dag vil omgrep som kan inkludere dei mange stemmene og dei mange retningane vere meir anvendelige. I min studie er denne transnasjonale kompleksiteten representert på ulikt vis. Dels har deltakarane og familiemedlemmene deira reint geografisk flytta seg mykje meir mangfaldig enn frå A til B. Men transnasjonalitet inneber først og fremst at dei forsyner seg av både globale og mangfaldig lokale impulsar til sitt foreldreskap. Delvis skjer dette ved hjelp av moderne teknologi. Informantar frå Somalia som bur i Noreg har som barn vore arbeidsinnvandrarar i Dubai, budd i Etiopia 4-5 år i påvente av familiegjenforreining, kommuniserer dagleg på Skype med søskena sine i Canada, får nyhende frå arabisk Al Jazera, og reiser til London for å besøke familie i sommarferien. Informantar frå kurdisk Irak som bur i Noreg og er nære vener med naboar frå Palestina, har studert i Bagdad, budd åtte år i eksil i fire forskjellige naboland, og tek til seg råd i foreldreskapet ved å lytte til psykologar på ein egyptisk TV-kanal.

Bhatia og Ram (2001) utviklar Hermans og Kempen (1998) sine synspunkt vidare. Dei viser til Berry (1997) sine forskingsresultat, som held fram at strategien *integrasjon* fører til den beste psykiske og fysiske helsa for immigrantar. Denne strategien inneber at

immigranten held ved like kulturell og psykologisk tilknytning både til si etniske gruppe og majoriteten. Forfattarane peikar på nokre problem med å sjå integrasjonsstrategien som eit *endeleg mål* i akkulturasjonsprosessen. Mellom anna blir prosessen fram til dette målet ikkje forklart, og kontekstuelle forhold som maktulikskap mellom minoritet og majoritet blir ikkje diskutert (Bhatia & Ram, 2001, s. 12-13). I ein seinare artikkel utviklar Bhatia dette vidare (2002). Basert på Bakhtin (1981, 1986) sin teori om det fleirstemte, peikar Bhatia her spesielt på problemet med å sjå endemålet integrasjon som ein ideell tilstand for immigranten der dei mangfaldige, kontrasterande stemmene som tidlegare har vore i konflikt, framstår i integrert harmoni. Bhatia lanserer i denne artikkelen ei dialogisk tilnærming til akkulturasjon som alternativ til den universelle akkulturasjonsmodellen, ein *dialogisk akkulturasjonsmodell*. Denne ser han som spesielt nyttig for migrantar frå den «tredje verda», då stemmer i forhandling og konflikt vil vere det normale for «the diasporic self», skapt av tema knytt til rase, kolonisering og makt (Bhatia, 2002, s. 73).

Bhatia (2002) sin dialogiske akkulturasjonsmodell kunne vore anvendeleg til å belyse mitt materiale, men eg har ikkje funne at denne modellen heller gjev gode nok reiskap til å analysere *prosessen*. Bhatia og Ram (2001) etterlyser forklaring av prosessen hos Berry, men eg ser behov for endå nærare analysar av prosessen enn den dialogiske akkulturasjonsmodellen tilbyr. Avhandlinga mi tilbyr ei forståing av endringsprosessar etter migrasjon som søkjer å tilføre noko av det som kritikarane av Berry sitt akkulturasjonsomgrep etterlyser. Eg har difor gått bort frå akkulturasjonsomgrepet, og nyttar eit bakhtisk omgrep for å belyse prosessen. Dette omgrepet, *verdiforming (the ideological becoming)*, blir gjort greie for i 1.3.6.

3 Teoretisk ramme og utvalde omgrep i studien

Mennesket forstått i sin sosiale, materielle og historiske kontekst har hatt stor plass i sosialt arbeid si historie heilt frå pionerane si tid. Jane Addams (1920) la vekt på å sjå, forstå og handle ut over den individuelle sfæren. Mary Richmond (1917) introduserte uttrykket «Personen i situasjonen», som har fylgt sosialt arbeid fram til i dag. Faget har utvikla seg i dialog og svingingar mellom vekt på individ og vekt på samfunn, til liks med ulike måtar å forstå desse i samanheng. Eg har søkt etter eit omgrepsapparat som kan utvikle sosialt arbeid sitt blikk på foreldreskap i eksil i tråd med synet på menneske som sosialt og historisk situerte. I den sosiokulturelle tradisjonen har eg funne omgrep eg kunne bruke både til å forstå foreldreskap som gjenstandsområde og for det analytiske blikket på studien sitt materiale. Ei hovudsakeleg sosiokulturell tilnærming er såleis utgangspunkt for studien. Eg forstår *sosiokulturell* slik Wertsch (1991) skildrar denne tilnærminga: «... an account of human mental processes that recognizes the essential relationship between these processes and their cultural, historical, and institutional settings» (s.6). Den sosiokulturelle tradisjonen tilbyr eit breitt spekter av omgrep og analytiske blikk, og eg har valt nokon av dei tilboda som legg vekt på *meningsskaping*. I møte med empirien har eg i tillegg søkt etter omgrep og analysereiskap frå diskursteori, der analyseambisjonen også er å analysere fram subjektiv meningsskaping innanfor ein diskursiv kontekst (Sjå 3.2 om posisjoneringsteori). Det eg hentar frå den sosiokulturelle tradisjonen og frå diskursteori ser eg som kompatibelt. For mitt analyseføremål er dei compatible, sjølv om ein ut frå andre perspektiv kanskje kan sjå motsetning her.

Eg ser på *kunnskap* som sosialt skapt og i stadig forhandling og endring. Som forskar er eg kunnskapsprodusent og såleis deltakar i å produsere mening. Data blir til ved ei samskaping mellom meg som forskar og informantane, i den bestemte konteksten der data blir til, i dette tilfellet i intervju (Holstein & Gubrium, 1995; Tanggaard, 2009) og i analysane. Dette synet på kunnskap, kunnskapsproduksjon og det studerte fenomenet samsvarar med sosialkonstruksjonistisk tradisjon, med utgangspunkt i Berger og Luckman (1967), og vidareutvikla til psykologifeltet av mellom andre Gergen og Pallak (1985).

I dette kapitlet vil eg gjere greie for teorigrunnlaget og omgrepa eg har brukt. Eg startar med sosiokulturell teoritradisjon (3.1). Her trekker eg fram perspektiva på gjenstandsområdet foreldreskap (3.1.1) og det analytiske blikket (3.1.2) som eg har henta frå denne tradisjonen.

To tilnærmingar til meiningsskaping som denne tradisjonen tilbyr (Bruner og Bakhtin) blir presenterte i 3.1.3 og 3.1.4. I 3.1.4.1 og 3.1.4.2 presenterer eg dei bakhtinske omgrepa som eg har brukt i analysen. Desse omgrepa er såpass ukjende innanfor sosialt arbeid, at eg ser grunn til å gå grundig inn i dei. I 3.2 gjer eg greie for korleis eg har brukt diskurs/posisjoneringsteori, og i 3.3 diskuterer eg forholdet mellom den sosiokulturelle og den diskursteoretiske tilnærminga til meining.

3.1 Sosiokulturell teoritradisjon

Sosiokulturell teoritradisjon gjev eit breitt konseptuelt tilbod og kan brukast på mange gjenstandsområde. Den er eit grunnlag for å studere foreldreskap generelt som sosialt, kulturelt og historisk situerte praksisar, til skilnad frå dekontekstualiserte tilnærmingar til foreldreskap. Slik gjev den retning til korleis ein konseptualiserer og undersøker foreldreskap og foreldreskapsrelaterte fenomen som *gjenstandsområde* for forskinga, og eg tek eg føre meg dette i 3.1.1. Vidare nyttar eg meg av tilbod innanfor sosiokulturell teori i *det analytiske blikket* på materialet. Denne studien si kunnskapsinteresse er retta mot praksisar og meiningsskaping. Her er Bruner (1990) og Wertsch (1991, 1998) sentrale bidragsytarar, og Wertsch bygger på mellom andre Bakhtin¹⁶ (1998, 2003). Dette ser eg på i 3.1.2.

3.1.1 Foreldrepraksisar som sosialt, kulturelt og historisk situerte

Det sosiokulturelle rammeverket er utgangspunkt for studien. Eg utforskar såleis ikkje om foreldreskap er sosialt, kulturelt og historisk situert, men *korleis*. I sosialt arbeid og i samfunnsdiskursar er eit naturalisert syn på forhold mellom foreldre og barn utbreidd. Kva som er bra for barn, kva som er foreldre og andre omsorgsgjevarar sine oppgåver og om korleis barn normalt utviklar seg, blir ofte rekna som naturgjeve. Stadiebasert utviklingspsykologi, til dømes Piaget (1952), og tilknytingspsykologi, til dømes Ainsworth, Blehar, Waters og Wall (1978), legg ofte dominerande føringar for kunnskapsgrunnlaget i sosialt arbeid (sjå til dømes Kvello, 2015). I sosiokulturell tradisjon har ein peika på at denne kunnskapen ikkje gjev eit breitt nok bilete av kompleksiteten. Forskinga som Piaget bygde på, blir kritisert for å vere meir lokal enn lærebøker i sosialt arbeid ofte gjev inntrykk

¹⁶ Det russiske namnet Bakhtin/Bachtin blir skriva ulikt på ulike språk, difor vil det variere i litteraturreferansane. I brødteksten skriv eg Bakhtin i alle tilfella.

av, sidan den er dominert av forskning gjort i ei viss tid, innanfor ei viss klasse og i den vestlige minoriteten av verda (Hundeide & Gulbrandsen, 2017; Johannessen, 2007; Rogoff, 2003). Tilknytingspsykologi blir kritisert for å vere for eindimensjonal, slik at dei mange dimensjonane som skaper variasjon i tilknytninga mellom barn og omsorgsgjevarar blir ignorert (Hundeide, 2017). Vidare blir tilknytningsteori kritisert for å gje konteksten for lite merksemd. Sjølv små barn sine kvardagsliv er tett samanvevd med kulturell og materiell kontekst (Degotardi & Pearson, 2009). Fleire forskarar har sett sosiokulturell teori som eit viktig supplement for studiar av foreldreskap, mellom andre Hundeide (2003, 2005, 2017), Haavind (1987), Rogoff (2003) og Ulvik (2007, 2018).

Vygotskij arbeidde i Russland tidleg på 1900-talet. Han kjende til Piaget, og utfordra det naturaliserte barnesyntet med sin kulturhistoriske psykologi, som seinare vart vidareutvikla av vestlege psykologar (Klitmøller & Hviid, 2017). Han argumenterte for «rather than to ‘reveal the eternal child’, the goal is to discover ‘the historical child’» (Rogoff, 2003, s.10). Hans perspektiv vart gjort tilgjengeleg for det vestlige publikum mellom anna gjennom den engelske versjonen av *Mind in society* (Vygotskij, Cole, John-Steiner, Scribner & Soubelman, 1978), og har hatt stor betydning for Rogoff og andre forskarar som har vidareutvikla det sosiokulturelle perspektivet. Eit situert syn på barnet fordrar eit tilsvarende syn på omsorgsgjevarane si oppgåve, og dermed korleis ein forstår foreldreskap. Ulike historiske, kulturelle, økonomiske og samfunnsmessige forhold verkar inn på kva utviklingsmål foreldre og andre omsorgsgjevarar har for born. Meir eller mindre medvite gjev foreldre born støtte til å meistre dei utviklingsspora som er tilgjengelege i det samfunnet der ein forventar at barnet skal leve barndom, ungdom og vaksenliv (Hundeide, 2005, 2017; Rogoff, 2003).

Fleire forskarar gjer såleis til premiss at foreldrepraksisar er *kulturelt* situerte. I denne studien tek eg utgangspunkt i Rogoff (2003) sin måte å legge fram *det kulturelle*. Termene ho nyttar er menneske si *deltaking* i *dynamiske kulturelle fellesskap*, gjennom *kulturelle praksisar* som både blir vidareført og transformert ved dei som deltek¹⁷. Fellesskapet består av menneske som prøver å få til noko saman og har ein strukturert kommunikasjon som er forventa å vare ei viss tid, der ein forpliktar seg til ei viss grad, og deler meining sjølv om denne kan vere innbyrdes omstridt. Ein må forvente variasjon mellom deltakarar i eit

¹⁷ For konkrete sitat på dette, sjå innleiing (1.2)

felleskap. Deltakarane har ikkje nøyaktig dei same meiningane, praksisane, bakgrunnane eller måla. Kulturelle fellesskap (*communities*) kan vere på nasjonsnivå, eller kan eksempelvis knyte seg til etnisk bakgrunn, regionale tradisjonar, religiøst tilhøyre eller familienettverk. Den enkelte kan såleis delta i fleire kulturelle fellesskap samtidig, og deltakarane i eit fellesskap treng ikkje bu i nærleiken av kvarandre eller ha kontakt ansikt til ansikt. Sentralt er også det *dynamiske* aspektet, og deltakarane sine bidrag til dette. Generasjonar bevegar seg gjennom fellesskapa, og overgangane til nye generasjonar blir handtert på visse måtar. For å halde fram å fungere, tilpassar fellesskapet seg dei skiftande tidene, deltakarane eksperimenterer med og avviser nye idear på måtar som dels held ved like kjerneverdier, på same tid som dei deltek med endring som er ønska eller nødvendig, gjennom dei innbyrdes konfliktane som dette fører med seg (Rogoff, 2003, s.81-82). Rogoff skildrar desse prosessane i kulturelle fellesskap som mekanismar, ikkje som resultat av nokon sin vilje.

Eg forstår foreldreskap som praksisar situerte i kulturelle fellesskap med slikt mangfald og slik dynamikk som Rogoff (2003) si framlegging representerer. Denne forståinga rommar både foreldreskap generelt og foreldreskap i eksil. Foreldreskap som blir utøvd gjennom krig, under flukt, under midlertidige eksilopphald og etter busetting i eit vertsland inneber deltaking i fleire og ulike kulturelle fellesskap. Foreldrestøtte retta mot utviklingsmål som er tilpassa forventa livsspor i eit kjent samfunn, blir utfordra i samband med eksilet. Familiar i eksil har flytta seg frå ein situasjon der foreldra kjende dei tilgjengelege utviklingsspora som borna skulle støttast til å meistre. Korleis praktiserer dei foreldrestøtte retta mot meir eller mindre kjende utviklingsspor under eksilet sine ulike stoppestader og i vertslandet Noreg? Eit sosiokulturelt syn på foreldreskap gjer dette til eit relevant spørsmål.

Eit perspektiv på foreldreskap som situert tek ikkje minst den økonomiske og samfunnsmessige konteksten i betraktning. Nokre sentrale variasjonar i barneomsorg har å gjere med ulikskapar i kor sannsynleg det er at spedbarn dør eller overlever, kor tilgjengelege søsken eller storfamilie er, kva muligheiter barn har til omfattande deltaking i fellesskapet, og om kulturelle føringar framelskar å operere i grupper eller i dyadar (Rogoff, 2003, s. 102). Mellom anna vil mønster for sove-arrangement, disiplin, samarbeid, kjønnsroller, moralsk utvikling og former for assistanse i læring vere avhengig av økonomiske og samfunnsmessige forhold samanvevd med kulturelle føringar (Rogoff, 2003, s. 9).

Store variasjonar i former for barneomsorg verda over er ikkje overraskande. Dette blir likevel vektlagt når forskarar som Rogoff og Hundeide skriv for velferdssamfunnet sine profesjonelle. Dei går i rette med tendensen til å gjere lokale praksisar til universelle råd for barneoppsetinga. Hundeide (Hundeide, 2003; Hundeide & Armstrong, 2011) argumenterer for at i møte med til dømes foreldre i eksil kan dette skape uheldige situasjonar av unødig å formidle majoritetsverdiar. Eksempel er råd for spedbarnsomsorg som er basert på tilknytningsteori (Powell, Cooper, Hoffman & Marvin, 2016) i vestleg samanheng, og som legg vekt på *ein* primær omsorgsgjevar (som regel mor), og at stimulering av babyen sine medfødde interaksjonsegenskapar skjer ved hjelp av augekontakt og verbal bable-kontakt. Globalt er det store variasjonar i kor mange som deltek i den kvardagslege omsorga for eit spedbarn. Familien og fellesskapet sine roller i barn si utvikling varierer sterkt. Dei som deltek i omsorga i tillegg til foreldra kan vere søsken og deira jamaldra, andre vaksne i storfamilien (oftast kvinner, men også menn), og andre omsorgsgjevarar i fellesskapet. Særleg er søsken sine oppgåver i omsorg for småsøsken omfattande og klårt definerte i mange kulturelle fellesskap, heilt ned til tre års alder (Rogoff, 2003, s. 122-124). På same måten er vestlige vanar med vekt på augekontakt i mor-barn-dyaden gjennom babyen sine vakne timar ukjent i mange andre fellesskap. Babyen har ofte konstant kroppskontakt med mor eller andre omsorgsgjevarar gjennom å henge på den vaksne sin kropp medan ho arbeider, og ligge inntil mor sin kropp når ho søv. I vakne stunder blir babyen ofte vend bort frå den vaksne og mot andre barn, medan den vaksne oppmuntrar babyen si merksemd mot dei andre (Rogoff, 2003, s. 142-144). Begge desse eksempla viser variasjonar som heng saman med materielle, økonomiske og samfunnsmessige forhold. Dei viser måtar å dekke spedbarn sine behov på som skil seg frå råd i vestlige lærebøker, og er retta mot utviklingsmål som er tilpassa forventa utviklingsspor i det aktuelle fellesskapet.

Sosiokulturelt perspektiv set søkelys på variasjonar i kven som inngår i «foreldreskapet», omsorgsarrangementet eller rettare sagt kven som deltek som omsorgsgjevarar. Eg vel som nemnt likevel omgrepet *foreldreskap* i denne studien. For dei fleste familiane som er med i studien, er foreldre og søsken dei fysiske tilgjengelege omsorgsgjevarane i eksil i Noreg, sjølv om nokre få av dei også har besteforeldre buande i Noreg. Som det kjem fram i analysane av intervjua, er likevel storfamilien sentrale aktørar på avstand. Saknet etter å ha desse nær er tematisert i mange av intervjua. Ein far hadde eit klart svar då eg spurde kva som var største skilnaden på å vere far i heimlandet og i Noreg: Jau, her hadde han fem-seks

roller. Han måtte vere far, storebror, onkel, tante, bestemor og bestefar.

Eg har såleis søkt etter teoretiske innfallsvinklar og optikkar som kan destabilisere ei naturalisert forståing (Søndergaard, 2000) både av foreldreskap generelt og foreldreskap i eksil spesielt. Omgrep og innfallsvinklar til hjelp for eit slikt analytisk blikk er dels henta frå, og kan dels assosierast med, den sosiokulturelle teoritradisjonen.

3.1.2 Praksis og meiningsskaping

Den sosiokulturelle tradisjonen legg vekt på *praksisar* eller *handling*. Når Wertsch (1991) skal forklare kvifor handlingar får analytisk prioritet, legg han vekt på handlinga som linken mellom individet og konteksten. Det analytiske blikket fell på individet i kontekst, og dette står i kontrast både til tilnærmingar der ein ser individet som passiv mottakar av informasjon frå omgjevnadene, og tilnærmingar der ein ser på individet og reknar konteksten som sekundær (s.8). Handlingar som gjenstand for analysen blir heller ikkje sett som isolerte, men heng saman med det Wertsch kallar «mediational means» (s.12) som han låner frå Vygotsky (1987). Eksempel på «mediational means» er tanke og språk, og dette medierer menneskeleg handling¹⁸. Såleis blir «mediated action» eininga for analyse, og aktøren er personen som handlar med medierende middel. Sentralt her er at medierende middel er sosiokulturelt situerte. Wertsch argumenterer for å sjå dei Bakhtinske uttrykka «sosiale språk» (Bakhtin, 2003) og «talegenrar» (Bakhtin, 1998) som medierende middel (s.144)¹⁹. I min språkbruk kan «personen som handlar med medierende middel» kallast den som handlar og som forstår eller gjev mening til si eiga handling. Handling og forståing eller mening heng uløseleg saman, dei er bundne til dei sosiale språka personen har tilgjengeleg, og desse igjen er avhengige av den sosiokulturelle konteksten. Wertsch (1991) går såleis vegen om uttrykket «medierende middel» for å løfte fram *meaning* i tilknytning til handling, og fokuserer på «...ways in which language and other semiotic systems could be used to produce meaning, especially meaning as it shapes human action» (s.67). Wertsch legg ut om *sosiokulturell forståing av meiningsskaping* i tråd med Bakhtin si tilnærming, noko eg skal greie meir ut om nedanfor.

¹⁸ Wertsch (1998) tilbyr ei breiare utlegging om 'mediational means' med større vekt på korleis desse manifisterer seg materielt.

¹⁹ Forståinga av talegenrar som konstituerande for kva praksisar som er tilgjengelege i ein viss samanheng, blir utdjupa av Cresswell (2012, s. 566): 'People (...) come with an embodied disposition of how things should unfold in their participation in speech genres.'

I ein studie av foreldreskap som bygger på denne teoritradisjonen, blir det sentralt å studere samanhengen mellom foreldrepraksisar og den mening foreldra gjev desse praksisane. Det er ulike tilnærmingar til omgrepet meiningsskaping. Av desse har eg valt Bruner (1990) og Wertsch (1991), samt dei Bakhtinske kjeldene som Wertsch bygger på. Bruner plasserer si tilnærming innanfor kulturpsykologi, og nemner ikkje sosiokulturell teori. Eg lener meg på Wertsch (1991) sin måte å framstille forholdet mellom desse to tilnærmingane, og går såleis ikkje inn i diskusjonar om skilnader mellom dei²⁰. Wertsch peikar på at kulturpsykologisk og sosiokulturell tilnærming deler ambisjonen om å vere ei kontrast til tradisjonelle psykologar som «...have concerned themselves with the universals of mental functioning, and this emphasis on mental processes, which are assumed to be ahistorical and universal» (s.6-7). Tilnærmingane har felles analytiske ambisjonar.

3.1.3 Bruner si tilnærming til meiningsskaping

Ein studie av meiningsskaping vil ifylgje Bruner (1990) inkludere meining gjennom tale og praksisar, og må vere basert på

... not only what people actually *do*, but what they *say* they do and what they *say* caused them to do what they did. It is also concerned with what people *say* others did and why. And above all, it is concerned with what people *say* their worlds are like.
(s.16)

Sitatet frå Bruner (1990) er skrivi i ei tid der han måtte argumentere mot det han oppfatta som den tradisjonelle psykologien si mistenksame haldning til at informantar rapporterte om levd liv. Han legg difor vekt på at det ikkje har noko å seie om andre vitne ville fortalt om hendingane på ein annan måte enn informanten. Forskingsinteressa ligg i kva personen meinte han gjorde, kva som var intensjonen med handlinga, kva utfordringar han opplevde å ha då det skjedde, og liknande (s. 120). Det *intensjonelle* i handlingane er sentralt i studiet av meiningsskaping. Såleis vil ikkje observasjon vere ein tilstrekkeleg metode for slike studiar, fordi ein då vil gå glipp av det intensjonelle i handlingane. Retrospektive forteljingar om handlingar, der intensjonar og forklaringar kjem fram, er anbefalt som metode. Etter

²⁰ I artikkel I definerer eg kulturpsykologi og Cole (1996) som teoretisk inspirasjon for arbeidet, og ikkje sosiokulturell teoritradisjon. Det har såleis skjedd ei justering i korleis eg definerer overordna teorigrunnlag frå tidspunktet der denne artikkelen vart godkjend (hausten 2016) til i dag.

inspirasjon frå Bruner er dette ein studie av korleis orda i foreldreforteljningane gjev mening til praksisar, hendingar, situasjonar og erfaringar i livet som foreldre i eksil.

Den sosiokulturelle tilnærminga til meningssskaping der både tale og praksisar er vektlagt, er godt eigna til å studere meningssskaping i høve til foreldreskap. Haavind (1987) sin intervjustudie av foreldre til fireåringar utforskar foreldrepraksisar og intensjonar med desse, kva foreldra prøver å få til og prøver å unngå med det dei gjer. Ulvik (2007) nyttar seg også av denne tilnærminga, og tilpassar Bruner, andre kulturpsykologar og tilgrensande teoretikarar sine bidrag til ein studie av fosterforeldreskap. Ho viser til korleis meningsomgrepet kan overskride dei vanlege dikotomiane mellom til dømes emosjon og kognisjon, forståing og oppleving, og korleis alt dette er kulturelt konstruert. «Et fokus på meningssskaping gjør at det empirisk blir interessant å rette søkelyset mot folks hverdagslivserfaringer og hvordan de forstår dem, altså hva de prøver å få til og hvordan de forstår det de erfarer» (s.51). Nettopp slik tilnærming til meningssskaping har vore ein sentral premiss i min studie.

3.1.4 Dialogisme: Bakhtin si tilnærming til meningssskaping

Ei mindre definert sosiokulturell tilnærming var utgangspunkt for studien frå starten av prosjektet. Undervegs i møte med empirien har eg søkt etter teoriar og omgrep som var eigna til å forstå og analysere materialet, og desse har vore prøvd ut. Etter at den første artikkelen var ferdigstilt, vart eg gjort merksam på Bakhtin sitt forfatterskap som ei relevant teoretisk kjelde. Ved å studere essayet *Discourse in the Novel* (Bakhtin, 1981) i engelsk versjon, fann eg Bakhtin sin teori og nokre av hans omgrep som nyttige for mitt analyseføremål, og leita så vidare i andre bakhtinske skrifter. Bakhtin si tilnærming til meningssskaping har blitt nytta i dei to siste artiklane. Som Wertsch (1991) peikar på, er Bakhtin sin teori om *dialogisme*²¹ sentral i det sosiokulturelle rammeverket. I dialogismen blir all kommunikasjon forstått som ein del av eit større heile. Individet og fellesskapet heng tett saman, og ulik mening er i konstant interaksjon (Holquist, 1981, s. 426). I analysen nyttar eg dialogisme som ein sentral tilnærming både til å forstå innhaldet i informantane sine forteljingar og til å analysere meningssskapinga som skjer i intervjuet. Eg har funne

²¹ På engelsk blir både 'dialogism' og 'dialogicality' brukt om Bakhtin sin overordna epistemologi. I artikkel II og III brukar eg 'dialogicality' fordi Wertsch er sentral kjelde, og han brukar 'dialogicality'.

nyttige både omgrep som er henta frå Bakhtin sine originalkjelder og omgrep som er utvikla av andre på grunnlag av desse. Eg vil no legge fram det mest grunnleggande i dialogismen som gjeld både menneskelivet og meningsskapinga som skjer i tale, og korleis menneskelivet og meningsskapinga i talen heng saman. I 3.1.4.1 og 3.1.4.2 vil eg ta for meg dei enkelte omgrepa som har informert prosjektet og analysen.

I fylgje Bakhtin er menneske si tale alltid knytt til både tidlegare og framtidige ytringar, slik at minst to stemmer alltid kan høyrast samtidig (Wertsch, 1991, s. 13). Men dialogismen er ikkje knytt berre til tale. Til dømes ser Bakhtin forholdet mellom sjølvet og fellesskapet som dialogisk, og grensene mellom individet og det sosiale er utydelege:

To be means to communicate... To be means to be for another, and through the other, for oneself. A person has no internal, sovereign territory, he is wholly and always on the boundary; looking inside himself, he looks into the eyes of another or with the eyes of another. (...) I am conscious of myself and become myself only while revealing myself for another, through another, and with the help of another. (Bakhtin, 1984, s. 287)

Det radikale synet som Bakhtin her uttrykker, heng saman med eit skjerpa blikk på det sosiale i meningsskapinga, noko eg har funne nyttig for mitt analyseføremål. Mening, ideologi eller andre uttrykk for verdier «is not within us, but between us» (Bakhtin & Medvedev, 1985, s. 8) og utfoldar seg i dialogen mellom menneske. Slik Bruner (1990) viser korleis individet og kulturen er tett samanvevd, har Bakhtin såleis eit tilsvarande syn på samanhengen mellom det individuelle og fellesskapet²², og begge sine uttrykk for dette er eksempel på felles tankegods i sosiokulturell tilnærming.

Den mest sentrale bakhtinske teksten for denne studien er essayet som på engelsk er omsett til *Discourse in the Novel* (Bakhtin, 1981) og på dansk har fått namnet *Ordet i romanen* (Bakhtin, 2003). I kapp vil den danske utgåva bli brukt, medan den engelske utgåva er brukt i artiklane. I sin første versjon vart essayet skriva i 1934-1935. *Ordet i romanen* kan

²² Det er gjort mykje forskning mellom vestlege psykologar på 'The Dialogical Self', mellom anna av Hermans og hans kolleger (Hermans & Hermans, 2012; Hermans, Kempen & Loon, 1992). Denne greina av dialogismen innlemmar eg ikkje i dette prosjektet.

karakteriserast som romanteori. Likevel inneheld essayet lange sekvensar som også er relevante for andre ytringar enn romanen, for forhold mellom ytringar og for forhold mellom menneske. Både dette essayet og andre skrifter frå Bakhtin si side er nytta og vidareutvikla for analysar både innanfor pedagogikk og psykologi. Innanfor kulturpsykologi har mellom andre Wertsch (1991, 1998) medverka til å gjere Bakhtin sine idear meir tilgjengelege for lesarar i vesten, og plassert dei i høve vestlege samfunnsvitarar, psykologar og lingvistar sine tilnærmingar. Wertsch (1991) er spesielt aktuell i høve dei omgrepa frå Bakhtin som eg nyttar, og er difor ei viktig kjelde for mitt arbeid. Wertsch hevdar at den russiske konteksten Bakhtin arbeidde i, hadde lettare for å akseptere hans idear fordi den

...did not stress the individualism and atomism characteristic for the modern West. Instead of seeking the source of meaning production in the isolated individual, it [Bakhtins ide] follows the more collectivist orientation of Russian culture and assumes that meaning is always based in group life. (Wertsch, 1991, s. 68).

Kvifor er så dialogismen nyttig teoretisk innfallsvinkel for eit prosjekt om foreldreskap i eksil? Tidlegare peika eg på at foreldre i eksil vil delta i ulike kulturelle fellesskap (Rogoff, 2003). Hermans og Kempen (1998) held fram at mellom anna identitet kan studerast som møtepunkt for posisjonar med ulike kulturelle opphav. Forfattarane set Bakhtin (1981) sitt omgrep *Multivoicedness*²³ i samanheng med kulturell kompleksitet. I essayet *Response to a question from Novy Mir* skildrar Bakhtin det han kallar kreativ forståing, og knyter dette til nettopp kulturelle møte:

In the realm of culture, outsidership is a most powerful factor in understanding. It is only in the eyes of *another* culture that foreign culture reveals itself fully and profoundly (...) A meaning only reveals its depths once it has encountered and come into contact with another, foreign meaning: they engage in a kind of dialogue, which surmounts the closedness and one-sidedness of these particular meanings, these cultures. (Bakhtin, 1986, s.7)

I mitt prosjekt er *foreldreskap* studert som møtepunkt for kulturelle posisjonar med ulike opphav, på ein liknande måte som Hermans og Kempen foreslår å sjå *identitet* som

²³ Omgrepet *multivoicedness* blir grundig gjennomgått nedanfor.

møtepunkt. I det vidare vil eg greie ut om Bakhtin sine omgrep som er blitt analyseomgrep i studien.

Bakhtin sine skrifter har gjeve inspirasjon til mine analysar gjennom omgrepa *multivoicedness* som er brukt i artikkel II og III, og som eg her kallar *fleirstemmig tale* eller *fleirstemmig ytring* på norsk, og *ideological becoming* som eg omset med *verdiforming*²⁴ og som er brukt i artikkel III om endringsprosessar i foreldreskapet.

3.1.4.1 Analyseomgrep frå dialogismen I: Multivoicedness – fleirstemmige ytringar

Fleire skrifter frå Bakhtin har inspirert meg til å bruke *fleirstemmig tale* som analytisk omgrep. Eg har hovudsakeleg halde meg til essayet *Ordet i romanen* (Bakhtin, 2003). I tillegg støttar eg meg til kjeldene *Problems of Dostoevsky's poetics* (Bakhtin, 1984), *The Formal Method in Literary Scholarship* (Bakhtin & Medvedev, 1985) og *Spørsmålet om talegenrane* (Bakhtin, 1998). Å bruke Bakhtin sine originalkjelder krev nokre forklaringar til omsetjingar av dei russiske uttrykka, noko eg vil kome med nedanfor der eg ser det nødvendig. Dei aktuelle omsettingane av Bakhtin sine skrifter har tilleggstekstar frå den som har omsett eller redigert, til hjelp for lesaren. Nokre av desse er svært lange, og framstår som eit eige skrift. Nokre har også ei eiga ordbok på slutten der viktige omgrep blir forklarte. Eg siterer også frå begge desse typane redaksjonelle tekstar. Omgrepet *multivoicedness* er vidareutvikla til analytisk omgrep i ein metodeartikkel (Aveling, Gillespie & Cornish, 2015) som har gjeve inspirasjon til mine analysar. Denne artikkelen blir omtalt nadanfor.

Å analysere utsegner som *fleirstemmige* får fram dei mangfaldige og nokon gonger motstridande stemmene som ifølge Bakhtin (2003) kjenneteiknar snakk generelt. Eg vil med dette omgrepet vise korleis dei kulturelt komplekse kontaktsonene foreldra lever i, blir gjenspegla i utsegnene deira. Eg søkjer å vise at dei ikkje snakkar fram *anten* tradisjon eller det tilpassa vestlige, *anten* impulsar frå heimlandet eller frå den internasjonale diasporaen, *anten* verdiar i eksilmiljøet eller verdiar som pregar majoriteten i vertslandet, men derimot impulsar frå mange kjelder, og at dei utviklar nyskapande, individuelle kombinasjonar. Analytisk er det fleirstemmige eigna til å overskride eksisterande dikotomiar. Det fleirstemmige er behandla i Bakhtin sine ulike skrifter på ulikt vis. I *Problems of*

²⁴ Eg kjem tilbake til diskusjon om omsetjing til norsk.

Dostoevsky's Poetics (Bakhtin, 1984) analyserer Bakhtin forfattaren Dostojevski sine romanar, som han karakteriserer med uttrykket *polyfonisk*. Det uttrykker at ulike karakterar sine stemmer får likeverdig plass, kan vere ueinige og diskutere med kvarandre, utan at forfattaren opptretr som redaktør og får fram ei overordna meining. Her har *ein* person *ei* stemme. Ifylgje Bruhn (2006) skil denne analysen seg frå *Ordet i romanen*, der den siste peikar på det fleirstemmige som ein innbyrdes kamp, som også kan utspele seg *innanfor same ytring* eller *mellom ytringar frå same person*. Det er i *denne* tydinga det fleirstemmige har gjeve inspirasjon til mine analysar²⁵.

Ordet det er snakk om, heiter *slovo* (Слово) på russisk, og det må ikkje «forvekslast med den lingvistiske kategorien. Det viktige i denne samanhengen er at det er tale om språket-i-bruk, ikkje om einingar språksystemet» (Bakhtin, 1998, s. 67). Ifylgje Holquist (1981) dekker *slovo* eit mykje større område enn det egelske *word*, og difor har han og andre omsetjarar valt *discourse* i engelsk omsetting. Dette kan lett forvekslast med *discourse* som analytisk omgrep i diskursanalysen. Det har ikkje status som analytisk omgrep i Bakhtin sine skrifter. I Emerson si omsetting av *Problems of Dostoevsky's Poetics* (Bakhtin, 1984), har omgrepet fått fylgjande definisjon: «We have in mind *discourse*, that is, language in its concrete living totality, and not language as the specific object of linguistics...» (s.103). I tillegg er Bakhtin sin bruk av *slovo* ikkje avgrensa til abstrakt forståing. I Bakhtin og Medvedev (1985) blir det lagt vekt på praktiske og materielle aspekt ved ulike uttrykk «of the ideological world», slik som «words», «meaning», «ideology», og liknande: «But these meanings and values are embodied in material things and actions (Bachtin & Medvedev, 1985, s. 7). På bakgrunn av dette tillèt eg meg å bruke *ord* i bakhtinsk tyding om til dømes foreldrepraksisar. Det er også verd å merke seg at i bakhtinsk tradisjon utspelar ord, meining og ideologi²⁶ seg i den relasjonelle, dialogiske sfæren:

We are most inclined to imagine ideological creation as some inner process of understanding, comprehension, and perception, and do not notice that it in fact unfolds externally, for the eye, the ear, the hand. It is not within us, but between us (Bachtin & Medvedev, 1985, s. 8).

²⁵ Ofte når det bakhtinske fleirstemmige temaet er nytta innanfor pedagogikk, er det i forståinga at ulike personar står for dei ulike stemmene, til dømes hos Dysthe (1995).

²⁶ Det russiske *ideologija* er mindre politisk orientert enn det tilsvarande engelske uttrykket, og betyr ganske enkelt eit system av idear, syn på verda eller verdier (Holquist, 1981, s. 429).

Som nemnt er språket- i- bruk det viktige for Bakhtin, og såleis er det *ytringa* som er eininga for analyse. Ifylgje Bakhtin kan tale eksistere berre

...i form av konkrete ytringar frå einskilde talande menneske, talens subjekt. Talen er alltid støypt i ei ytringsform som tilhøyrrer eit bestemt talesubjekt, og kan ikkje eksistere utanfor denne forma (Bakhtin, 1998, s. 13).

Dette poenget hos Bakhtin knyter Wertsch (1991, s. 84-86) til omgrepet *meaning*, og til diskusjonen om det kan finnast noko slikt som bokstaveleg *meaning*, altså om *meaning* fins i språket utanom ytringar. Bakhtin si tilnærming til *meaning*, seier Wertsch, er at ytringar får *meaning* ved å ta i bruk eller gje liv til sosiale språk og talegenrar (s. 86).

I Bakhtin sine analysar av tekst og ytringar blir metaforen *stemmer* ofte brukt. Dysthe (2012) omtaler Bakhtin sin bruk av *stemme* slik: «Bakhtin bruker begrepet ‘stemme’ for å betegne den talende personligheten» (s. 59)²⁷. Wertsch (1991) peikar på at Bakhtin sin bruk av *stemmer* hjelper til å halde høgt det nære forholdet i dialogismen mellom sosiale kommunikative prosessar og individuelle psykologiske prosessar. Begge prosessane er karakterisert ved *stemmer* i dialog, «... when a speaker produces an utterance, at least two voices can be heard simultaneously» (s.13).

Som nemnt ligg det i omgrepet *fleirstemmig tale* at mangfaldige og nokre gonger motstridande *stemmer* er til stades samtidig i menneske sine ytringar. Bakhtin gjev også grundige utleggingar om karakteren av det fleirstemmige. Ytringar er fleirstemmige fordi dei er eit ledd i ei kjede av ytringar som vi sjølv eller andre har uttrykt eller delteke i før, og som vi eller andre kjem til å ta opp seinare. «Lekk-kjede-metaforen går som ein raud tråd gjennom heile Bakhtins forfattarskap», skriv Slaattelid (1998, s. 76). Han siterer frå si eiga omsetjing av Bakhtins *Spørsmålet om talegenrane*:

Der kan ikkje finnast noko slikt som ei isolert ytring. Den føreset alltid føregåande og etterfølgjande ytringar. Inga ytring kan vere den første eller den siste. Den er

²⁷ Fleirstemmig og polyfonisk er berre to av fleire analytiske omgrep som er variantar av denne metaforen, og framstår slik på engelsk i Bakhtin sine skrifter: I Bakhtin (1984) er ‘dialogic relationship between voices’, ‘double-voiced’, ‘polyphonic’ og ‘multivoiced’ brukt. I Bakhtin (1981) er ‘heteroglossia’ og ‘double-voiced’ brukt.

berre ein lekk i kjedet og kan ikkje studerast utanfor kjedet. Mellom ytringane eksisterer relasjonar som ikkje kan definerast i mekaniske eller lingvistiske kategoriar. Dei er ikkje analoge med noko (Bakhtin, 1998, s. 75-76).

I det enkelte ledd i denne kjeda av ytringar kan ofte fleire trådar veve seg inn. Bakhtin (2003) gjev eit rikt bilde av mangfaldet som det enkelte ord og den enkelte ytring trekker på:

Således rettet mod sin genstand indgår ordet i denne dialogisk oprørte og anspændte sfære af fremmede ord, vurderinger og accenter. Det fletter sig ind i de fremmede ords komplicerede gensidige forhold, flyder saman med nogle, stødes bort af andre, krydses med nogle helt tredje; og alt dette kan på afgørende vis forme ordet (...) Den levende ytring, som er opstået og bevidstgjort i et bestemt historisk øjeblik i et socialt bestemt miljø, kan ikke undgå at berøre tusindvis af levende dialogiske tråde, som den social-ideologiske bevidsthed har vævet omkring ytringens givne objekt, den kan ikke undgå at blive en aktiv deltager i den sociale dialog. (s.66-67)

Dette sitatet er mynta på alle typar ytringar. Indre motseiingar i tekst og tale blir sett på som eit gjennomgåande kjenneteikn ved ytringar, sidan ytringane rører «tusindvis af levende dialogiske tråde». Orda er del eins egne og dels andre sine, og dei blir eins egne først når den som snakkar, gjev dei liv med sine egne intensjonar (Bakhtin, 2003, s.92). Den som uttrykker seg, deltek i ein aktiv prosess der ein trekker på mangfaldige impulsar, og slik blir det råd å høyre fleire stemmer i ytringane. Nokre av desse stemmene blir ofte kalla *indre-andre*. Dei «do not only represent ‘real’ individuals (e.g. my mother, my boss); they may also be imagined Others or generalized Others (e.g. my community) » (Aveling et al. 2015, s.673). Fleire bakhtinske skrifter har lange utleggingar om kor stor plass andre sine ord har i menneskeleg tale, alt frå direkte sitat, til element som er blanda umerkeleg inn i ytringane. Bakhtin beskriv dette som ein glidande overgang: «Talen vår, dvs. ytringane våre (...), er fulle av andres ord. Dei tilhøyrer den andre i ulik grad, noko vi er meir eller mindre medvitne om og som vi markerer i ulik grad» (Bakhtin, 1998, s.32-33). Ein variant av indre-andre-stemmer kallar Bakhtin *ekko*. Denne gjenklngen blir skildra som ein av dei subtile variantane: «Ytringa er såleis gjennompløygd av fjerne og knapt hørbare gjenklngar...» (Bakhtin,1998, s.37).

Ytringa sin *adressivitet* er eit sentralt tema i Bakhtin sin språkfilosofi. «Det essensielle

(konstitutive) kjennemerket til ytringa er at ho er *retta til nokon*, - ytringa sin adressivitet» (Bakhtin, 1998, s.39). Dette kan vere nyttig å analysere fram i intervjudialogar. Som Bakhtin peikar på, er det nemleg ikkje alltid berre dialogpartnaren som er adressaten til ei ytring. Det kan vere «eit folk, samtida, dei likeeins tenkjande, motstandarar og fiendar» (s.39). Bakhtin beskriv talaren sitt omsyn til adressaten slik: «Når eg snakkar tek eg alltid omsyn til (...) kva fordommar (sett frå mitt synspunkt) han har, kva for sympatiar og antipatiar» (s.40).

Den fleirstemmige prosessen i skapinga av den enkelte utsegna er gjort synleg gjennom analysar av snakket om foreldrepraksisar i mitt intervjumateriale. Foreldreskapet i eksil blir praktisert i ein situasjon der mangfaldige element kompleks samanvevd vil påverke praksis og korleis praksis blir snakka fram. Denne kompleksiteten blir i stor grad avspegla i foreldra sitt snakk i intervjua. Som materiale til artikkel II og III er sekvensar av intervjua om foreldreskapet analyserte ut frå eit *fleirstemmig* perspektiv. Dette vil eg vise døme på i metodekapitlet (4.5). Inkludert i dette viser eg døme på ulike typar indre-andre-stemmer og adressivitet som er analysert fram.

3.1.4.2. *Analyseomgrep frå dialogismen 2: Verdiforming (the ideological becoming) som forandringsomgrep*

I artikkel III ser eg på framfortalde endringar i informantane sine foreldreskap i løpet av tida deira i Noreg, kva meining dei gjev desse endringane, og korleis dei forstår at noko har forandra seg. For å analysere desse prosessane, har eg funne det bakhtinske omgrepet *ideological becoming* nyttig. I kapittel 2 skildra eg korleis omgrepet *akkulturasjon* er blitt brukt, kritisert og utvikla som uttrykk for endringsprosessar etter migrasjon, og kvifor eg har gått bort frå å nytte det. Eg vil no presentere og argumentere for bruken av *ideological becoming* (som eg omset til *verdiforming*) som alternativt omgrep.

Dette uttrykket er også henta frå essayet *Ordet i romanen* (Bachtin, 2003). På dansk er det omsett til *ideologisk vorden* og definert slik: «... den proces, hvor bevidstheden tilpasser sig den ideologiske verden. Menneskets ideologise tilblivelse – i dette perspektiv – er en proces av selektiv tilegnelse af fremmede ord» (s.165). Som nemnt står *ideologi* i bakhtinsk terminologi for verdiar, idear eller syn på verda, *Ord* dreier seg om ordet i bruk, og dei kan inkludere både meining, verdiar og praksisar. Redaktørane for publikasjonane på dansk og engelsk uttrykker at *fremmede ord/alien words* i dette essayet betyr *andre sine ord* (Bruhn &

Lundquist, 2003, Holquist, 1981). *Ideological becoming* beskriv såleis ein prosess der mennesket selektivt tileignar seg andre sine ord som representerer verdiar, meining, praksisar og liknande. Omsetjing til norsk er diskutert av Dysthe (2018), men utanom dette kjenner eg ikkje til at omgrepet er publisert på norsk tidlegare. Dysthe (2018) skriv: «Det russiske omgrepet kan ifylgje Slaattelid omsettast med ‘utviklingsprosess’ eller ‘formingsprosess’ »(s.7). Ho omtaler Morson (2004) si forklaring av omgrepet slik: «Det er ein utviklingsprosess som inneber at ein tenkjande person blir forma og får sitt eige verdiset. Det skjer i fylgje Bakhtin særleg når ein blir konfrontert med motstridande verdiar» (Dysthe, 2018, s.7). På bakgrunn av dette vel eg å heretter bruke *verdifforming* og *verdiformingsprosess* om *ideological becoming*.

Uttrykket er ikkje brukt av forfattarane eg har nemnt ovanfor som kritiserer eller har vidareutvikla akkulturasjonsomgrepet, og som brukar Bakhtin i si analyse av eksilerfaringa. Eg kjenner heller ikkje til at det er brukt før om endringar i foreldreskap. Eg har såleis ikkje noko eksempel frå andre sine analysar å vise til når eg brukar det på slikt materiale. I tillegg til originalteksten i engelsk og dansk omsetjing, støttar eg meg til Wertsch (1991), og til forfattarar som brukar omgrepet i undervisningskontekstar, som Dysthe (2012, 2018)²⁸, Freedman og Ball (2004), Morson (2004) og Matusov (2007).

Bakhtin startar utlegginga av omgrepet med å forklare den kreative rørsle som skjer når ein møter «fremmede ord» (Bachtin, 2003, s. 165). Sidan det bakhtinske *ord* også inkluderer materielle ting og handlingar, brukar eg dette også om framande foreldrepraksisar. Den første arenaen Bakhtin omtalar når han utfyller omgrepet, er undervisningsmetodar i skulen. Det er også innanfor pedagogikken dette uttrykket er mest brukt. Men Bakhtin går så over til å beskrive «menneskets ideologiske tilblivelsesprosess» som får «endnu dybere og mer væsentlig betydning» (s. 166). Når han skriv om prosessen i menneskelivet, framstår ikkje den andre sine ord som informasjon eller eit fag som skal lærast, det dreier seg om grunnlaget for «... vores ideologiske forhold til verden og vores adfærd» (Bachtin, 2003, s. 166). Denne sida ved uttrykket er mindre kjend i forskingslitteraturen. Eit unntak her er Tappan (2005) og delvis Gutierrez (2015). Sidan uttrykket er så mykje brukt i pedagogikk og teori om læring, vil nok mange rekne det som eit læringsuttrykk. Slik uttrykket er skildra frå

²⁸ Dysthe (2012) brukar ikkje sjølve verdiformingsomgrepet, men dei tilhøyrande omgrepa «indre overtydande ord» og «autoritative ord».

Bakhtin (2003) si side, er det like aktuelt å bruke det om forming, rørsle eller forandring i *livet* generelt.

Bakhtin knyter verdiformingsprosessen til det framande (på russisk *cuzoj*). I Bakhtin (1981) er uttrykket «alien discourses» nytta. I ordboka kommenterer Holquist (1981): «In Bakhtin's system, we are all *cuzoj* to one another by definition: each of us has his own language, point of view, conceptional system that to all others is *cuzoj*. Being *cuzoj* makes dialogue possible» (s.423). Mange av fortellingane foreldra kjem med, viser at dei må forhalde seg til både framande foreldrepraksisar og framande meiningar om foreldreskap. I verdiformingsomgrepet ligg det kamp, meistring og utvikling av eigne ideologiar (Bakhtin, 2003, s. 170-171). Omgrepet er eigna til å skildre den karakteren av forandring som er analysert fram i foreldra sine fortellingar: Aktivt forandringsarbeid som føregår i kulturelt komplekse kontaktsoner.

Bakhtin skildrar forskjellen på *det autoritære ord*²⁹ og *det indre overtydande ord* som to kategoriar av framande ord. Eit av kjenneteikna på *det autoritære ord* er at den ikkje har evna til å vere «**tostemmig** og inngå i hybride konstruksjoner» (Bakhtin, 2003, s. 169). Autoritære ord blir brukt om framande impulsar som kun gjev individet to val: Å avvise det eller ta det til seg i uforedla form. Det kjem som «et objekt, en relikvie, en ting»(s.169). Når nokon andre sin ideologiske ord er *indre overtydande* for oss og *anerkjent* av oss (s.170), blir noko heilt anna mogeleg. Det indre overtydande ord gjev rom for rørsle, kamp, fornying og samanfletting. Slik Bakhtin legg dette fram, er det først og fremst når andre sine framande ord blir indre overtydande, at verdiformingsprosessen gjer sin verknad. Matusov (2007) framhevar *kritisk, selektiv testing av framande praksisar* som eit kjenneteikn ved verdiformingsprosessen³⁰. Han argumenterer for at å akseptere ideane frå dominant ideologi i eit samfunn «freely, but uncritically» (s.6), ikkje er ein del av den indre overtydande prosessen.

²⁹ Den danske omsetjinga (Bakhtin, 2003) som eg nyttar her, har omsett det russiske *avtoritetnoe* til *autoritær*, medan den engelske (Bakhtin, 1981) har omsett det til *authoritative*. Morson (2004) gjer eit poeng av å skille mellom *authoritative* og *authoritarian* i høve dette essayet. Når Dysthe (2012) kommenterer Morson sin artikkel på norsk, brukar ho såleis *autoritativ* om det russiske *avtoritetnoe*. Trass i dette held eg meg til *autoritær*, for å fylgje den danske omsetjinga.

³⁰ Matusov (2007, s.5) held fram at desse aspekta kjem tydelegare fram i andre bakhtinske tekstar der prosessen mot 'internally persuasive discourse' blir beskrive, enn i Bakhtin (2003).

Wertsch (1991) legg vekt på det kreative og produktive i prosessen når individet tileignar seg indre overtydande ord, slik Bakhtin framstiller det (s.78-79). I fleire av mine informantar sine fortellingar er endringa i foreldreskap analysert fram som hardt arbeid der foreldra finn sine egne vegar og tek i bruk ulike inspirasjonar frå si mangfaldige, transnasjonale kontaktsone, inkludert framande praksisar dei ser rundt seg i det daglege. I mange tilfelle skaper dei noko nytt inspirert av ulike kjelder. Desse prosessane kan belyst ved Bakhtin si skildring av verdiformingsprosessen. Det som fylgjer no er eit langt sitat, men eg vel likevel å gjengje det i samanheng. Orda i kursiv er forfattaren sine markeringar, feit skrift er mine uthevingar:

Til forskel fra det ydre autoritære ord er det indre overbevisende ord under den bekræftende tilegnelsesproces tæt sammenflettet med 'ens eget ord'. I vor bevidstheds daglige virksomhed er **det indre overbevisende ord dels ens eget og dels et fremmed**. Dets **kreative produktivitet** består netop i dets evne til at vække en selvstendig tanke og et selvstendig nyt ord og indefra at organisere en mængde af vores ord uden at skille sig ud i en tilstand af afsondret og statisk ubevægelighed. Det bliver ikke alene interpreteret af os, men udvikler sig til stadighed frit, anvendes på nye materialer, under nye omstændigheder, indgår i nye konteksters gensidige belysning. Ydermere indtræder det i spændingsfyldt vekselvirkning og strid med andre indre overbevisende ord. Vores ideologiske vorden er netop sådan en **magtkamp i os mellem forskellige verbal-ideologiske synspunkter, synsvinkler, tilnærminger, vurderinger**. Det indre overbevisende ords betydningsstruktur er **ikke fuldbyrdet, men åbent**, og evner i enhver ny dialogiserende kontekst at afdække alle **nye betydningsmæssige muligheder** (Bachtin, 2003, s. 171-172).

Den dialogiske prosessen er her komplekst skildra. Framande ord vekker sjølvstendige tankar og ord, blir både tolka og blir brukt i nye samanhengar. Det er møtet med det framande som driv prosessen framover. Prosessen fører med seg kreativ produktivitet og maktkampar som ikkje tar slutt. Den blir ikkje ferdig, og det oppstår stadig høve til å forstå på nye måtar eller skape ny meining (Dansk: *nye betydningsmæssige muligheder*, Engelsk: *ever newer ways to mean*). Slik dette er skrive, synest uttrykket svært ideelt å bruke når eg vil beskrive «akkulturasjons»- prosessen slik den er analysert fram i foreldra sine forteljingar, nemleg som brytningar i ein aktiv, kreativ prosess som ikkje tek slutt. Bhatia og

Ram (2001) etterlyser forklaring av *prosessen* i akkulturasjon. Bhatia (2002) kritiserer akkulturasjonsteorien ved å peike på at integrasjon, det optimale resultatet ifølge Berry (1997), er skildra som harmonisk hybridisering der kampen mellom verdier er over. Bathia (2002) etterlyser såleis anerkjenning av at kampen mellom diskursar varer ved. Eg meiner at skildringar i intervju analysert som verdiforming tek i vare begge desse omsyna. I metodekapitlet vil eg gje eksempel på korleis slike prosessar er analysert fram i intervju (4.5).

3.2 Posisjoneringssteori – analyseverktøy lånt frå diskursteorien

I artikkel I, som er bygd på informantane sine forteljingar om eigen innsats for borna sin skulegang i Noreg, brukar eg analytiske verktøy frå posisjoneringssteori. Posisjoneringssteori tilbyr eit analytisk blick innanfor diskursteori (Wetherell, Taylor & Yates, 2001). Ovanfor har eg peika på Bruner (1990) sine uttrykk for dei meiningsskapande og meiningsbrukande prosessane som skjer i det samanvevde forholdet mellom menneske og kultur, der han beskriv menneska som både «creatures of history» og «autonomous agents» (s. 110). Ulike tilnærmingar til analyse av meining og ulike retningar innanfor diskursteori legg ulik vekt på mennesket som meiningsskapande og/eller meiningsbrukande. Foucault- inspirert analyse legg vekt på meiningsbruk. Forfattaren eller talaren har funksjon som pennen eller munnen diskursen uttrykker seg gjennom. «Over alt omkring oss eksisterer det mange diskurser som sirkulerer, og som ikke får sin mening eller sine virkninger ved at man tilskriver dem en forfatter (...)» (Foucault, 1999, s. 17). Diskursen set ifylgje Foucault akseptreglar for kva tid ei ytring blir akseptert som fornuftig og kva ytringar som er tilgjengelege eller utelukka. Søndergaard (2000) ser mennesket som meir aktivt meiningsskapande enn dette. Ho har utvikla analysestrategiar der posisjoneringsomgrepet blir nytta, og er ei viktig inspirasjonskjelde for min bruk av dette. Ho nyttar Foucault sitt omgrep *subjektposisjonar* (Wetherell et al., 2001, s. 80), og viser korleis dei nemnde akseptreglane gjer subjektposisjonar tilgjengelege eller utilgjengelege for den som snakkar (Søndergaard, 2000, s. 77). Om ei ytring eller handling blir akseptert som fornuftig, er avhengig av kva posisjon talaren snakkar eller handlar frå. Tek talaren opp ein posisjon som diskursen gjer tilgjengeleg for han eller henne? Søndergaard ser menneske som både skapt av og medskaparar av desse kreftene. Enkeltindivid kan «tale eller handle de selvsamme betingelser til eksistens eller til ændring; de kan imødegå betingelserne, bryde med dem,

modsigje dem, forstærke dem, bekræfte dem» (s.67). I min bruk av posisjoneringsteori er eg inspirert av hennar syn på enkeltindivid som både «skapt av» og «medskapar».

I dei konkrete analysane til artikkel I har eg analysert fram posisjonering forstått som «The discursive production of selves» (Davies & Harré, 1990) og vidareutvikla av Harré, Moghaddam, Cairnie, Rothbart og Sabat (2009). Omgrepa til analysen er henta frå desse to artikklane.

I analysen har eg sett etter både det Davies og Harré (1991, s.45) kallar *refleksiv* posisjonering, og det dei kallar *interaktiv* posisjonering. Den refleksive viser til den talande si posisjonering av seg sjølv. Til dømes er det analysert fram i talen til Osman og til Fatime at dei begge posisjonerer seg sjølv som initiativtakarar og drivarar av samarbeidet med skulen. Døme på den interaktive, som viser til posisjonering av andre, er når Osman posisjonerer læraren som ekspert på eit avgransa område (Bergset, 2017, s.65). Harré et al. (2009) legg vekt på at posisjonar er «features of local moral landscapes» (s.9) av rettar og plikter som tillèt eller avgrensar kva menneske kan gjere og seie. Visse posisjonar er tilgjengelege i ein diskurs, men desse kan også utfordrast og forhandlast, og er såleis i rørsle: «The content of positions is local and may even be momentary» (s.10). Dette har informert det tredje posisjoneringsaspektet i analysane: Posisjonane som foreldra produserer for seg sjølv i forteljingane, som ein stad å snakke og handle frå, som gjev rett til bestemte handlingar. Eit eksempel på dette er posisjonane som Hassan gjev seg sjølv som rektor sin kamerat og som tidlegare elev av borna sin lærar (Bergset, 2017, s.67-68). Frå desse posisjonane kan han omtale seg sjølv som rektor sin nære samarbeidspartnar i utforminga av opplegget for borna sin skulestart i Noreg: «Yes, me and my mate, he headmaster, we (...)», og vurdere læraren sine undervisningsmetodar: «She is really good, she excellent, she taught me» (s.67).

3.3 Forholdet mellom posisjoneringsteori og dialogisme

Det sosiokulturelle teorigrunnet med analytisk blick på meiningsskaping er premissar for studien og informerte dei første rundane der heile materialet vart analysert, skildra i metodekapitlet. Posisjoneringsteori og dialogisme er analysetilnærmingar som er nytta på ulike deler av materialet i to ulike tidsrom av studien. Kvifor vart det gunstig å nytte to ulike tilnærmingar? Posisjoneringsteori gav høve til å analysere fram korleis foreldra

posisjonerte seg sjølv og andre aktørar med sin tale, og var veleigna til den første artikkelen der både tilhøvet til aktørar i skulen og begge partar sitt tilhøve til borna var sentrale. I det vidare analysearbeidet vart merksemda sterkare på korleis kompleksiteten og det transnasjonale i foreldra sine kontaktsoner viste seg i intervjumaterialet. Dialogismen tilbyr eit blikk på kompleksiteten i talen og på prosessane mellom dei motstridande stemmene, og som også kunne overskride dikotomiar. Denne kombinasjonen fann eg ikkje i posisjoneringsteorien. På bakgrunn av utlegginga ovanfor vil eg belyse nokre område der eg ser posisjonering og omgrepa i den bakhtinske tradisjonen³¹ som to korresponderande inngangar til analyse av meining.

Som nemnt set diskursen ifylgje Foucault akseptreglar for kva tid ei ytring blir akseptert som fornuftig og kva ytringar som er tilgjengelege eller utelukka. Eg har vist ovanfor korleis dette er vidareutvikla innanfor posisjoneringsteori, som analysane til artikkel I er inspirert av. Også ifylgje den Bakhtinske tilnærminga er det grenser i fellesskapet for korleis individet kan ytre seg. Talegenrane set grenser for individualiteten i talen (Bakhtin, 1998 s. 20; Wertsch, 1991, s.107). Wertsch (1991, s. 67-68) viser til dei ulike ståstadane når det gjeld kven som eig meining, frå teoretikarane på Foucault si side der «no one owns meaning», til dei som hevdar at «particular individuals own meaning». Han peikar på at Bakhtin si tilnærming til dette ser ut til å ligge mellom desse to: Den som brukar språket, *låner meining*. Som før nemnt, hevdar Bakhtin at menneske si tale alltid er knytt til både tidlegare og framtidige ytringar (Wertsch, 1991, s. 13), og lånemetaforen heng saman med dette. Wertsch (1991) siterer Holquist (1981) i det han skildrar den bakhtinske lånedynamikken slik:

I can mean what I say, but but only *indirectly*, at a second remove, in the words I take and give back to the community according to the protocols it establishes. My voice can mean, but only with others: at times in chorus, but at the best of times in a dialogue. (s.68)

Denne måten å forstå bakhtinsk tilnærming til det tette forholdet mellom individet sine ytringar og fellesskapet, er lagt til grunn i mine analysar til artikkel II og III. Bruner (1990) si påpeiking av dei meiningsskapande og meining brukande prosessane som skjer i det

³¹ Wetherell et al. (2001) reknar også den Bakhtinske tradisjonen som ei retning innanfor diskursteori.

samanvevde forholdet mellom menneske og kultur viser seg såleis i begge analysestrategiane, og begge gjev reiskap til å analysere kampen mellom *meningsskaping* og *meningsbruk*.

Bruner (1990) og Wertsch (1991) peikar på den tette samanhengen mellom handling/praksisar og meningsskaping. Praksisen er linken mellom individet og den sosiokulturelle konteksten (Sjå 3.1.2). Menneske handlar med medierande middel. Praksisane har mening og intensjon som viser seg i fortellingane om dei. Harré et al. (2009) viser også korleis posisjoneringsteori analyserer rettar og plikter som regulerer kva menneske kan *gjere* og *seie*. Talehandlingar er praksisar, og ved posisjonering i språket viser talaren sin rett til å dele ut posisjonar til seg sjølv og andre, i måten ein omtalar egne og andre sine praksisar. Såleis ser eg dette som to ulike, men kompatible inngangar til å analysere både tale og praksisar gjennom fortellingar om dei. Intervjumateriale der ein ser tilbake på praksisar og gjev dei mening, er eigna til begge analysemåtene.

4 Metodologi

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis teorigrunnlaget og omgrepa eg presenterte i førre kapittel, har blitt nytta i gjennomføring av studien. Eg gjer greie for små og store vegval, dei konkrete framgangsmåtane for arbeidet, og refleksjonane mine kring nokre av stega i arbeidet. Eg vil presentere korleis dei teoretiske omgrepa er omsett til konkrete analysar, med nokre døme frå analysert empiri. Vidare gjer eg greie for min posisjon som forskar, reflekterer over dei aktuelle etiske omsyna, og diskuterer studien sin kvalitet.

4.1 Val av metode for produksjon av data

Problemstillinga som er valt for denne studien tilseier at det er flyktningforeldre sine forteljingar som skal studerast. I studiar av meiningsskaping er det intensjonelle i handlingar sentralt. Såleis vil ikkje observasjonar av praksisar vere tilstrekkeleg. Bruner (1990) anbefalar retrospektive forteljingar som metode for å undersøke meiningsskaping. Forteljingar og dialogar gjev meining til praksisar, hendingar, situasjonar og erfaringar. Skrivne forteljingar eller ei form for intervju vil vere eigna metode for Føremålet. Skrivne forteljingar var ikkje aktuelt i dette tilfelle, då eg ikkje kan lese nokon flyktningforeldre sine mormsmål. Munnlege forteljingar eller dialogar kunne ha form som individuelle intervju, parintervju eller fokusgruppeintervju. Fokusgruppeintervju kunne produsere samskapt meining eller synleggjere meiningsbrytningar mellom flyktningforeldre. Men også her ville språkproblem skape komplikasjonar. Dersom foreldre i ei fokusgruppe skulle snakke mormålet sitt, ville eg ikkje kunne fylgje med eller delta i samtalen. Såleis fall valet på å produsere empiri gjennom forteljande intervju i par og individuelt. Konkrete vurderingar som ligg til grunn for kva type intervju eg valde, blir presentert nedanfor.

4.2 Utvalet

Eg vil i det fylgjande gjere greie for kva vurderingar som ligg til grunn for valet av informantar.

4.2.1 Refleksjonar over mi kategorisering av utvalet

Grappa av informantar i denne studien kunne eg ha valt å avgrense til ulike kategoriar. Eit av Føremåla med studien er å tilby eit breiare bilde av familiar sin *flyktningspesifikke*

situasjon, ut frå kunnskapsgapet som er skildra i kapittel 2. Foreldre i eksil er ei relevant avgrensing for Føremålet å analysere fram korleis foreldre gjev mening til foreldreskap og foreldrepraksisar etter ufrivilleg migrasjon. Av praktiske grunnar vil det likevel vere nødvendig med ei avgrensing av opphavsland. Mi rolle i intervjuet var avhengig av at eg hadde ei viss innsikt i historisk og politisk situasjon som førte til flukt frå dei aktuelle opphavslanda. Slik innsikt kunne vere meir fokusert med nokre få utvalde land.

Opphavsland som eg søkte informantar frå, vart valde ut frå kva land som toppa statistikken over opphavsland for flyktningar busette i Noreg ca 6-12 år før første intervju, altså 2001-2007 (Høydahl, 2011). Irak, Afghanistan og Somalia vart såleis valde. Eg kunne ha valt berre eit av desse landa. Dette alternativet er valt vekk fordi fokus for prosjektet er foreldreskap ved *ufrivilleg migrasjon generelt*, og ikkje foreldreskap knytt til ei bestemt folkegruppe sin migrasjon. Dersom eg hadde valt til dømes berre kurdarar eller berre somaliarar som informantar, er det fare for at merksemda studien får, ville bli retta mot essensialisering av *folkegruppa* sine kjenneteikn meir enn mot foreldreskap i eksil.

Som nemnt i kapittel tre, er eit anna av føremåla med studien å studere foreldra sjølve si meningsskaping som kan utvide kunnskapsgrunnlaget for majoritetsdiskursar om *ikkje-vestlige foreldre* sine praksisar. For dette Føremålet ville ei avgrensing til flyktningforeldre vere unødvendig, men likevel relevant. Grappa *foreldre i eksil* som har kome til Noreg etter tusenårsskiftet, kan alle kategoriserast som ikkje-vestlege. Etter innvandringsstoppen i 1975 har ikkje-vestlige familiar som innvandra til Noreg hovudsakeleg kome som asylsøkarar, kvoteflyktningar eller familiegjennforeinte med desse, og kan dermed kategoriserast som foreldre i eksil. Såleis vil kategorien *foreldre i eksil* utgjere hovuddelen av ikkje-vestlige foreldre der begge foreldre har kome til Noreg etter årtusenskiftet, og som såleis blir omfatta av majoritetsdiskursar i offentleg debatt der retorikken har hardna til.

For føremålet å utforske mening som kan utfordre eit naturalisert og kontekstuavhengig syn på foreldreskap, kan både ikkje-vestlige foreldre og foreldre i eksil vere aktuelle avgrensingar. Foreldre i eksil er den avgrensinga som dekker alle tre føremåla i min studie.

4.2.2 Ulike val som gjeld utvalet av informantar til studien

Eg avgrensa dermed utvalet til foreldre som hadde kome til Noreg som asylsøkarar,

kvoteflyktingar eller familiegjenforeinte med desse, og som hadde minst eitt barn under 18 år på intervjudtidspunktet. Det var fleire omsyn å ta når det gjeld informantane si butid i Noreg. Som eg grunngjev og drøftar nedanfor ville eg unngå tolk, og intervjuje på norsk. Difor søkte eg informantar som hadde vore lenge nok i landet til å kunne gjennomføre intervju utan tolk. Planen var også at intervjuja dels skulle etterspørje narrativer med tilbakeblikk på foreldra si tid i Noreg (Gubrium & Holstein, 2009; Hydén, 2014; Riessman, 2008), og såleis var det ynskjeleg med nokre år å sjå tilbake på. På den andre sida var det ynskjeleg med forteljingar frå ei tid som gjorde at forskinga kan produsere kunnskap relevant for notida. Tidsrommet 6-12 års butid i Noreg vart såleis valt for å ivareta begge desse omsyna.

Eg søkte informantar busette i to fylke, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Prosjektet skil seg på den måten frå det meste av anna migrasjonsforskning i Noreg, då det vanlegaste er at alle eller nokon av informantane bur i større byar. På grunn av denne skilnaden kan studien bli eit supplement til tidlegare studiar. I desse to fylka fins det ingen større byar. Flyktingar er her busette i småbyar og tettstader som eit resultat av den før nemnde norske busettingspolitikken, og alle har forholdsvis lang reise til større byar. Sidan statistikken viser at mange busette flyktingar i begge fylka hadde flytta til meir sentrale stromk etter nokre år, ville eg kome til å intervjuje dei som hadde valt å bli verande ut over desse første åra. Det er rimeleg å tru at desse hadde sett fordelar ved å bli buande. Valet av informantar busette i mindre lokalsamfunn var strategisk, gjort ut frå ei forventning om at foreldra i større grad ville kunne fortelje om kontakt med hjelpeapparatet, då færre hjelparar frå deira eiga folkegruppe ville vere tilgjengelege. Målsettinga om slike forteljingar vart mindre viktig etter kvart som prosjektet utvikla seg. Derimot vart flyktingane sin tilgang til kontakt med etnisk norske familiar viktigare i materialet enn eg hadde trudd. Fleire av informantane forsto denne tilgangen som eit resultat av å bu i mindre lokalsamfunn. Då eg skulle velje ut kommunar i dei to fylka å rekruttere informantar frå, tok eg utgangspunkt i dei kommunane som hadde flest busette flyktingar frå eit eller fleire av dei tre aktuelle landa, busette i aktuell periode (Statistisk sentralbyrå, 2012b). Etter kvart vart også andre kommunar kontakta, etter råd frå dei kommunetilsette eg først tok kontakt med.

4.2.3 Tilgang på og rekruttering av informantar

Rekruttering av informantar skjedde hovudsakeleg gjennom dei kommunale instansane som hadde ansvar for busetting av flyktningar i kommunane. Tre av familiane er rekrutterte gjennom innvandrarak og kjende frå før, som var busette ulike stader i dei to fylka. I eit tilfelle er ein familie rekruttert gjennom ein annan informant. Ingen av familiane er busette i heimkommunen min. Eg hadde ikkje møtt nokon av informantane før første intervju.

Målsetjinga for prosjektet var å rekruttere 20 familiar. Det viste seg at rekruttering av foreldre vart ein krevjande prosess, noko dette prosjektet har til felles med fleire andre prosjekt innan migrasjonsforskning, spesielt innanfor familiefeltet (Block, Riggs & Haslam, 2013; Sulaiman-Hill & Thompson, 2011). Både dei kommunetilsette og nokre av informantane melde om ein viss informanttrøttleik mellom innvandrarfamiliar. Eg måtte til slutt seie meg nøgd med 16 familiar. Både migrasjonsforskarar på familiefeltet (Holm, 2011; Mapp, 2003; Matthiesen, 2015a, 2015b) og andre familieforskarar (Bjørnholt & Farstad, 2014) melder om spesifikke vanskar med å få fedrar som informantar. Nokon måtte gje opp, og gjennomføre prosjektet med berre mødrer (Matthiesen, 2015b). I min studie er nesten like mange fedrar (12) som mødrer (13) informantar, og eg har fått rike og omfattande forteljingar frå mange av fedrane, Andre studiar der fedrar er med har tynnt materiale frå fedrane, til dømes Holm (2011). Dei 25 foreldra i utvalet er såleis jamt fordelte på kjønn. Som eg vil vise nedanfor, er det god variasjon i utvalet både når det gjeld utdanning frå heimlandet og andre kjenneteikn, og i ettertid ser eg at materialet frå intervju med dei 25 foreldra er svært rikt. Etter at eg byrja å analysere materialet, oppfatta eg ikkje størrelsen på utvalet som eit problem. Dei kommunetilsette kontaktpersonane som var mitt mellomledd, fekk skriftleg informasjon om utval og prosedyre for rekruttering i samsvar med løyvet frå Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD) (Vedlegg 1). Informasjonsskriv til informantane (Vedlegg 3-7) vart omsett til somali, dari (Afghanistan), arabisk og sorani (kurdisk)³². Alle fekk informasjonsskrivet før det vart laga avtale med dei om intervju. Dei fleste informantane sa ja til å delta etter å ha lese informasjonsskrivet, og nokre sa ja på grunnlag av kontaktpersonen sin munnlege informasjon. Kontaktpersonen valde munnleg eller skriftleg informasjon på grunnlag av foreldra sine leseferdigheiter. Etter dette gav kontaktpersonen foreldra sine telefonnummer til meg, og eg avtalte så møte med dei på

³² Skrivet er utforma ut frå prosjektskissa på det tidspunktet. Erfaringane med dei første intervju gjorde at samtalane vart endå meir opne i forma enn informasjonsskrivet signaliserte. I ettertid ser eg at informasjonsskrivet kunne ha vore utforma enklare enn det var. Som Hydén (2014) peikar på, kan ein ikkje informere om alt som kan kome opp i intervjuet når intervjuforma er så open.

telefon. Eg avtalte to intervju med dei foreldra som takka ja, kvart på maksimum to timar.

4.2.4 Familiane som deltok

Dei 16 familiane budde i sju ulike kommunar. Lokalsamfunna dei budde i, var tettstader og småbyar med 1500 til 20 000 innbyggjarar. I nokre av desse lokalsamfunna budde det relativt få flyktningar, medan det i småbyane budde nokre fleire. I dei fleste kommunane fortalde foreldre at det kom fleire familiar i same tidsrom som dei, men at mange hadde flytta. Alle utanom to familiar budde i mottakskommunen dei først kom til. Den eine av desse to hadde flytta på grunn av far sin jobb. Den andre hadde flytta på grunn av konflikhtar med menneske frå eiga folkegruppe i mottakskommunen.

Minst ein av foreldra i kvar familie hadde vore busette i Noreg i 6-12 år. I nokre få tilfelle hadde den eine av foreldra kortare butid enn dette, og ein av fedrane hadde lengre butid. I fem av familiane kom foreldra til Noreg saman. I tre av familiane kom mor før far, og i åtte av familiane kom far før mor. Tre av familiane er frå Afghanistan. Fem familiar er frå Somalia. Åtte familiar er frå Irak, og seks av desse er kurdiske familiar. Familiane sine historier før dei kom til Noreg, er svært ulike. I mange høve har familien vore i midlertidige eksil i eit eller fleire naboland, ofte i fleire år, eller reist til og frå mellom heimlandet og naboland etter som krigshandlingane i heimlandet utvikla seg. Nokre av foreldra har vore skilde frå kvarandre fordi den eine har vore fengsla eller politisk aktiv, eller krigen i heimlandet har ført dei frå kvarandre utan at dei visste kvar den andre var. I nokre tilfelle har far søkt asyl i Noreg, og mor budde med barna i eit naboland medan dei venta på familiegjenforeining med far.

På grunn av tilhøva som er skildra ovanfor med få aktuelle familiar i nokon av kommunane, er faren for gjenkjenning stor³³. Av den grunn vil eg ikkje skildre kvar familie sine samla kjenneteikn, men vise variasjonen i utvalet som eit heile. Kjenneteikna eg tek med, er foreldra sin sivilstand, utdanning frå heimlandet, butid i Noreg, om familien har vore splitta, om dei er i jobb eller utdanning, om dei eig bustaden sjølv, og talet på born i familiane. Oversikta gjeld for intervjuperioden:

³³ Fleire tiltak er gjort for å hindre gjenkjenning, og grunnane til å legge vekt på å hindre gjengjenning er skildra i punkt 4.7 om etiske refleksjonar.

Foreldre i familien sin sivilstand	Giftede	Separerte/skilde:	Far/mor død:
	12 familiar	3 familiar	1 familie

Butid i Noreg	Begge 10-12 år	Ein av foreldre 10-12 år, den andre kortare	Ein av foreldre 10-12 år, den andre lenger	Begge 6-9 år	Ein av foreldre 6-9 år, den andre kortare
	5 familiar	2 familiar	6 familiar	2 familiar	1 familie

Var familien splitta før familie-gjenforreining?	Mor kom først til Noreg med barn, far kom etter 2-4 år	Far kom først til Noreg, mor og barn kom etter 2-3 år	Far kom først til Noreg, mor og barn kom etter 4 år	Mor og far kom saman til Noreg
	2 familiar	5 familiar	2 familiar	7 familiar

Fem av familiene var også splitta før den første kom til Noreg, av ulike grunnar. I to av familiene var far fengsla i periodar, anten i heimlandet eller i naboland. I ein familie var mor og barn i eksil i eit naboland medan far i periodar var tilbake i heimlandet. I ein familie var far i naboland og på flukt i to år frå han forlèt familien til han kom til Noreg. I ein annan familie kom far bort frå familien under krigen ein periode og dei trudde han var død.

Utdanning frå heimland/naboland	Universitet/høgskule	Vidaregåande skule	Grunnskule, lengde frå 1 til 7 år	Analfabet ved ankomst
mødrer *	7		5	1
fedrar *	6	2	3	1

*Gjeld dei som var med på intervju

Jobb eller utdanning i Noreg	I full jobb	I deltidsjobb	I full jobb + deltids-utdanning	Har vore i jobb, no arbeids-avklaring/uføretrygda	Er ikkje i jobb, har hatt kun praksis-plassar	Kan bruke utdanning frå heimlandet
mødrer *	3	3		1	6	Ingen
fedrar *	4		2	3	3	Ingen

*Gjeld dei som var med på intervju

Bustad	Bur til leige: 12 familiar	Eig bustaden: 4 familiar
---------------	-------------------------------	-----------------------------

Tal barn i familien	1-2 barn 2 familiar	3-4 barn 6 familiar	5-9 barn 5 familiar
----------------------------	------------------------	------------------------	------------------------

Barn sin alder ved første intervju	0-5 år 10 barn	6-15 år 20 barn	16-18 år 14 barn	Over 18 år 28 barn **	Barn til saman i studien 72 barn
---	-------------------	--------------------	---------------------	--------------------------	-------------------------------------

** Dei fleste av desse har vore under 18 år i tida familien har budd i Noreg, den tida forteljningane i intervjua omfattar.

4.3 Intervjua

Første intervjurunde vart gjennomført februar – juni 2013. I denne runden hadde intervjuet narrativt preg (Gubrium & Holstein, 2009; Hydén, 2014; Riessman, 2008), og eg nytta strukturen frå livsformsintervju, som eg omtalte i kapittel to (Andenæs, 2011; Gulbrandsen, Øien & Opsahl, 2014; Haavind, 1987; Ulvik, 2014). To tidsintervall vart gjennomgått. Det eine var tida som foreldre i Noreg frå dei kom til landet og til i dag, det andre var kvardagslivet slik informantane kunne fortelle om det på intervjutidspunktet, representert ved dagen i går. I nokre av intervjua vart «dagen i går» først gjennomgått i andre intervju. I studiar som har ei kvardagslivsorientering, er denne intervjuforma velegna til å få fram levd liv og praksisar. Gjennom kvardagsforteljningane får ein tak i meiningsaspektet, og denne sida ved intervjuforma har blitt utvikla av dei nemnde forskarane over sidan Haavind (1987) først tok forma i bruk.

Andre fase var eit nytt intervju med dei same foreldra som eg møtte i første runde, og desse vart gjennomført frå november 2013 – mai 2014. I mellomtida var alle intervju transkriberte og tematisk analyserte. Føremålet med andre intervjurunde var dels utdjujing av tema som kom opp i første intervju, som slik var ulike frå familie til familie. I tillegg vart nokre få spørsmål retta til alle foreldra som deltok i andre runde, ut frå spissa kunnskapsinteresse som analyse av første runde hadde skapt. Tidsintervallet mellom første og andre runde var planlagt slik for at *eg* skulle få tid til ein første analyse etter transkribering, ikkje fordi eg

forventa noko forandring i informantane sine liv. Av dei 16 familiare var berre 9 med på andre intervju. I to familiar sa foreldra allereie då eg gikk etter første intervju, at dei syns ei samtale var nok. Foreldre i tre familiar sa det frå seg av praktiske årsaker då eg kontakta dei igjen. Dei to andre fekk eg ikkje tak i, trass i mange forsøk. Dette var overraskande, då kontakten i første intervju var overveldande god, og avtalen om å komme tilbake vart opplevd klar frå mi side. Ein av grunnane til dette kan ha vore at dei på det tidspunktet likevel ikkje ynskte å vere med på andre runde, og at dette var vanskeleg å seie til meg direkte. I to av familiare har eg gjort tre intervju.

4.3.1 Å intervju par saman

Der det var naturleg, vart begge foreldre intervju saman. Eg møtte berre den eine der foreldra var skilde eller separerte. Ei mor møtte eg åleine fordi ho syns at mannen snakka for dårleg norsk til å vere med. To fedrar møtte eg åleine i eit lokale utanom heimen, fordi små born i familien ville kome til å forstyrre eit felles intervju i familien sin heim. Dette valet hadde foreldra teke utan at eg problematiserte det. Til saman fire mødrer og tre fedrar vart intervju åleine. Mitt val om å hovudsakeleg intervju foreldra saman, har ulike grunnar. For det første ville det det vere både metodisk og etisk kompliserande å få forteljingar om same hendingar eller episodar frå to foreldre kvar for seg, utan å nytte kunnskapen i den første forteljinga i dialogen med den andre. Som Bjørnholt og Farstad (2014) peikar på, ville det bli vanskeleg å halde på teieplikta mellom far og mor i den skriftlege framstillinga. Dersom eg i analysen skulle nytte meg av at foreldra til dømes gav ulik mening til same hending, korleis kunne eg då praktisere teieplikt overfor den andre av foreldra? For det andre var dette ei samtaleform eg var trena i etter lang praksis som familieterapeut. I dette låg trening i å bidra til at begge kunne kome til orde dersom eg merka ubalanse i dominans, og trening i å nytte dynamikken der meir enn to personar snakka saman. For det tredje ville det by på praktiske og økonomiske problem å intervju dei separat. Då måtte eg ha tilbydd alle lokale utanfor heimen, og det ville vere krevjande med lange reiseavstandar mellom kommunane. På den andre sida gikk eg glipp av å kunne analysere fram eventuelle kjønna skilnader i meningsskapinga på tvers av materialet (Haavind, 2000), noko som kunne vore muleg med separate intervju. Det kan også tenkjast at eg ved eventuell dominans frå den eine av foreldra bidrog til endå ei oppleving for den andre av å ikkje kome til orde, og kunne gå glipp av verdifullt materiale som ville kome fram dersom eg snakka med denne åleine. Ut

frå Bakhtin si merksemd på adressivitet³⁴ (Bakhtin, 1998), kan ein tenkje seg at det ville vere muleg å høyre andre stemmer i individuelle intervju enn dei som informantane var komfortable med å ta fram i felles foreldresamtale.

I nokre av familiane der eg intervjuar foreldrepåret saman, var det store skilnader på dei to sine norskkunnskapar. I desse tilfella omsette paret for kvarandre der den andre ikkje forsto meg eller ville formidle noko han/ho ikkje klarte å uttrykke på norsk. Intervjua med dei to saman gav likevel mykje meir informasjon enn dersom eg hadde møtt berre den som kunne best norsk. I fire av desse familiane kunne far mykje meir norsk enn mor. I dei same familiane tok mor på seg vertinneoppgåver medan eg var der, som å servere te og frukt. I to av desse familiane hadde dei også bestemt at eg skulle bli verande for å ete middag etterpå. I løpet av desse intervjua var mor ein del på kjøkkenet og vart fråverande frå deler av intervjuet. Dette kan ein forstå slik at dei gikk inn i eit kjønna mønster der snakking var mannen si oppgåve og servering var kona si, eller at mødrene syns det var greitt å «sleppe fri» frå ein situasjon der dei forsto berre avgrensa deler av samtalen og sjølve streva med å uttrykke seg på norsk. I ein annan familie der kona var den som kunne best norsk, vart mannen sitjande, trass i at det var slitsamt for han både å forstå og uttrykke seg. Sjølv om ein ikkje kan generalisere på grunnlag av dette, er det eksempel på at det også gav kjønna informasjon å intervjuare foreldrepåret saman.

4.3.2 Språkvanskar i intervjuar og spørsmålet om tolk

Som nemnt vart intervjuar gjennomførte på norsk. Eg meistrar ikkje nokon av informantane sine morsmål. Engelsk var ikkje aktuelt, då dei som meistra engelsk godt, sjølve meinte at dei meistra norsk betre. Det viste seg å vere svært store skilnader mellom informantane sine norskkunnskapar. Spørsmålet om å bruke tolk vart vurdert på førehand, og eg valde å ikkje legge opp til tolka intervju. Den viktigaste grunnen til dette var prosjektet sin diskursive karakter. Når poenget er å analysere fram meiningskonstruksjon, blir nyansane i måten å uttrykke seg på viktig. Dette går lett tapt gjennom tolking, sjølv med dyktige tolkar. Ut frå erfaring med bruk av tolk i profesjonelle samtaler tidlegare, visste eg også at mistydingar då kan bli vanskeleg å oppklare. I dei intervjua der språkproblema var størst, vart desse i stor grad reduserte gjennom sjølve intervjuforma. Intervjua i første runde starta med «Kan du/de

³⁴ Sjå 3.1.4.1

fortelle om tida som mor/far i Noreg?»), og dette gav informantane høve til å sjølve velje ut kva dei ville legge vekt på. Eg stilte så mine spørsmål til deira fortellingar. Då visste informantane allereie kva tema handla om, og forsto oftare spørsmåla mine. Når dei misforsto kva eg spurde om, vart dette oftast oppklart raskt når eg hørde svaret, og eg kunne korrigere ved å spørje på ein annan måte. For å vere sikker på at eg hadde forstått dei, parafraserte eg ofte utsegna deira i spørsmålsform, nærare opp til normert norsk, for å sjekke om det var dette dei meinte. Kontaktpersonen som hjalp til med rekrutteringa, fekk beskjed om at informantane måtte kunne godt nok norsk til at tolk var unødvendig. I to familiar vart samtale likevel tolka heilt eller delvis. Familien hadde då sjølv ordna med dette utan at eg visste det på førehand, og i begge tilfella var det vaksne døtrer i familien som tolka. Dette var ikkje nokon ideell situasjon, og medførte at eg unngikk tema som til dømes hadde med konflikter mellom foreldre og barn å gjere. Desse intervju gav likevel anna informasjon som vart viktig i prosjektet.

4.3.3 Intervjusituasjon og improvisasjon

Avtalen med informantane var to intervju, kvart på maksimum to timar. I den skriftlege informasjonen dei fekk på førehand, fekk dei valet mellom samtale i deira eigen heim eller ein annan stad. Dei fleste informantane eg intervjuar i eigen heim, tilbød meg mykje meir kontakt i samband med intervjuet enn det som var avtalt. Dette gjeld både medan intervjuet pågikk, og kontakt etter at lydopptakaren var slått av. I dei to familiene der vaksne døtrer var tolk i intervjuet, skreiv desse under på samtykke til lydopptak før vi starta. I andre familiar dukka born, tenårings eller vaksne born opp i løpet av samtala, og eg er usikker på om det var planlagt eller ikkje. I alle desse tilfella var foreldra ivrige etter at eg skulle helse på borna, og i nokre tilfelle sette ungdommane seg ned og deltok i samtala. Dei bidrog då også delvis som tolkar. I alle desse tilfella informerte eg ungdommane om Føremålet med at eg var der, og om at vi hadde lydopptak på. Dei³⁵ skreiv også under på samtykke til lydopptak. I eit tilfelle der ein nittenåring sat i rommet, spurde ho sjølv om ho kunne få seie si mening om noko. Ho skreiv då under på samtykke til lydopptak, og fortalde si historie til meg med resten av familien i bakgrunnen. Som i alle intervju foregikk det nonverbalt samspel som ikkje let seg transkribere (Holstein & Gubrium, 1995; Kvale & Brinkmann, 2009; Riessman, 2008). Sidan intervjusituasjonane inkluderte fleire enn det avtalte foreldrepåret, føregjekk

³⁵ Alle desse var over 18 år.

det samspel mellom vaksne og barn, samspel mellom søsken i ulike alder, og samspel med storfamiliemedlemmer eller andre som stakk innom. Eg reknar meg sjølv som deltakar i alt dette, først og fremst ved å vere til stades, men og ved å utveksle mellom anna blikk, smil, handtrykk og andre helsingar. Foreldre og born viste meg bilde, ting dei hadde laga og dikt dei hadde skrive. Etter at lydopptakaren var slått av, heldt samværet i mange høve fram. I mange av familiene insisterte dei på at eg skulle bli til middag. Nokre sa dette allereie då eg avtalte med dei på telefon. Dei gongene eg nølte med å seie ja til dette, fekk eg reaksjonar som: «Det tilhører vår kultur å være gjestfrie. Hvis du er på besøk uten å få mat, føler vi oss dårlige». Eg tok imot tilbodet i alle dei tilfella der eg hadde høve. Under desse middagane var gjerne fleire born til stades enn dei som deltok i intervjuet, i nokre tilfelle også andre kjende. Eg fekk då del i både samspel i familien, vanar, arbeidsfordeling, og samtale om tema som ikkje var framme i intervjuet.

4.3.4 Opplevd familieliv som fortolingsramme

Kva innverknad har det at forskaren deltek der informantane sitt foreldreskap blir praktisert? Det er meiningsskapning som skal utforskast, og som før nemnt, er ein innanfor denne tilnærminga ikkje opptatt av om andre vitne ville fortalt om hendingar i forteljingane på ein annan måte enn informanten (Bruner, 1990). At forskaren deltek der foreldreskapet utspelar seg, vil såleis ikkje ha ein «Big Brother»- effekt, slik Fangen (2004, s. 173) omtaler ein av fordelane med deltakande observasjon. Samhandlingssituasjonane der informantane praktiserte sitt foreldreskap overfor søner og døtrer medan eg var til stades, ser eg som ei forlenging av samtalen mellom dei og meg i intervjuet. Det vart eit kontinuum som besto av intervjuet og familien sin sjølvrepresentasjon i den tida eg var til stades. Som forskar var eg deltakar i konstruksjon av mening, både i samtalen og i samhandlingssituasjonane med born og andre familiemedlemmer. Det bildet informantane medvite eller umedvite ynskte å vise av sin foreldrepraksis overfor meg, ei etnisk norsk kvinne med sosialarbeidarbakgrunn, gav informasjon om kva forståingar som var aktive. Holstein og Gubrium (1995) beskriv meiningsdanning som ein fortolkande praksis menneske kontinuerleg held på med, der ein gjev mening til hendingar på nye måtar etter som nye erfaringar blir lagt til i livet. Denne prosessen føregår også gjennom forskingsintervjuet. Forskar og informant har begge både rett til og kompetanse i tolkande praksis. Informanten er invitert av og blir assistert av forskaren i å komponere mening (1995, s. 29). Intervjuet eg gjorde, besto mellom anna av foreldra sine forteljingar om eigen foreldrepraksis i fortid og notid. Forteljingane vart gjevne

meining både spontant og på oppmoding. Spørsmål som «Korleis har det seg at det vart slik?» eller «Kva trur du ho meinte då ho sa det?» inviterte, slik Holstein og Gubrium beskriv, til å gjere forteljinga relevante for dei forskingsspørsmåla som er aktuelle (1995, s. 17).

Opplevingar og samspel som eg fekk del i gjennom intervjuet, men som ikkje kan transkriberast, har eg i større eller mindre grad felles med alle som gjer forskingsintervju. Dilemma som gjeld dette er rikt beskrive i metodelitteraturen (Holstein & Gubrium, 1995; Kvale & Brinkmann, 2009; Riessman, 2008) Nokre av mine intervju var fulle av samspel og nonverbale opplevingar som viste nettopp foreldrepraksis, sjølve temaet for intervjuet, fordi barn og ungdommar i familien delvis var til stades. Ulvik (2007) beskriv korleis heimen som arena for intervju om foreldreskap kan gje tilleggskunnskap utanom intervjuteksten. Ho kallar dette «fortolkningsramme» for intervjutekstane. Bjørnholt og Farstad (2014) gjev også gode eksempel på korleis samspelet i intervju med par gjev verdifull tilleggsinformasjon til verbale ytringar, men blir ekskludert som data fordi samtykket ikkje inkluderer dette. Dei beskriv det som ein del av kunnskapsbasen dei bygger analysen på (s. 13). Eg vel å sjå på både dette og samværet etter intervjuet slik Ulvik og Bjørnholt og Farstad gjer. Då blir det å rekne som ein del av *konteksten* eg brukar til å fortolke data, men *ikkje* som data i seg sjølv.

Eg vil kome med eit døme på dette. I intervjuet la Ashkan vekt på at borna hans skulle få seie si meining i heimen. Han likte dårleg at andre innvandrarakter praktiserte det han meinte var for autoritær oppseding. Seinare kom sonen Omar på 18 år inn og var med i samtalen, og han skreiv under på samtykke til lydopptak. Då temaet var diskriminering på arbeidsmarknaden, trakk Ashkan fram at polakkar i store flokkar som ikkje kan eit ord norsk, får arbeid i Noreg, medan hans familiemedlemmer som er norske statsborgarar ikkje har fått det. «Jamen pappa, du må sjønne at.....», starta Omar då, og ville forklare nokre strukturelle forskjellar mellom desse to gruppene. Denne «belærande» tonen frå Omar såg ut til å vere akseptert frå faren si side. Då vi seinare åt middag som Ashkan var stolt over å ha kokt, sa han: «Jeg er beste kokken i familien!» «Det sier han alltid!», forklarte ein annan av sønene meg, i det eg oppfatta som ein litt tergende tone. Dette hørde alle rundt bordet, og kommentaren vekte latter utan at det virka til å forstyrre faren. For meg vart dette eit døme på korleis Ashkan praktiserte verdien at søner og døtrer skal få seie si meining i heimen, i tråd med Bjørnholt og Farstad (2014) si framstilling av korleis samspelet i parintervjua

bekrefta dei verbale ytringane (s. 8). Ashkan skaper seg sjølv som far både i intervjuet og gjennom sin farspraksis så lenge samværet varer. Meiningskonstruksjon framstår ikkje i eit vakuum, men i den konteksten der eg er saman med familien.

4.4 Transkribering

Det vart gjort lydopptak av alle intervjua utanom eit, og det vart gjeve skriftleg samtykke til dette. Eit av foreldrepara samtykka ikkje til bruk av lydopptak. I dette tilfellet vart notat nedteikna av meg, foreldra fekk teksten tilsendt for kontroll, og korrigerde dette før det inngikk i materialet. Alle opptak er transkriberte. Det er kjøpt tenester til transkribering av dei fleste intervjua. Eg transkriberte sjølv dei intervjua som språkleg var mest kompliserte, og skreiv inn tolkingar der det var nødvendig. Deretter anonymiserte eg ved å fjerne alle personnamn og stadnamn som kunne identifisere stader i Noreg. Namn på barn vart erstatta med D1, D2, S1 (dotter 1, dotter 2, son 1) og så vidare. Desse anonymiserte intervjua var tekstane som utgjorde datamaterialet for analyse. Med dette anonymiserte materialet for hand kunne eg ta eit steg tilbake og søke den avstanden som er ynskjeleg for eit analytisk blikk.

4.5 Analysearbeidet

I det fylgjande vil eg gjere greie for analyseprosessen, der eg tok i bruk teorigrunnlaget og dei analytiske omgrepa som er presenterte i kapittel tre. Som fylgje av at *fleirstemmig tale/ytring* vart nytta som analytisk omgrep i artikkel II og III (sjå 3.1.4.1), måtte sitata frå intervjua i artiklane vere lange nok til at det gav mening å analysere dei som fleirstemmige. Av den grunn vart det i artiklane plass til berre avgrensa døme på korleis analysereiskapa er brukte på empirien. Difor vil eg i dette kapitlet vise meir utdjupande korleis eg har anvendt dei teoretiske omgrepa, ved hjelp av døme frå analysane. I 4.5.3 kjem døme på korleis analyseomgrepa frå dialogismen er brukt på empirien.

Det sosiokulturelle teoretiske rammeverket med vekt på praksisar og den mening praksisar får, var utgangspunkt for studien. Studien har eit empirinært design (Charmaz, 2014; Haavind, 2000), så *omgrepa* eg brukar til å forstå materialet med, var ikkje valde på førehand. Resultatet av dei første analyserundane skapte trong for nye omgrep å forstå med, og desse igjen medverka til å styre kva eg fekk auge på i analysane. Det har vore ein

vekselverknad her, slik Haavind (2000) beskriv. Nye forskings spørsmål og måtar å organisere materialet på, vaks fram i vekselverknad mellom analyse av empirien, teori, tidlegare forskning og ny forståing av empirien. Ved at analysestrategien vart skapt i møtet med empirien, kunne eg til dels unngå å reprodusere implisitte forståingar (Ulvik 2007, s.46) som ligg i førehandsdefinerte omgrep og kategoriar. Eksempel på kva eg oppnådde med dette er omtalt i kapittel seks om å unngå akkulturasjonsomgrepet i artikkel III. I samandraget av artikkel I (kapittel fem) er også nemnt kva eg oppnådde med å unngå Epstein (1997, 2010) sine predefinerte kategoriar for foreldreinvolvering i forskingsdesignet. I tillegg til Haavind (2000) sin fortolkande metode, har to tradisjonar har vore sentrale for å analysere på dialognivå. I artikkel I er *posisjoneringsteori* brukt (Davies & Harré 1990; Harré et al. 2009). I artikkel II og III er *fleirstemmig tale/ytring* brukt som analytisk omgrep, og i artikkel III er *verdiforming* brukt som endringsomgrep. Begge dei to siste omgrepa er henta frå Bakhtin (2003).

4.5.1 Fortolkande metode

I dei opne, fortellande intervjuar innanfor ramma *Foreldreskap i eksil* fekk både venta og uventa tema plass. Analysestrategiane i dei første analyserundane var inspirert av Haavind (2000), Søndergaard (2000) og Ulvik (2007). Konkret henta eg mellom anna inspirasjon til analyse spørsmål frå desse forskarane. Dei første analysane fann stad både mellom dei to intervjurundane og etter at dei fleste intervjuar var gjennomførte. Analyseprosessen inneheldt både systematiske og meir kreativt utforskande periodar. Haavind (2000) skil mellom å søke på langs og på tvers i materialet. I min studie innebar det å søke på langs i alle fortellingane frå foreldra i *ein* familie, og søke på tvers ved å stille dei same analytiske spørsmåla til alle intervjuar, og sjå desse i samanheng.

Etter første gjennomlesing av samla materiale, laga eg ein matrise for grovsortering av tema. Neste steg var å gå gjennom intervjuar i ein av familiane og sortere tema meir detaljert, markere dei med fargekodar og setje namn på dei. Her brukte eg også kodar for meiningsskapinga i forteljingane. Arbeidet gav over seksti kodar. Dette fargekartet brukte eg så til å gå gjennom intervjuar med alle familiane. Kodar som i denne gjennomgangen vart mykje brukte i det samla materialet, valde eg så ut for å arbeide med vidare. Døme på ein slik kode er *barna sin skulegang/mangel på skulegang*. Eg bestemte meg for å forfylgje

dette temaet, og støvsuga (Haavind, 2000) heile materialet for utsegner som var knytt til dette. Eg brukte ordsøk (t. d. *skole*), men dette hadde avgrensa verdi, då informantane kunne bruke heilt andre ord i utsegner som omhandla temaet. Ein meiningsskapingskode eg hadde laga for å sette ord på måten foreldra snakka om si eiga rolle i ulike situasjonar, var *agency*. Eg såg då at i fleire intervju var *agency* ofte kombinert med koden *barna sin skulegang/mangel på skulegang*. Eg kunne sjå at foreldra ofte omtalte seg sjølv på agentiske måtar i samband med borna sin skulegang. Då eg byrja å søke etter tidlegare forskning om flyktningsforeldre og deira innsats for borna si utdanning, vart eg overraska over det store spriket mellom resultata i desse studiane og mine foreløpige analysar. Eg bestemte meg difor for å gje dette temaet analytisk prioritet, og leita så etter ein teoretisk vinkel som kunne belyse dette. Desse analysane vart grunnlaget for artikkel I.

Dette dømet illustrerer den metodologiske prosessen slik den er framstilt hos Haavind (2000, s.29), som ein vekselverknad mellom materialet, tidlegare forskning og teori, i ein spiralliknande prosess. Liknande prosessar føregjekk med andre tema. Alle intervju vart gjennomførte for dei tema som gjennom dei første analysane såg ut til å vere mest framtrødande. Intervjusekvensane der desse tema var synlege, vart skilt ut for vidare analyse. Analytiske omgrep vart prøvde ut på deler av materialet, fleire av desse vart forkasta igjen, og nye vart utprøvde. Tema vart også omformulerte, forkasta og vidareførde. I denne prosessen veksla det kva som vart rekna som figur og som bakgrunn. Prosessen med å prøve ut og forkaste ulike analytiske omgrep og tema i materialet landa på dei tema og dei analytiske omgrepa som er representerte i dei tre artiklane. Rikdomen i materialet gjev høve til mange fleire problemstillingar og tema enn dei som er valde ut. Følgjande tema og analytiske omgrep vart prioriterte:

- Barn si utdanning og foreldra si involvering i dette (Artikkel I)
- Fleirstemmige fortellingar om foreldrepraksisar i kulturelt komplekse kontaktsoner (Artikkel II)
- Forandring i foreldreskapet etter migrasjon (Artikkel III)

I dei neste avsnitta vil eg gjere greie for *kva* analytiske spørsmål eg stilte til tekstane inspirert av dei analytiske omgrepa som vart valde for kvar artikkel.

4.5.2 Artikkel I og analyse inspirert av posisjoneringsteori

I kapittel tre viste eg korleis omgrepa frå posisjoneringsteori vart brukte i artikkel I. Intervjusekvensar med andre tema enn involvering i skulen vart også analyserte ut frå posisjoneringsteori. Mellom anna gjeld dette sekvensar der posisjonering av eigne foreldrepraksisar og andre sine foreldrepraksisar i Noreg og i heimlandet vart analysert fram, og der Søndergaard (2000) sine omgrep om inn- og ekskluderande prosessar vart brukt. Foreldreinvolvering i skulen vart likevel valt som tema for den artikkelen der posisjoneringsteori informerer analysen, ut frå volumet og vekta dette temaet representerte i materialet.

4.5.3 Artikkel II og III og analyse inspirert av dialogismen

I det fylgjande vil eg vise korleis analyseomgrepa som eg henta frå Bakhtin sin tradisjon og som vart presenterte i kapittel tre, er vidareutvikla og brukte i analysane til artikkel II og III. Eit tema som gjekk att i mitt materiale var forteljingar om forandring i foreldreskapet og kjeldene til forandringane. På dette området opplevde eg at dei tilgjengelege forståingsmåtane ikkje strakk til. I samtale med ein migrasjonsforskar der eg problematiserte dette, fekk eg tips om å utforske Bakhtin sitt omgrep *fleirstemmig tale*. Ved å studere Bakhtin (1981), vart eg så merksam på uttrykket som eg på norsk kallar *verdiforming*. Til saman har desse omgrepa gjeve eit tilfredsstillande omgrepsapparat for mine analysar. Leitinga etter omgrep å forstå med, var såleis grunnlaget for at bakhtinske omgrep vart så sentrale i studien.

4.5.3.1 *Fleirstemmig tale/ytring som analyseverktøy*

Det fleirstemmige temaet hos Bakhtin må utviklast vidare for å bli nyttig reiskap til å analysere intervju. Aveling et al. (2015) har gjort eit arbeid i slik retning med den metodiske artikkelen *A qualitative method for analyzing multivoicedness* og eg har nytta meg av denne vidareutviklinga som analyseverktøy. Forfattarane viser til både eigne og andre sine studiar der tekst og tale i ein interkulturell setting blir analysert, og hybriditet ofte blir analysert fram. Relevansen av konseptet *multivoicedness* blir då tydeleg. I mi analyse av det fleirstemmige har eg nytta meg av tre analytiske spørsmål som blir skissert i denne artikkelen for å spørje etter det fleirstemmige i teksten.

Det første spørsmålet er kva eigne stemmer som kan høyrast i intervjuteksten. Dette handlar om å sjå etter korleis den som snakkar kan skifte mellom ulike stemmer, til og med innanfor same ytring. Til dømes viser eg i analysen korleis eit slikt skifte kjem fram i intervjuet med ein far, Salman, som snakkar om barna sine plikter i heimen. Han snakkar av og til med stemma til ein «far som ventar meir av døtrer enn søner», og skiftar mellom denne og «far som praktiserer kjønnsnøytrale plikter for barn»- stemma. Aveling et al. (2015) peikar på at dei ulike stemmene er tilpassa brukt i bestemte relasjonar og i bestemte kontekstar. I min studie vil deltakarane utvikle mors- og farsstemmer som er tilpassa ulike relasjonar og kontekstar dei deltek i, men dei ulike stemmene kan likevel høyrast i same samtale med meg.

Det andre spørsmålet er kva indre stemmer frå andre kan ein høyre i ytringa. Aveling et al. (2015) påpeikar at i teksten kan slike indre-andre dukke opp på ulike måtar, til dømes direkte sitat. Illustrerande døme på dette finn eg når Abdul fortel om at storfamilien framhevar han og kona som eksempel når dei skal gje barna sine råd i ekteskapet: «Vi er et eksempel for dem. Så de sier til hverandre: ‘Gå og lær av Abdul og Jamila’». Det kan vere indirekte sitat, som når ei mor seier: «Av og til så sier søstera mi at barna våre er flinkere enn oss, egentlig». *Ekko* er ei meir subtil form for andre-stemmer. I tråd med Bakhtin (2003) sitt uttrykk at orda våre er halvvegs andre sine og at dei av og til kjennest framande i munnen til den som snakkar (s.92), beskriv Aveling et al. (2015, s.673) dette som lånte stemmer frå andre som ikkje framstår som talaren si eiga stemme. Slike ekko kan høyrast i form av meining som er henta frå skrivne tekstar, eller nytt meiningsinnhald som talaren har høyrst og sjølv prøver ut.

For menneske i kulturelt komplekse kontaktsoner vil tilværet vere fullt av meiningsinnhald som er i rørsle mellom Bakhtin sine ulike kategoriar av indre-andre-stemmer. Eg skal no vise korleis eg har analysert eit utdrag frå eit intervju som døme på ei slik indre andre stemme, her konkret analysert fram som eit ekko. Utdraget er frå intervju med eit foreldrepar som har berre gutar, og den eldste er i slutten av tenåra.

1. Mor: Av og til sier jeg takk og pris for at jeg ikke har noen jenter. (...) Hvis jenta har forelsket seg i en gutt, og var ute med denne gutten, og sov med denne gutten og hadde sex, så skulle jeg ikke snakke med henne. (...) Jeg kunne nekte å si at det er min datter.

Litt seinare i intervjuet tok eg opp igjen dette temaet med mor:

2. Kari: Du seier at viss de hadde ei jente, ville du ha vore veldig bekymra. (...) Men er du bekymra for at gutane skal ha sex før dei er gift?
3. Mor: Ja, og jeg sier sånn: Det er veldig haram i islamsk religion.
4. Kari: Du snakka om kor skamfulle foreldre kan vere viss dattera hadde ein hemmeleg kjæreste. Men ville det følast som skam viss guten dykkar hadde ein hemmeleg kjæreste, som han hadde sex med?
5. Mor: Godt spørsmål. Ææææ... selvfølgelig er det ikke bra. Og det er skam. Men kanskje for jentene er det litt mer.

Siste delen av mor si utsegn (3): «Ja, og jeg sier sånn: Det er veldig haram i islamsk religion», er analysert som eit ekko. Eg spør om ho er bekymra (2), og ho svarar med ei stemme som uttrykker kva som er riktig i religionen (3). Eg høyrer det som ekko frå religiøse skrifter eller religiøse lærde sine taler, om at sex før ekteskapet er haram uansett kjønn. I første utsegna (1) snakkar ho med ei morsstemme som indirekte uttrykker stor skilnad på søner og døtrer i spørsmålet om sex før ekteskapet, noko som er uttrykt i den store lettelsen over å ikkje ha døtrer som kan komme i ein slik situasjon, samtidig som den eldste sonen faktisk er i aktuell alder for noko slikt. Denne stemma står i sterk kontrast til ekkoet frå det religiøst riktige. I dialogen trekker mi stemme så fram temaet «skam», som mor har nemnt tidlegare i fortellingar om familiar i eksilmiljøet som har døtrer (4). I hennar svar (5) høyrer eg ei morsstemme som snakkar fram eit kompromiss mellom den store lettelsen hennar eiga stemme i (1) uttrykker, og ekkoet i (3). Desse tre stemmene står i kontrast til kvarandre og er analyserte som motsetningsfylte.

Det tredje spørsmålet er i tråd med Aveling et al. (2015) sine anbefalingar om å sjå på *interaksjonen og dynamikken mellom* stemmene. Korleis er forholdet mellom talaren sine ulike eigne stemmer, autodialogen? Korleis interagerer indre-andre stemmer av ulike typar og talaren sine eigne stemmer? Framstår stemmene som motsetningsfylte, gjensidig forsterkande, støttar dei kvarandre eller stiller dei spørsmål til kvarandre? Skal ein sjå på forholdet mellom mor sine stemmer i dialogen ovanfor, kan til dømes seie at stemma i (5) opptre som forhandlar mellom morsstemma i (1) og ekkoet i (3).

Eg såg også etter *adressivitet* i ytringane (Bakhtin, 1998, s.39). Her ser ein på kven ytringa er retta mot, både direkte og indirekte, slik dette er skildra i kapittel tre. I eit av intervjuet såg eg adressiviteten kome fram direkte frå ein far som var bekymra for dei eldste sønene sine på arbeidsmarknaden: «Vi vil gjerne sende en melding via deg til den norske staten. Vi vil gjerne du skal fortelle at vi utlendinger som bor i Noreg er mye bedre enn polakker og

diverse, angående arbeid og arbeidsvilje, da.» Denne faren forsto intervjuet med meg som ein direkte eller indirekte yringskanal til staten. Men som regel vil adressivitet vise seg mykje meir subtilt, mellom anna gjennom kva omsyn talaren tek til adressaten. Det kan vere fleire grunnar til å stille adressatspørsmål til mine intervju. Eg som intervjuar representerte majoriteten, og alle foreldra representerte minoritetar frå muslimske land. Den generaliserte majoriteten kan ha vore ein sannsynleg adressat for ytringar i intervju, i tillegg til meg, eller representert ved meg. Som tidlegare nemnt, har sterke meininger om muslimar og ikkje minst muslimar sine familieliv vore langt framme i samfunnsdebatten i perioden intervju fann stad. Omsyn til fordommar, sympatiar og antipatiar som foreldra har hatt førestillingar om, som dei vil føregripe eller imøtegå, kan vere lagt inn i ytringane. I dialogen mellom mor og meg ovanfor, kan ein forstå ytringa om søner og sex som adressert til ein generalisert majoritet: «Ja, og jeg sier sånn: Det er veldig haram i islamsk religion.» Ytringa kan vere retta mot den vanlege forståinga i norsk majoritetsbefolkning at æresrelatert kontroll spesifikt av jenter har sin grunn i Islam.

Desse ulike spørsmåla som Aveling et al. (2015) har utvikla, var i analyseprosessen til hjelp for å kunne stille Bakhtin (2003, s. 164) sitt spørsmål: «Hvem taler egentlig?»

4.5.3.2 *Verdiforming brukt som analyseverktøy*

I kapittel tre greidde eg ut om omgrepet *verdiforming*, og argumenterte for å bruke dette som forandringsomgrep i analysen av forteljingar om forandring i foreldreskapet. Bakhtin (2003) skildrar at det produktive i verdiformingsprosessen ligg i kampen mellom motstridande ord. I det fylgjande vil eg vise eit eksempel på korleis verdiformingsomgrepet har informert analysen av forteljingar om endringsprosessar. Her er det analysert fram kritisk, selektiv testing av framande praksisar, som eg har nemnt at Matusov (2007) legg vekt på i verdiformingsprosessen. Khalid si forteljing frå den første tida borna hans gikk på norsk skule, tener som eksempel på slik framfortald testing i materialet. Borna kom heim frå skulen og meinte at når dei kom i konflikt med etnisk norske born, heldt lærarane med dei norske. Lærarane viste nemleg ingen reaksjon overfor barn som hadde vore slemme, dei berre sa noko til dei, og så gikk dei. Borna fekk ikkje noko straff for å vere slemme. Khalid fortel at han snakka med lærarane, og fekk vite at dei hadde gjeve ein reaksjon. Snakkinga var ein reaksjon. Khalid hørde forklaringa, men forsto den ikkje:

Jeg måtte spørre flyktningkonsulentene, (...) måtte snakke med rektoren og læreren. Forklaringen, jeg hadde fått forklaringen. Men forståelse? Nei, jeg hadde ikke forstått det. (...) På grunn av forståelse som jeg la inn i oppdragelse. Klarte ikke å forstå hva de snakket om. (...) Jeg forsto at de hadde snakket med barnet. Men var det reaksjon? (...) Her var vi uenige.

Khalid beskriver her kampen mellom motstridende måter å forstå oppseding på. Den foregikk dels som indre dialog, og dels i samtaler med norske profesjonelle som han var i kontakt med. Mening utfoldes seg i dialogen mellom menneske (Bachtin & Medvedev, 1985, s. 8), slik også her. Khalid beskriver at det tok flere år før han både forsto at autoritet kunne visst på flere måter, og kunne ta i bruk dette sjølv overfor borna sine:

Jeg brukte mange år til jeg merket at ja, nå fungerer det at du sier det slik: «Nå legger du deg. Klokka er ti, da legger du deg.» Jeg kan si, nå først har jeg forstått, ja. Nå har jeg forandret meg. Eller jeg har forandret min forståelse av oppdragelse.

Her kan kampen mellom dei ulike stemmene analyserast fram, den arbeidssame prosessen mellom det framande og det kjende der framande ord flettar seg inn og gjennom kritisk vurdering langsamt blir indre overtydande, blanda med mening og forståing som Khalid hadde i førevegen. Eg ser prosessen som ein «selektiv tilegnelse af fremmede ord», slik verdiformingsprosessen blir definert (Bachtin 2003, s.165). I Khalid si forteljing framsto det indre overtydande ord om oppseding som *dels hans eige og dels framandt* (Bachtin 2003, s.171). Dette kan belyst men forteljinga han svarte med då eg spurde om eksempel på slik forandra praksis. I forteljinga er ein *snakkepraksis* samanvevd med ein *straffepraksis* analysert fram. Eit alvorleg avtalebrot frå sonen si side vart straffa med at faren ikkje ville snakke med han på fleire dagar. Først då sonen kom gråtande og bad om unnskyldning, fekk far og son den viktige samtalen om avtalebrotet. Eg ser dette som framand praksis (snakkepraksis) Khalid gjorde til sin eigen ved at han «befolker det med sine intentioner, sine accenter, (...) integrerer det i sin meningsmæssige og ekspressive orientering» (Bachtin, 2003, s.92), her ved å legge inn ei ny variant av den straffepraksis han kjende frå før. Og prosessen er ikkje ferdig, ny mening kan framleis tilleggast praksisane. På intervju tidspunktet framstiller Khalid kampen om forståing av autoritet som tilbaketog, men det betyr ikkje at han beskriver eit «endepunkt», slik Bhatia (2002) kritiserer Berry (1997)

sitt integrasjonsideal for. Khalid beskrev til dømes at andre kampar var på gang, mellom anna om kor ofte familiemedlemmene skulle ha kontakt med kvarandre.

4.6 Forskaren sin posisjon

Innanfor eit sosialkonstruksjonistisk rammeverk blir forskaren som person rekna som ei synleg kraft i forskingsprosessen, ikkje som ein «bias» (Holstein & Gubrium, 2016, s. 68). Forskaren er kulturelt og historisk situert, tek tilgjengelege diskursar i bruk, og dette verkar inn på heile forskingsprosessen (Holstein & Gubrium, 1995, 2016). Alle forskaren sine erfaringar blir i prinsippet rekna som ressursar i forskingsprosessen, også personlege og private. I samband med dette gjer forskaren ofte greie for si førforståing (Thagaard, 2009, s.159), og faktorar utanom sjølve forskingsprosessen blir inkluderte der. Kva påverka forskaren sitt blikk før ein gikk inn i prosessen? I mitt tilfelle er det naturleg å også gjere greie for forståing som har andre kjelder enn forskingsprosessen, og som eg tileigna meg *undervegs*.

Foreldreskap er eit allment fenomen. Eg har sjølv foreldre, og eg er mor. Foreldrepraksisar og meiningsskaping om desse har eg observert som barn og vaksen, vore ein del av som barn og delteke i som vaksen. Mi førforståing og undervegsforståing er prega av dette.

Mitt majoritetsblikk og velferdsprofesjonsblikk på foreldreskap har prega korleis eg deltok i intervjuet og var saman med familiane i studien. I ettertid kunne eg av og til sjå at mitt blikk i intervjusituasjonane hadde avgrensa forståinga. I samband med den store globale variasjonen i korleis foreldreskap er tilpassa lokal situasjon, peikar Rogoff på omstende der foreldra først og fremst må prioritere borna si fysiske overleving (2003, s.109). Ein av familiane eg intervjuet, hadde levd under svært vanskelege materielle kår gjennom krigsåra i heimlandet. Dette var ein av familiane der kommunikasjonen var utfordrande på grunn av avgrensa norskkunnskapar hos foreldra, og ei vaksen dotter var til stades for å hjelpe til med språket. Eit stykke ut i intervjuet prøvde eg å utforske korleis foreldra oppfatta eventuelle ulikskapar i oppsedingsverdiar mellom miljøet i heimlandet og lokalsamfunnet der dei no budde. Eg prøvde å spørje på mange måtar, og dottera omsette spørsmåla mine, men foreldra såg berre spørjande på meg, og forsto ikkje kva eg spurde om. Etter desse forsøka sa dottera til meg:

Jeg tror ikke de forstår. Du vet, disse årene i hjemlandet brukte de all energien på at vi skulle få nok mat, og å flykte etter hvert som krigshandlingene flyttet seg. De kunne ikke tenke så mye på oppdragelse og sånn. Det er meir etter at de kom hit.

Foreldreskap *i eksil* har eg ikkje sjølv vore ein del av, verken som barn eller vaksen. Førforståinga mi på dette feltet er hovudsakeleg knytt til min bakgrunn som sosionom og familieterapeut. Utdanning og fagleg oppdatering har vore kjelder til kunnskap på området. Arbeid som flyktningkonsulent i ein kommune og som nestleiar på asylsøkarmottak er ei anna kjelde. Som familieterapeut samarbeidde eg med fleire kommunar om foreldrekurs for flyktningforeldre som var nye i landet. Den private kontakta mi med flyktningfamiliar som bur rundt meg har vore av stor verdi. Denne inkluderer foreldre som har vore i Noreg like lenge som informantane i prosjektet, og foreldre som er nyare i Noreg. Denne private kontakta har sensitivert meg for aktuelle tema parallelt med både intervju- og analyseprosessane i prosjektet. Den har inkludert omfattande samvær med familiane, deltaking i kontakta deira med familie i heimlanda og i diasporaen, og utallege samtaler med foreldra. Foreldra har trekt meg med i glede og sorg, i foreldrefrustrasjonar og i samarbeid med profesjonelle rundt borna deira. Desse erfaringane har gjeve meg verdifull innsikt i *omfanget* av utfordringar for foreldra knytt til framandt språk og framande samfunnstilhøve i Noreg. Dei har også gjeve meg innsikt i *omfanget* av kulturelle og personlege ressursar som kan bli tekne i bruk for å handtere situasjonane, av nokon forskarar kalla kulturell, subkulturell eller etnisk kapital (Friberg & Midtbøen, 2017; Leirvik, 2014). Den agentiske handteringa av utfordringane som informantane fortel fram, og framstillinga av at ressursane til å handtere situasjonen kan knyte seg til heimlandet og diasporaen så vel som til Noreg, er to tema analyserte fram i materialet. Sjølv om desse temaa er løfta fram som fylgje av analysar av forteljingane, kan erfaringane eg har gjort parallelt, ha medført at dei har stått spesielt tydeleg fram i analysearbeidet. Informantane sine erfaringar med krig, flukt og eksil var framande for mitt eige familieliv. Difor vil eg rekne min tilgang på privat kontakt med foreldre i eksil som eit privilegium, der eg har fått ein liten flik av den innsikt eg ville hatt ved å forske i foreldreskap nærare min eigen situasjon. Mi før- og undervegsforståing har også vore prega av den historiske konteksten i forskingsperioden, som eg skildra i kapittel ein. Merksemda ikkje-vestlege innvandrarar og spesielt muslimar sine måtar å leve på har fått i norsk samfunnsdebatt i perioden, gjeld i stor grad også foreldreskap. Dette er også

faktorar eg har hatt med meg i analysar og presentasjon av materialet, og det bli nærare diskutert i dei neste avsnitta.

4.7 Ethiske omsyn og refleksjonar

NSD (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste) har godkjent dette forskingsprosjektet (Vedlegg 1). Eg vurderer det slik at studien krev etiske omsyn ut over dette. Det var vore nødvendig å reflektere over etiske utfordringar undervegs. Eg vil gjere greie for begge deler gjennom fire fasar: rekruttering, intervju, personvern gjennom heile forskingsprosessen og presentasjon av studien.

4.7.1 Ethiske omsyn som gjeld samtykke og intervju

Mange har peika på etiske spørsmål i forskning som involverer flyktningar og asylsøkarar, mellom andre Hugman, Pittaway og Bartolomei (2011) og Block et al. (2013). Mellom anna er tema om informert samtykke grundig behandla. Eg har skildra korleis informantar vart rekrutterte gjennom kontaktperson i kommunen. Som Hugman et al. (2011) peikar på, kan misforståing på grunn av ulike språk, grad av leseforståing, forståing av det norske samfunnet og forståing av forskingsprosjektet vere aktuelle problemstillingar for spørsmålet om informert samtykke har funne stad. Alt dette er aktuelt for mitt prosjekt. Har til dømes informasjonsskrivet på morsmålet og kontaktpersonen si munnlege framstilling blitt forstått av alle? Har det blitt forstått at eg representerer ein heilt annan del av samfunnet enn den kommunetilsette gjer? Maktulikskap mellom foreldra og kontaktpersonen i kommunen og mellom foreldra og meg er også aktuelt. Nokre av foreldra var framleis avhengige av kommunen sine tenester. Ville det vere vanskeleg å seie nei til intervju i frykt for å få dårlegare kommunale tenester, trass i at ein slik samanheng var spesifikt avvist i informasjonsskrivet? Ville nokon seie ja fordi dei forsto kontakta med meg som eit høve til å oppnå godar i vårt samfunn? Desse spørsmåla kan ikkje svarast fullt ut på. Det eg veit, er at fleire informantar først hadde sagt ja, men at dei trekte seg før eg fekk kontakt med dei. Dette kan tyde på at høvet til å trekke seg var forstått av desse. Mi telefonkontakt med informantane for å avtale møte, gav i dei aller fleste tilfella inntrykk av dei hadde forstått situasjonen. Eg erfarte også at dei fleste verka godt førebudde då eg kom for å intervjuje.

Eit anna spørsmål som Hugman et al. (2011) peikar på, er kva ulempe det medførte for informantane å delta. Foreldra gav meg av si tid. For dei som var i arbeid, var dette tid i ein travel kvardag. I dei aller fleste tilfella gav foreldra likevel respons som til dømes at det var interessant å vere med, at det var nyttig å tenke igjennom det dei vart spurde om, og at dei gjerne ville bidra. Nokre gav uttrykk for at det var fint å på denne måten få gje noko tilbake til «Noreg». Den overstrøymande velviljen og gjestfridomen overfor meg gjennom intervju, i samvær etterpå og ved avskjeden etter begge intervju, kan eg forstå som analoge stadfestingar av dei verbale uttrykka for dette. Ved avskjeden etter første intervju snakka eg med alle om neste intervju. I to av familiane hadde dei ikkje oppfatta at eg skulle kome ein gong til, og meinte då at eit intervju var nok. Dette vart sjølvsagt akseptert. To foreldrepar fekk eg ikkje kontakt då andre intervju skulle avtalast, trass i god kontakt gjennom første intervju. Dette kan eg forstå som eit uttrykk for at eit intervju til ville ta for lang tid eller av andre grunnar ville medføre for stor ulempe, men at dette var for vanskeleg å seie direkte.

Som Hydén (2014) legg vekt på, vil ein trygg relasjonell kontekst redusere ulempene ved å ta opp sensitive tema i eit forskingsintervju. I ein av familiane der eg gjorde tre intervju, kom eit tema som var skambelagt for foreldra først fram i det tredje intervjuet, noko eg forstår som eit resultat av at relasjonen vår då var trygg nok til dette. Å skape ein kontekst der sensitive tema kjem fram, medfører også eit etisk ansvar for å ta vare på informantane. Eg hadde difor lagt opp til god tid mellom avtalene som gjekk føre seg same dag, for at slik ivaretaking skulle vere muleg.

4.7.2 Ivaretaking av personvern gjennom forskingsprosessen

Som nemnt kan det vere fare for gjenkjenning av familiane på grunn av at få aktuelle familiar hadde blitt buande i nokre av kommunane. Det er ein premiss i prosjektet at familiar ikkje skal kjennast igjen. Nokre intervju hadde svært sensitivt innhald. I tillegg har foreldra fortalt om borna sine, og borna har ikkje fått informasjon om prosjektet eller spørsmål om å gje samtykke til å bli omtalte. Det same gjeld fråskilde ektefeller og ektefeller som ikkje var med på intervju.

Eg har difor gjort ekstra tiltak for å hindre identifisering. Eg har opplyst om kva to fylke familiane bur i, men det var på intervjutidspunktet 62 kommunar i desse to fylka, og eg

opplyser ikkje kva sju kommunar som er representerte. Då eg reiste for å gjennomføre intervju, var mannen min den einaste som visste kvar eg reiste. Bortsett frå ein av bykommunane der det bur mange flyktningar, veit berre han og rettleiar kva kommunar som er representerte. I tillegg kjenner rekrutteringshjelparane til «sine» familiar. I munnleg og skriftleg framstilling i ettertid, der informantutsegner og forteljingar er brukte som døme, har eg ikkje opplyst om familien sitt opphavsland. Namn er sjølv sagt endra, det same gjeld detaljar om familien som ikkje har noko å seie for meininga eksempelet skal illustrere. I skildringa av utvalet i dette kapitlet, er familiare sine ulike kjenneteikn ikkje kopla til kvarandre. Alt dette er meint å bidra til at det skal bli vanskeleg å legge saman opplysningar og såleis identifisere ein familie. I eit tilfelle fekk foreldra tilsendt sitata og omtalen av dei slik dette er brukt i artikkelen. Dette vart gjort for at dei kunne få høve til å uttale seg om anonymiseringa var gjort tilstrekkeleg.

4.7.3 Etisk ansvar i skriftleg og munnleg presentasjon av studien

Forskningsdesign og analysemetode for studien legg vekt på det intersubjektive framfor det objektive i forskarrolla. Prosessen skal likevel vere truverdig og reflektert. Eg har prøvd å løfte fram kompleksiteten og nyansane, men denne vil likevel bli redusert i skriftleg framstilling. Eg har tidlegare vist til foreldreskap i eksil som eit politisk brennbart felt, og at minoritetsforeldre lett blir stereotypisk framstilt i majoritetsdiskursar (Wright, Johnston, Citrin & Soroka, 2017; Yilmaz, 2006). Med dette som bakteppe blir presentasjon av resultat frå denne studien også eit etisk spørsmål. Eg skaper meining med mi skriftlege framstilling. Presentert materiale frå studien kan bidra til å sementere eksisterande stereotypisering, eller vise fram variasjon og nyansere bildet. I lys av rådande majoritetsdiskursar kan det vere ubehag forbunde med å vise fram utsegner frå foreldra som stadfestar stereotypiane. Analysen av foreldreforteljingane som fleirstemmige har i stor grad redusert dette ubehaget. Stemmer i foreldra sin tale som kunne vere eigna til å sementere stereotypiar, har blitt analysert fram som *ei av fleire* stemmer. Det har såleis blitt eit poeng å vise fram det motsetningsfylte i foreldra sin tale. Til dømes er Naima si lærarstemme frå heimlandet analysert fram i artikkel II. I sterk kontrast til ei «vald er skadeleg»- stemme som kjem fram tidlegare i intervjuet, forklarar ho korleis ho og dei andre lærarane i heimlandet tenkte om å slå elevar, og i ytringa tek ho ikkje avstand frå den meininga dei gav praksisen. Denne stemma har eg kalla «det hjelper å slå». Dette kom fram i intervjuet like før borna deira kom heim frå skulen. Det vart såleis ikkje høve til å få det utdjupa. Då eg lenge etter intervjuet

analyserte Naima sine utsegner med blikk for det fleirstemmige, såg eg det som eit godt eksempel på korleis stemmer frå tidlegare samtaler vev seg inn og skaper motsetnad til andre stemmer i talen. Med slikt blikk på ytringa kunne dette sitatet løftast fram som ei av fleire stemmer, og slik bidra som eksempel for å hindre nettopp stigmatisering av foreldre sine praksisar.

Det etiske ansvaret for å ikkje medverke til ulempe på gruppenivå, gjeld også flyktningforeldre sine barn. Stereotypiseringa av foreldra i samfunnsdebatten gjeld mellom anna foreldrepraksisar som er skadelege for barn, slik som vald mot barn og negativ sosial kontroll (Keskinen, 2011). Å selektare vekk element i materialet som representerer slik praksis, vil vere uetisk med tanke på denne gruppa barn, noko eg har vore medviten om. Ikkje noko av empirien er sensurert vekk av slike omsyn.

Det er sannsynleg at stereotypiseringa av flyktningforeldre i samfunnsdebatten påverkar både medborgarar og sosialarbeidarar, og fører til ulempe for familiane. Eg ser difor på presentasjon av mi forskning i seg sjølv som eit etisk ansvar når eg har får høve til det, fordi den kan skape eit breiare kunnskapsgrunnlag og løfte fram foreldra sine motsetningsfylte stemmer, jamfør Hugman et al. (2011). Sidan eg i motsetning til fleire andre forskarar har fått tilgang til fyldige forteljingar frå *fedrestemmer* i eksil, opplever eg eit spesielt etisk ansvar i å presentere min analyse av desse.

4.8 Vurdering av kvalitet i studien

Kvalitetskrava til kvalitative studiar må setjast ut frå studien sin karakter. Eg vil i det fylgjande bruke Andenæs (2000) sine uttrykk *relevans* og *truverd* som kvalitetskrav, ord som er meir relevante for kvalitative studiar enn dei meir kjende uttrykka *reliabilitet* og *validitet*. Eg nyttar også hennar forslag til kriterium for kva *generaliseringspotensial* som ligg i ein studie med fortolkande tilnærming. Heilskapen i den metodologiske gjennomgangen ovanfor har som føremål å gjere forskingsstrategien og analysemetodane synlege, slik at *truverdet* kan vurderast steg for steg. Eg har søkt å vise transparens i korleis intervjumaterialet er skapt, og tydeleggjere analytiske grep og reiskap, slik Andenæs (2000, s.297) skildrar. Sitata frå intervjuet i artiklane og i dette kapitlet inneheld også *mine* spørsmål og innspel, noko som medverkar til auka transparens. Studien legg til grunn eit

sosialkonstruksjonistisk perspektiv på kunnskap og kunnskapsproduksjon, og denne produksjonen har føregått i samskaping mellom meg, informantane og konteksten rundt, slik Holstein og Gubrium (1995, 2016) skildrar. Kravet til truverd i kvantitative analysar som går på at ein annan forskar skal kunne kome til same resultat, vil vere upraktisk å overføre til kvalitative analysar (Andenæs, 2000, s.296). Resultat som er gjennomgåande i mitt materiale, er søkt vist fram i artiklane gjennom sitat. I tillegg til gjennomgåande resultat er det også vist fram variasjon. Kompleksiteten i eit slikt materiale er likevel så omfattande at alle nyansar ikkje kan kome fram.

Andenæs (2000) ser *relevans* som eit overordna krav til framgangsmåtane i datainnsamlinga (s.293). Er dei tilpassa den enkelte studien sitt Føremål og teoretiske forankring? Er resultata relevante i høve til problemstillinga? Eg meiner sjølv at det er god samanheng mellom problemstilling, framgangsmåtar og analysemetodar i studien. Resultata, som blir presenterte i dei neste kapitla, omfattar både tilstandsbilete og forståingsmåtar, og dette blir diskutert i kapittel seks. Når det gjeld forskingsdesignet, kan det diskuterast om *talet på informantar* er ei svak side ved denne studien. Eg ynskte sjølv å ha fleire informantar i utgangspunktet enn eg fekk til å rekruttere. Dei eg fekk, representerer ein god variasjon langs fleire aksar slik tabellane i kapittel fire viser, og det er god fordeling på kjønn. Etter at eg byrja å analysere det samla materialet, såg eg at det var svært rikt, og sidan dette har ikkje fleire informantar vore noko sakn. Materialet som er tilgjengeleg og analysane som er utførte gjev høve til publisering langt ut over det som er ein del av avhandlinga. Spørsmålet om relevans kan også knyte seg til kva tema som har fått analytisk *prioritet* i dei artiklane som er produserte. Her er det gjort tøffe val fordi svært mange tema i intervjuva ville ha relevans for problemstillinga, og dei kunne ha vore analysert på mange andre måtar enn eg har valt. Eg ser at eg mellom anna kunne gjort eksplisitte analysar av kjønna foreldrepraksisar. På den andre sida ville ein slik prioritet gått tydelegare inn i sjølvsegde førestillingar om nettopp etniske minoritetsforeldre, og dei ville kanskje vere viktigare i ein studie av majoritetsforeldre.

Kva generaliseringspotensial ligg det i studien? Andenæs (2000) meiner at det spørsmålet må stillast i etterkant av undersøkinga, når ein ser kva er resultatet er. Tilstandsbilete og forståingsmåtar som er resultat frå studien ser eg på som «sannsynleggjorte kunnskapsforslag» (Andenæs, 2000, s.288), heller enn absolute påstandar i form av

sanningar om korleis noko *er*. Målet i kvalitativ forskning er ikkje generalisering i form av representativitet. Kvale og Brinkman (2009, s.266) peikar i staden på *analytisk generalisering*: Kan resultata i ei undersøking brukast som vegvisar for å studere korleis dette kan sjå ut i ein annan situasjon? Dersom resultata skal kunne vere vegvisar og informere nye undersøkingar, gjeld det at studien presenterer fyldige skildringar som er gyldig lokalt, og som kan prøvast ut i andre kontekstar (Andenæs, 2000). I kapittel seks kjem eg med forslag til kva retning dette kan få.

5 Resultat

Her presenterer eg korte samandrag av dei tre artiklane, og litt om kva av materialet som kan gjevast analytisk prioritet vidare. Metodologi og teori blir ikkje utdjupa her, sidan det blir presentert i tidlegare kapittel. Her blir dei analytiske resultata vektlagt. Dei tre artiklane er presenterte i tre ulike tidsskrift med ulike lesargrupper. Artikkell I er publisert i eit tidsskrift for praksisforskning, med ei brei vifte av profesjonelle som lesarar. Artikkell II er publisert i eit sosialt arbeids tidsskrift med spesiell interesse for internasjonale tilhøve. Artikkell III er til review i eit psykologitidsskrift med reint teoretiske artiklar og teoritunge empiriske artiklar.

5.1 School involvement: Refugee Parents' Narrated Contribution to their Children's Education while Resettled in Norway

<https://tidsskrift.dk/outlines/article/view/26262>

Artikkell I vart publisert i *Oulines - Critical Practice Studies* i 2017 (vol.18. No.1, side 61-80). Når flyktningsfamiliar etablerer seg i eksil, har borna i familien ofte tapt skulegang på grunn av krig, flukt eller midlertidige eksilopphald utan rett til utdanning.

Skuleutfordringane i eksillandet kan vere store, då det tapte skal takast igjen på eit framandt språk. Dette er eit døme på flyktningspesifikk problematikk i familiar som ofte kjem i skuggen av forskinga si vekt på kultur og traume. Korleis medverkar foreldra til borna sin skulegang i denne situasjonen?

Artikkellen utforskar korleis eksisterande forskning posisjonerer innvandrar- og flyktningsforeldre si involvering i skulegangen, og korleis denne hindrar ein del av foreldra sin medverknad i å kome til syne. Vidare utforskar den korleis foreldreinvolvering er fortalt fram i mitt materiale. Foreldra si posisjonering av seg sjølve og andre aktørar er analysert fram, så vel som posisjonen foreldra gjev seg sjølve som ein plass å snakke og handle frå.

Flyktningsforeldre og andre ikkje-vestlege innvandrarforeldre sine bidrag til borna sin skulegang er tematisert både i norsk og anna forskning gjort i vestlege land. Foreldra blir då ofte posisjonerte som meir passive enn majoritetsforeldre i vertslandet, trass i at foreldra sine ambisjonar på borna sine vegne kan vere store. Det er ofte vist til Epstein (1997, 2010) når samarbeid mellom skulen og foreldra skal skildrast. Epstein har utvikla seks typar

foreldreinvolvering som skulen bør ta initiativ til. Trass i at offentleg diskurs om foreldreinvolvering stadig er i endring, tek svært mykje av forskning på området utgangspunkt i desse seks punkta som predefinerte kategoriar i studiane, både når lærarar og når foreldra er informantar. Forskarar som kritiserer desse studiane, peikar på at forskingsdesigna hindrar ein del av foreldra sine bidrag i å bli synlege. Sidan min studie er breitt eksplorerande om foreldreskap i eksil generelt, var foreldreinvolvering i skulen ikkje eit planlagt intervjutema. Gjennom analysearbeidet framsto barns skulegang som eit svært aktuelt tema i foreldra sine forteljingar, og vart dermed valt som analyssetema. Dette forskingsdesignet gav rom for fortellingar om involvering som lett ville ha falle utanfor i forskning ved hjelp av predefinerte foreldreinvolveringskategoriar som Epstein sine. I artikkelen diskuterer eg desse resultata i lys av føreliggande forskning, og utfordrar denne.

Mine analysar viser at alle foreldra var opptekne av borna sin skulegang, og at det var stor variasjon i foreldrepraksisar som søkte å medverke til utdanninga deira. I artikkelen er forteljingane frå foreldre i fire familiar valde ut for å representere variasjonen i materialet. I alle desse familiane var det fleire barn over skulealder då dei kom til Noreg, og desse hadde mist kortare eller lengre del av skulegangen sin. I alle forteljingane posisjonerer foreldra seg sjølve som aktive initiativtakarar overfor skulen. I dei fleste tilfella når foreldra fram med sin innsats, i andre tilfelle opplever dei seg motarbeidde.

Denne studien sitt eksplorerande design gjorde det muleg å gjere synleg involvering også på uformelle måtar. Ein far som ikkje kunne lese eller skrive, posisjonerte sin eigen uformelle kontakt med lærar og rektor som vesentleg for den raske progresjonen til barneflokket som ikkje hadde gått på skule før dei kom til Noreg. I andre tilfelle er det involvering gjennom leksehjelp og offisielle kontaktkanalar med skulen som blir fortalt fram, og foreldra posisjonerer då seg sjølve som aktive initiativtakarar og med ein omfattande innsats for at borna skal kunne ta igjen det tapte. Ei mor brukte sin posisjon som utdanna lærar frå heimlandet til å forhandle med rektor om betre lærevilkår for son sin. Desse agentiske forteljingane står i sterk kontrast til det meste av forskinga si karakterisering av flyktningforeldre sin innsats som mangelfull og passiv.

Mathiessen (2015b) sin eksplorerande studie av skuleinvolvering mellom somaliske mødrer i ein urban del av Danmark, der analysen også er gjort ut frå posisjoneringsteori, fann at

mødrene hadde avgrensa posisjonar tilgjengelege, og ikkje kunne utfordre eller kritisere skulen. Når slike posisjonar ser ut til å vere tilgjengelege for foreldra i min studie, kan det ha samband med mindre lokalsamfunn og høve til tettare kontakt mellom lærarar og foreldre. I andre tilfelle der foreldra i min studie fortel om aktive initiativ gjennom formelle kanalar overfor skulen, opplevde dei seg motarbeidde. Slike situasjonar kan vere forløparar til at flyktningforeldre har resignert og er blitt oppfatta som stille eller vanskelege å få tak i, slik Mathiesen (2015b) beskriv, og som i anna forskning er posisjonert som passivitet. Denne artikkelen viser verdien av å utforske breitt, slik at forskning også kan fange opp former for foreldreinvolvering som ville ha falle utanfor predefinerte kategoriar.

5.2 Parenting in exile: Refugee parents' multivoiced narratives

Artikkel II vart publisert i 2019 i *International Social Work*

<https://doi.org/10.1177/0020872819825778>

Den undersøker korleis flyktningforeldre sine fortellingar om foreldrepraksisar kan bli utforska og konseptualisert, og viser analyse av det fleirstemmige i foreldre sin tale. Tilnærmingar i eksisterande forskning er kritisk diskutert. Når *flyktningar* sine foreldreskap er utforska, er traume og andre mentale konsekvensar av krig og flukt ofte vektlagt. Når foreldra er kategoriserte som *innvandrarar* og migrasjonen sin innverknad på foreldreskapet er studert, er det oftast lagt vekt på kulturelle skilnader mellom heimlandet og vertslandet. Når statiske oppfatningar av kultur er lagt til grunn, leier denne vektlegginga ofte til at foreldreskap blir konseptualiserte innanfor dikotomiserte kategoriar.

Artikkelen baserer seg på analysar av fleirstemmige ytringar i intervjusekvensar frå mange av familiane. Dei analytiske resultatane er presenterte ved hjelp av eitt foreldrepar sine fortellingar, for å vise døme på det store mangfaldet av stemmer i talen til berre to foreldre gjennom to lange intervju. Både stemmer som støttar kvarandre og motsetningsfylte mors- og fars- stemmer er identifiserte. Desse stemmene speglar den kulturelt komplekse kontaktsona foreldra lever i, der dei forsyner seg av impulsar til foreldreskapet sitt både transnasjonalt, nasjonalt og lokalt. Impulsar vev seg inn frå fortida, frå utdanning i heimdistriktet og frå arbeidspraksis i heimlandet. Dei nyttar seg av vertslandet si opning for omsorgsarrangement som dei seier ville fått familien i heimlandet til å tenke at her gjer kona mannen sin jobb og mannen gjer kona sin jobb. Dei tileignar seg impulsar gjennom direkte kontakt med menneske i den komplekse kontaktsona dei rører seg i, og gjennom digitale

kanalar. Alt dette vev seg inn i foreldra sin tale. Foreldrepraksisane dei fortel om, er analyserte fram som unike hybridar. Dei kopierer ikkje berre praksisar dei møter i vertslandet. Foreldra sitt omfattande arbeid å med kome til rette med dei motstridande impulsane ber preg av hardt arbeid som lett kan bli undervurdert. Dette står i motsetnad til vekta på det mangelfulle og sårbare som ofte pregar forskning om foreldreskap i eksil.

I denne artikkelen har omgrepet *fleirstemmig tale* vist seg som fruktbart for å forstå kompleksiteten i flyktningforeldre sine foreldrepraksisar i det nye vertslandet. Dei mangfaldige stemmene som er analysert fram i foreldra sin tale, medverkar til å overskride dikotomiar om foreldreskap i eksil. Som analytisk verktøy legg det fleirstemmige vekt på at foreldre sine enkelte ytringar om foreldrepraksisar er *ei av fleire stemmer* som er innbakt i fleirstemmig tale. Foreldrepraksisar er eit av dei vanlegaste temaa i sosialarbeidarar sin kommunikasjon med foreldre. Analysen i artikkelen kan inspirere sosialarbeidarar til å unngå fordommar om flyktningforeldre sine praksisar basert på enkeltytringar frå foreldre si side. Slik kan denne analysen medverke til mindre diskriminerande praksisar i sosialt arbeid. Det fleirstemmige og motstridande i menneskeleg tale blir i bakhtinsk tilnærming sett på som eit kjenneteikn ved tale generelt. Såleis kan artikkelen også inspirere sosialarbeidarar til utforskande praksis med alle foreldre, ved å lytte etter fleire stemmer i foreldre sin tale og såleis utforske kva meining dei gjev til praksisane sine.

5.3 Parenting in exile: narratives of how parenting practices evolve in transnational contact zones

Artikkel III er til vurdering etter revidering i tidsskriftet *Theory & Psychology*.

Bakhtin sitt omgrep fleirstemmig tale (2003) er brukt som analysereiskap, og den utforskar korleis foreldre i eksil fortel om og forklarar forandring i eigne foreldrepraksisar i løpet av tida i vertslandet. Slike forteljingar frå mange av foreldra vart analyserte som fleirstemmig tale. I denne artikkelen er sekvensar frå intervjuar i to familiar valde ut for å representere variasjonen i det analyserte materialet. Den kulturelt komplekse konteksten for foreldreskap i eksil er forstått som transnasjonale kontaktsoner. Akkulturasjon er eit mykje brukt omgrep for endringsprosessar etter migrasjon. I denne artikkelen er omgrepet diskutert og kritisert. Eg argumenterer for å i staden for akkulturasjon bruke Bakhtin sitt omgrep *verdiforming* (Bachtin 2003) som endringsomgrep for å forstå korleis foreldrepraksisar utviklar seg. Dette omgrepet gjer synleg foreldra si kritiske vurdering av dei framande praksisane dei møtte i

vertslandet, korleis dei selektivt tileigna seg visse praksisar og integrerte dei i sin eigen meiningsmessige orientering, og gjorde agentisk innovasjon av eigne praksisar mogeleg.

Analysane viser framfortalde endringsprosessar fylte av ambivalens, kompleksitet og mangfald. Variasjonen i korleis endringsprosessane blir omtalte og kva faktorar foreldra meinte påverka endringsprosessane, er samla i desse to variantane:

- Forandring av foreldreskap fortalt i ein moderniseringsdiskurs, der «tid» blir gjort relevant, men ikkje «stad».

Analysane av endringsforteljingane frå eitt foreldrepar er her trekte fram som eit case. Deira tale er skildra som mangfaldige og dels motstridande stemmer. Foreldra distanserer seg både frå sine eigne foreldre sine praksisar og frå foreldrepraksisar dei ser rundt seg i vertslandet. Inspirasjon til praksisar som bryt med foreldra sine blir henta frå til dømes barnefagleg profesjonelle på ein arabisk TV-kanal, frå arabiske videoar på YouTube og frå ei norsk helsesøster. Dikotomiane som desse foreldra brukar, passar ikkje med ein postkolonial Aust-Vest- dikotomi. Dei skil mellom det gammaldagse og u-utdanna som foreldra sto for, og det moderne og utdanna som dei sjølve står for. Grensene mellom det gammaldagse og det moderne blir ikkje trekte opp langs geografiske, nasjonale eller kulturelle grenselinjer. Deira forteljingar passar godt til ideen om *deterritorialisering* av kultur (Hermans & Kempen 1998). Dei fortel om utvikling av foreldrepraksisar medan dei budde i Noreg, men vi veit ikkje om dei kunne ha fortalt liknande moderniseringsforteljingar om dei var blitt buande i heimlandet.

- Forteljingar om personleg forbetring av foreldrepraksisar der «stad» blir gjort relevant.

I materialet til denne studien er det mange forteljingar om endra foreldrepraksisar som resultat av at informantane har observert, tolka og reflektert over andre sine praksisar med barn, der praksisane var nye og framande for dei. Dette gjeld både foreldrepraksisar dei har sett i lokalsamfunnet, og profesjonelle sine praksisar med barn. Desse prosessane er analyserte som selektiv observasjon etterfylgd av reflekterande arbeid der desse impulsane blir bakt inn i eigne praksisar. Kjenneteikna ved verdiformingsprosessen er såleis veleigna til å analysere det som er fortalt. Ein far sine forteljingar tener som døme på dette i artikkelen. I hans forteljingar er stad gjort relevant. Hans forståing stemmer såleis betre med majoritetsforståingar der forandringar har karakter av personleg forbetring av praksis, som resultat av å ha flytta til Vesten. Analysen bringer likevel med seg interessante perspektiv,

då verbale råd frå profesjonelle er nærast fråverande i forteljingane om kva som førte til endring i foreldreskapet, og dei agentiske forteljingane skildrar det harde arbeidet i endringsprosessane.

Analysen av forteljingar som fleirstemmig tale og bruken av verdiforming som endringsomgrep overskrid majoritetsdiskursar om foreldreskap i eksil. Foreldrestemmer som legitimerer reaksjonære praksisar er analysert som *ei av fleire* motstridande stemmer. Analysen av endringsprosessane som *verdiforming* har gjort synleg korleis framande praksisar blir kritisk vurderte, og korleis utvalde element gjennom hardt arbeid blir inkorporerte i eigen praksis. Verdiformingsomgrepet kan også medverke til å forstå krafta i å observere andre sine praksisar utan at verbale råd om foreldreskapet er med i bildet. Bakhtin si utlegging om verdiformingsprosessen skildrar tileigning av det framande gjennom ein ikkje-autoritær prosess, der mennesket tek til seg det nye ut frå eige val. Ikkje-planlagde observasjonar gjev høve til ein slik tileigningsprosess på eigne premissar. Vidare er verdiforming eit endringsomgrep som ikkje er knytt til migrasjon. Ved å nytte dette framfor akkulturasjon til å analysere endringsprosessane, blir eit breiare syn på endringar i eksilet muleg, der kjelda for endringar ikkje treng å vere avgrensa til migrasjonen og impulsar i vertslandet.

5.4 Planlagde analysar frå studien

Materialet i studien er rikt, og eg har gjort analysar av mykje materiale som ikkje er brukt i artikkelar enno. Mellom anna er det gjort analysar av foreldra sin tale om kva ektefeller dei ynskjer at borna skal få. Foreldrestemmer om dette temaet i sju av familiane er analyserte fram etter prinsippa om fleirstemmig tale. Tema om kva potensielle framtidige ektefeller foreldra ynskjer for borna sine, erfaringar frå barna sine ekteskap og planlagde giftarmål er med i forteljingane. Variasjon er analysert fram i dei ulike kategoriane som blir gjort relevante i foreldra sine preferansar, kva mening preferansane blir gitt, i kva grad arrangerte ekteskap eller kjærleiksekteskap er tema, og kva meningsbrytningar som blir synlege i ytringane.

Analysane er døme på analysar som kan vere grunnlag for fleire artikkelar.

6 Diskusjon og avslutning

I dette kapitlet vil eg diskutere kva kunnskap som har kome ut av å studere og analysere foreldrepraksisar og meiningsskaping i flyktningforeldre sine forteljingar på den måten eg har gjort. Studien har undersøkt fylgjande problemstilling:

Korleis blir foreldrepraksisar og forandring av foreldrepraksisar i vertslandet snakka fram i flyktningforeldre sine forteljingar, og kva meining vert dei gjeve?

Resultata inneheld både tilstandsbilete og forståingsmåtar (Polkinghorne, 1999).

Tilstandsbileta er skildringane av fenomena, i dette tilfellet forteljingane om foreldrepraksisar og den meining desse blir gjeve i intervju. *Forståingsmåtane* er den omgrepsmessige sida av kunnskapstilbodet. Eg har brukt omgrep frå Bakhtin sin dialogisme som tidlegare er lite nytta i sosialt arbeid. Eg vil såleis også løfte fram studien sine tilbod om forståingsmåtar her. Verdiformingsomgrepet er nytt også i migrasjonsforskning. Desse omgrepa er meir kjende i tilgrensande fagtradisjonar, til dømes innanfor pedagogikk³⁶. Omgrepa eg har valt å forstå materialet med, er eigna til å vise fram nokre sider ved materialet. I tillegg kan dei tilby ny forståing av fenomen i sosialt arbeid, sosialpolitikk og migrasjonsfeltet.

I det fylgjande vil eg først diskutere kva som blir synleg ved å analysere foreldra sine forteljingar som fleirstemmig tale (6.1), ulike sider ved analysane av forandring av foreldrepraksisar (6.2), korleis omgrepsapparatet har gjort det agentiske og innovative synleg (6.3), og refleksjonar om kva migrasjonsforskning i distrikt kan ha gjort synleg (6.4). Til sist ser eg på implikasjonar for praksis i sosialt arbeid, for sosialpolitikk, overføringsverdi til andre grupper og implikasjon for vidare forskning.

6.1 Kva blir synleg ved å analysere materialet som fleirstemmig tale?

Som nemnt blir det fleirstemmige framstilt av Bakhtin (2003, s.66-67) som eit kjenneteikn ved ytringar generelt. Motstridande stemmer vil likevel vere meir synlege i ytringar frå menneske som lever i kulturelt komplekse kontaktsoner og har svært forskjellige idear og

³⁶ I norsk pedagogisk tradisjon har det fleirstemmige temaet hatt stor plass, noko Dysthe (1995) og seinare publikasjonar har medverka til.

verdiar tilgjengeleg. Brown (2005) og DeSantis (2001) sine studiar er eksempel på dette. Dei har analysert høvesvis intervju av asylsøkarar, og immigrantar sine skrivne tekstar. Dei nyttar begge dialogiske omgrep frå Bakhtin som får fram det fleirstemmige. DeSantis ser slik tilnærming som viktig fordi «...monological thinking found in most contemporary research denies the possibility of contradicting ideas existing simultaneously» (DeSantis, 2001, s.1). DeSantis viser at tekstar skrivne i eksil ofte er fylte av «two souls, two thoughts, two unreconciled strivings, two warring ideals» (s.4). DeSantis skriv om to stemmer. I artikkel II analyserer vi fram fleire ulike stemmer i talen til eit foreldrepar. Dei mangfaldige impulsane i den komplekse kontaktsona foreldra lever i, viser seg i deira tale som eit mykje meir komplekst bilde enn *ei* stemme som høyrer til heimlandet og *ei* stemme som høyrer til vertslandet. Denne analysen går såleis lenger enn DeSantis og Brown, og gjer endå tydelegare eit *mangfaldig* bilde av impulsane foreldra trekker på. Impulsar frå fortid og notid, frå menneske i heimlandet, i tidlegare eksilland, i eige eksilmiljø og menneske som blir oppfatta som etnisk norske, frå kontakt med naboar og impulsar henta digitalt, alle desse impulsane blandar seg inn i talen på ein måte som overskrid dikotomiserte førestillingar. Det fleirstemmige som er analysert fram, kan ikkje ordnast i berre to stemmer. Dette kan bidra til eit meir komplekst, ikkje-dikotomisert bilde av foreldre i eksil sitt sett av verdiar.

DeSantis peikar på at *både-og-* ytringar, indre motsetningar i menneskeleg tale, ofte blir tolka som uttrykk for psykologisk eller logisk brest innanfor forsking (s.4). Forståingsmåtane som Bakhtin tilbyr, bidreg til å kunne sjå motsetningar i den menneskelege talen som det vanlege. Både i artikkel II og artikkel III analyserer eg fram døme på motstridande stemmer i foreldra sitt snakk om kroppsleg straff av barn og alternativ til dette. Døma er frå to ulike familiar. Ytringane er analyserte som eit ledd i kjeda av ytringar (Slaattelid, 1998, s.76). Stemmer frå ei anna tid og ein annan kontekst vev seg inn, som ein av «tusindvis av levende dialogiske tråde» (Bachtin, 2003, s.66-67), og desse står i motsetnad til andre stemmer i akkurat desse dialogane, som er «opstået og bevidstgjort i et bestemt historisk øjeblik i et sosialt bestemt miljø» (s.66). Ei analyse av det fleirstemmige er eit reiskap til å sjå at ulike impulsar som er i rørsle kan tre fram i foreldre sitt snakk når ein lever familielivet sitt i kulturelt komplekse kontaktsoner.

6.2 Forandring av foreldrepraksisar i eksil

Grunnar til å utforske flyktningsforeldre si meiningsskaping om forandring av foreldrepraksisar er klargjort i kapittel 1. Alle foreldreskap er i forandring, men majoriteten sine krav om forandring er spesielt uttalte i høve etniske minoritetsforeldre. Studien tilbyr ny kunnskap på dette området. Eg vil her løfte fram to tilstandsbilete frå studien som gjeld forandring, og som eg ser av særleg verdi i sosialt arbeid. Det eine gjeld mangfaldige og transnasjonale kjelder til forandring, det andre gjeld verknaden av observerte praksisar. Deretter vil eg diskutere korleis omgrepet *verdiforming* kan tilby ein måte å forstå dei aktuelle forandringsforteljingane på, og korleis omgrepet kan gje eit utvida blikk på forandring etter migrasjon.

6.2.1 Mangfaldige og transnasjonale kjelder til forandring

I europeiske samfunnsdiskursar og sosialt arbeids- diskursar blir den moderne barneoppsedinga ofte plassert i Vesten, og den gammaldagse og voldelege i «Resten», slik mellom andre Fylkesnes, Iversen og Nygren (2018), de Haan (2011), Hollekim et al. (2016) og Keskinen (2011) viser. Når foreldra si meiningsskaping om endringar vart analysert fram i artikkel III, vart ikkje alle endringane knytt til kulturelle skilnader mellom miljøet i heimlandet og Noreg. Analysane overskrid kategoriar i desse majoritetsdiskursane. Kjeldene for utvikling av foreldreskapet var meir mangfaldige, og nokre foreldre forsynte seg transnasjonalt av impulsar til sitt foreldreskap. Eit foreldrepar posisjonere den gammaldagse og ikkje- utdanna oppsedinga på den eine sida, og kontrasterer denne til den moderne og utdanna oppsedinga som dei sjølve prøver å drive. Deira skiljelinjer går ikkje mellom nasjonar eller mellom Midtausten og Vesten. Digital tilnærming på profesjonelle ressursar i heile den arabiske verda gjer at ein ikkje er avgrensa til norske profesjonelle når ein skal hente råd. Her blir ikkje «stad» gjort relevant for skilnadene i barneoppseding slik som i majoritetsdiskursen. «Tid» blir derimot gjort relevant. Endringane vert forklarte som modernisering av foreldreskapet, ikkje som tilpassing til det norske eller det vestlege.

6.2.2 Krafta i observerte praksisar og foreldra sin driv til forandring

Analysane av forteljingar om forandring av foreldrepraksisar i eksil viser at *observasjon* av andre sine praksisar med barn var ei kjelde til inspirasjon og forandring. Dels var dette

foreldrepraksisar. Både foreldre frå same opphavsland som hadde vore lenger i Noreg, og etnisk norske foreldre sine praksisar inngår her. Det kunne også vere lærarar eller andre *profesjonelle* sin måte å handtere barn på, inkludert informantane sine barn. I ein del tilfelle hadde informantane hatt praksis eller jobb i skule, barnehage eller SFO. I desse tilfella fortalde fleire at endra foreldrepraksis vaks fram inspirert av at dei observerte kollegaer sine profesjonelle praksisar med borna. Dei såg og prøvde ut måtar å handtere barn på som dei tok med inn i sitt foreldreskap. Analyse av to forteljingar om observerte praksisar som kjelde til forandring i foreldreskapet er presenterte i artikkel III. *Observasjon som kjelde til forandring* av foreldrepraksisar, er eit av dei empiriske kunnskapstilboda studien gjev. Analysane av dei framfortalde endringsprosessane viser hardt arbeid frå foreldra si side gjennom refleksjon over observerte praksisar, nytta som inspirasjon til *innovasjon* av eigne foreldrepraksisar.

6.2.3 Korleis forstå krafta i observerte praksisar?

Korleis kan vi forstå at observasjonsforteljingane som forklaring på endring er så utbreidde i materialet? Dette spørsmålet vil eg setje i samband med kjenneteikna ved *verdiformingsprosessen*. Slik verdiforming er beskrevet hos Bakhtin (2003, s. 171), er *fridomen* til å tileigne seg andre sine ord nødvendig for at dei skal framstå som indre overtydande. Individet sitt eige val om å tileigne seg framande ord og å gjere det på sin eigen måte, gjer prosessen mogeleg. Matusov (2007) held fram at vi finn «emphasis on voluntarily assimilation of words of others» (s. 5) i Bakhtin (2003) si skildring av dei internt overtydande ord. «... it is unquestionable that freedom of acceptance of ideas is a necessary condition for it» (s.5). Kan vi forstå observasjonen si rolle i framfortalde endringsprosessar ved sjå nettopp på kva som kan gjere «voluntarily assimilation» mogeleg? Kan det forståast slik at *observasjon* la spesielt godt til rette for *indre overtydande ord* som medverka til verdiforming? Fortellingane har preg av at foreldra har *plukka opp* praksisar dei har observert i ulike samanhengar, på eige initiativ. Det er i liten grad slik at nokon autoritært har planlagt at dei skulle plukke dette opp. Kan ein sjå ein samheng her mellom fridomen til å tileigne seg det dei har observert, og verknaden det har fått som *indre overtydande ord*?

Ein kan sjå det slik at høvet som observasjonane gav til å «plukke opp» framande praksisar på eige initiativ, opna eit rom der kampen og tilpassinga mellom eigne og framande ord kunne utspele seg «i fred», utan at nokon planla ein slik prosess. Matusov (2007) diskuterer

den statusen som *ideological becoming* har fått i pedagogikken, og løftar fram «the pedagogical challenge of teaching for ideological becoming» (s. 7-8). Han hevdar at på grunn av det asymmetriske forholdet mellom lærarar og studentar, vil der alltid vere eit autoritært aspekt i skulen som hindrar ein prosess mot internt overtydande ord. I forteljingane om observerte praksisar i denne studien unngår ein denne hindringa, sidan foreldra tileignar seg andre sine ord utanom ein planlagd pedagogisk situasjon.

Då eg starta denne studien, hadde eg forventa å høyre meir om verbale råd eller instruksjonar frå profesjonelle enn eg faktisk gjorde. I tre situasjonar la foreldra fram at verbale råd hadde mykje å bety. To av desse gjaldt hjelp til spesifikke problem med eit bestemt barn. Denne mangelen på forteljingar om at verbale råd var til hjelp, kan ein forstå på ulikt vis. Dei første åra i eksil vil samhandling med profesjonelle ofte vere prega av språkproblem, og det kan då vere naturleg at observerte praksisar har meir kraft enn verbale råd. Eg har likevel tru på verknaden av det frie rommet som «sjølvplukka» observasjonar skaper for at verdiformingsprosessen kan utspele seg. Fleire av informantane fortel om observerte praksisar som dei avviser, mellom anna er Leyla si forteljing om dette analysert i artikkel III. Fortellingane ber preg av at foreldra har observert praksisar, reflektert over det dei har sett, og prøvd ut korleis dei sjølve kan praktisere utvalde deler av dette på sin eigen måte. Forståinga av dei observerte praksisane blandar seg då med ideane om foreldreskap som foreldra har frå før, slik at indre overtydande ord blir fleirstemmige. Døme på denne prosessen vart vist i 4.5 om Khalid si forteljing.

Familieterapeuten Tom Andersen sin artikkeltittel «*Forandring kjenner sin egen tid og sine egne veier*» (Andersen, 1988) speglar refleksjonar over kva som styrer forandring. Andersen arbeidde i ein fagleg kontekst som trekte på både teoretikarar og terapeutar sine arbeid om forandring (Bateson, 1972; Boscolo, Checcin, Hoffman & Penn, 1987; Watzlawick, Weakland & Fish, 1974). Tankegodt frå desse forfattarane har inspirert til medvit om at profesjonelle ikkje kan styre verken tid eller retning for andre si forandring. I den europeiske samfunnsdiskursen ser vi at majoriteten i vertslanda legg press på forandring av foreldrepraksisar. Dette er vist av mellom andre Keskinen (2011), de Haan (2011, s. 379) og Hollekim, Anderssen og Daniel (2016). Sosialt arbeid og andre velferdstenester søker å bidra til å tilpasse foreldreskap til norske forhold (Barne- ungdoms- og familiedirektoratet, 2019; Kompetanse Norge, u.å.). Analysen av forandringsfortellingane i min studie kan gjere

det relevant å spørje: Stoler velferdstenestene sine profesjonelle for mykje på «styrt forandring»? Gjer ein flyktningforeldre til «elevlar i foreldreskap-på-norsk-klassen»? Er ein for opptekne av verbale råd eller instruksjon? Kan analysen av forandringsprosessar som *verdiforming* sette ideen om å målrette forandring av foreldrepraksisar i nytt lys? Korleis finn ein alternative mulegheitsrom for forandring? Kan ein tole å ikkje planlegge for forandring, men støtte den sjølv-initierte forandringa? I nokre tilfelle, der barn lir under vald eller negativ sosial kontroll, kan ein ikkje tole å vente på sjølvinitierte forandringsprosessar. Ulovlege praksisar må påpeikast, og storsamfunnet sitt ansvar for barns beste er udiskutabelt. Sosialpolitisk er opphøyr av foreldrepraksisar som førekjem i deler av eksilmiljøa eit uttalt mål. Mellom anna gjeld dette vald mot barn og negativ sosial kontroll (Regjeringa, 2016). Denne diskusjonen fører oss inn i dilemmaet mellom sjølvinitiert forandring som skjer gjennom indre overtydande ord, og forsøk på styrt, autoritær forandring der mulegheitsrommet for verdiforming er mindre, men som vi ikkje kjem utanom i ansvaret for barns beste, både i majoritets- og minoritetsfamiliar.

Ein kan sjå på komplekse kulturelle kontaktsoner der brytningane mellom eigne og framande ord blir ekstra synlege, som eit spesielt kreativt mulegheitsrom. Kjernen i dialogismen viser seg her. Dersom forandring har si eiga tid og sine eigne vegar, trengs eit rom der prosessen kan boltre seg fritt. Eg ser situasjonane med observasjon av praksisar som eit slikt rom, der prosessane knytt til det indre overtydande ord kan utfolde seg. Framande ord blir testa og utvalde, det indre overtydande ord sin

... kreative produktivitet består netop i dets evne til at vække en selvstendig tanke og et selvstendig nyt ord (...) Det bliver ikke alene interpreteret af os, men udvikler sig til stadighed frit, anvendes på nye materialer, under nye omstændigheder, indgår i nye konteksters gensidige belysning. (Bachtin, 2003, s.171)

Prosessene som startar med observerte praksisar skjer utan at profesjonelle eller andre meiningsberarar i majoriteten veit om det. Det kan skje i daglege situasjonar i butikken eller i ei foreldresamtale der læraren si haldning til eleven gjer inntrykk på ei mor. Kan produktiviteten ligge i dette? Majoritetssamfunnet si makt og krava til forandring av praksisar (Fylkesnes, 2018; Hollekim et al., 2016; Keskinen, 2011) er nok ikkje borte frå medvitet. Ein kan likevel sjå det slik at sidan situasjonane ikkje er planlagde for forandring,

får krafta i brytningane utfolde seg og kreative forandringsprosessar skje i eit friare rom utan det autoritære ord si avgrensande forstyrning.

6.2.4 Kan omgrepet *verdiforming* gje eit utvida blikk på utvikling og endring i eksil?

Omgrepa vi brukar, styrer blikket vårt. Omgrepet *verdiforming* (Bachtin, 2003) er brukt i denne studien for å forstå utvikling og endring i foreldreskapet. Verdiforming avgrensar ikkje endringar til konsekvensar av møta med det nye landet. Omgrepet var ikkje valt på førehand, men møtet med empirien skapte trong for andre omgrep enn akkulturasjon. Forandringsforteljingar i materialet inkluderte inspirasjon frå mangfaldige kjelder i dei kulturelt komplekse kontaktsonene (Hermans & Kempen 1998), frå både transnasjonale og lokale kjelder. Observasjonsforteljingane som er nemnt ovanfor, er eksempel på at inspirasjon vart henta frå profesjonelle sine praksisar og foreldrepraksisar i Noreg. Observasjonsforteljingar kunne også vere minne om det som hadde utspelt seg i heimlandet, og som inspirerte foreldrepraksisar i Noreg. I artikkel II viser ein far til kva han lærte gjennom utdanning om barn i heimdistriktet, og ei mor meiner at dei verdiane som den norske skulen formidlar, er dei verdiane ho sjølv alltid har sett høgt. Denne variasjonen i inspirasjonskjelder og den meining dei får, nyanserer ideen om at forandring er knytt kun til impulsane i det nye landet. I denne studien fekk eg høve til å sjå alle desse variasjonane mellom anna ved å sjå vekk frå akkulturasjonsomgrepet. Kan dette omgrepet verke avgrensande på forskaren sitt blikk? Er det nødvendigvis slik at all endring etter migrasjon blir forstått av migrantar sjølve som tilpassing til nytt land eller nytt miljø?

På bakgrunn av dette undrast eg på om omgrepet akkulturasjon svarar på spørsmåla frå i går. Spørsmål som : «Korleis blir flyktningforeldre akkulturerert?» eller «Kva medverkar til flyktningforeldre sin akkulturasjon?» har ofte blitt stilt i migrasjonsforskninga, og spørsmålet gjeld tilpassing til det nye landet. Som vist i kapittel 2, prøver mange å svare på desse spørsmåla, til dømes Samuel (2009), Renzaho et al. (2011) og Kiang et al. (2017). I den norske og den europeiske samfunnsdebatten blir dette spørsmålet ofte stilt. Lærebøker for velferdsstaten sine profesjonelle kan også vere prega av gårdsdagens migrasjonsrøyndom³⁷. Mitt materiale tyder på at andre spørsmål er meir relevante i dag, som: Korleis tilpassar

³⁷ Klefbeck og Ogden (2003) si lærebok om sosiale nettverk foreslår at familiemedlemmer som bur i opphavslandet kan definerast som 'symbolpersonar', ei nemning dei elles brukar på idol ein aldri har møtt, eller på personar i nettverket som er døde.

flyktningforeldre seg den *globale, kulturelt komplekse kontaktsona* dei lever i? Denne sona avgrensar seg ikkje til ei geografisk sone, den føreset at ein ser på kultur som *detrterritorialisert* (Hermans & Kempen, 1998). Digitale sosiale media gjer at dagleg dialog er muleg for mange utan å betale for det, der du også kan sjå den du snakkar med. Mangfaldige mediekkanalar gjer at impulsar til foreldreskapet kan hentast fortløpande globalt. Menneske som lever i ein diaspora med søstrer i Canada og Finland, foreldre i heimlandet, brødrar i Nederland og England, har i dag eit høve til utveksling av impulsar som gjer spørsmålet om tilpassing til Noreg altfor smalt. På grunnlag av at flyktningar nyttar seg av slike digitale kontaktmåtar i dag, foreslår Marlowe (2018) å kalle flyktningar sitt liv i vertslandet for ei transnasjonal erfaring (s.5). Impulsar for å tilpasse seg *den globale kontaktsona* der Noreg er inkludert, blir henta både lokalt og globalt.

Alt dette overskrid biletet av «vesten» og «resten» som to verdimesig skilde univers, dette biletet som vestleg samfunnsdiskurs er så gjennomsyra av, og som Said både i 1978 og 2004 viser så tydeleg. Det er paradoksalt at både europeisk og amerikansk samfunnsdiskurs er meir prega av ei slik verdioppdeling mellom «vesten og resten» enn nokon gong, i ei tid då dei nemnde kommunikasjonsmåtene tilseier at kultur og geografi ikkje fylgjer kvarandre slik vi har vore vane med å tenke (Hermans & Kempen, 1998), og at kontaktsonene er meir komplekse enn før. Det er over 20 år sidan Hermans og Kempen (1998) lanserte omgrepet kulturelle kontaktsoner i ulike variantar, som eg har vidareutvikla til *kulturelt komplekse* kontaktsoner. I løpet av desse åra har nye digitale kommunikasjonsformer gjort omgrepet meir aktuelt enn desse forskarane kunne ane den gongen.

Bhatia og Ram (2001) og Bhatia (2002) sin kritikk av akkulturasjonsomgrepet slik Berry (m a 1997) utvikla det og brukar det, er knytt til tre tema. Berry beskriv at alle migrantar går gjennom same prosess, og dette universelle synet på prosessen tilslører maktulikskapen når menneske migrerer til Vesten frå tidlegare koloniar. Omgrepet gjev ikkje hjelp til å analysere sjølv akkulturasjons*prosessen*, og den tredje kritikken går på at integrasjon blir sett på som eit endeleg harmonisk mål der verdikampane ikkje lenger blir kjempa. Når eg har gått heilt bort frå omgrepet, har det fleire grunnar. Omgrepet er innleira i ein tradisjon som skildrar at du flyttar frå A til B (Hermans og Kempen, 1998) og tilpassar deg B. Akkulturasjonsstrategiane (Berry, 1980) har spreidd seg til mange fagområde, og omgrepet har innanfor migrasjonsforskning ofte ei sjølvsgd meining som ikkje inneber tilpassing til ei

global sone. Vidare deler eg kritikken som Bhatia og Ram (2001) og Bhatia (2002) framfører knytt til dei tre tema eg nemner ovanfor. Bhatia (2002) sin *dialogiske akkulturasjonsmodell* bøter på problemet med at integrasjon blir sett på som eit harmonisk endemål. Dei to andre kritikkane som gjeld tilsløring av maktulikskap og at det ikkje gjev hjelp til å analysere prosessen, ser eg ikkje at Bhatia sin modell avhjelper. Vidare ser eg kvalitetar ved omgrepet *verdiforming* (Bachtin, 2003) som eit tillempa akkulturasjonsomgrep ikkje kan erstatte. *Prosesen i verdiforminga* som Bakhtin (2003) beskriv, har kvalitetar som eg ikkje har sett at andre omgrep kan romme. Eg meiner såleis at verdiformingsomgrepet svarar på Bhatia og Ram (2001) og Bhatia (2002) sine etterlysingar av omgrep til å analysere sjølve prosessen som tradisjonelt er skildra som akkulturasjon.

Til sist vil eg også stille spørsmålet om kva vi signaliserer med eit tilpassingsomgrep (akkulturasjon) som er spesialdesigna til livet etter migrasjon. Er dette med å forsterke ei «dei» og «oss»- tenking, og eksotisere migrantar? I kapittel to påpeikar eg at *alle foreldreskap* utviklar seg. Denne avhandlinga handlar om *nokon foreldreskap*: Foreldreskap i eksil. For å skildre forandring som kjem fram i intervjua, har eg enda opp med eit forandringsomgrep som er brukbart for skildring av utviklings- og forandringsprosessar i *alle foreldreskap*. Vi kan seie at alle foreldre lever i kulturelt komplekse kontaktsoner med globale og lokale impulsar, sjølv om opplevinga av dette vil vere ekstra markert og utfordrande for foreldre i eksil, og mindre for dei fleste majoritetsforeldre.

6.3 Kvardagslivsfokus og omgrep som synleggjer innovasjon

Som Cox og Geisen (2014) peikar på, er det trong for studiar innanfor sosialt arbeid av migrasjonserfaringar som ser på det kvardagslege og normale fram for det eksepsjonelle. Denne studien er med å svare på denne oppmodinga, gjennom eit intervjudesign der livsformsintervjuet inngår som sentralt. Ved å etterspørje kvardagspraksisane kan ein motverke tendensen til å legge hovudvekt på traume og det sårbare som Westoby og Ingamells (2009) påpeikar, og på kulturalisering som Rugkåsa et al. (2017) viser til. Vi lever i ei tid der retorikken om flyktningar og spesielt muslimar har hardna til slik eg viste i kapittel ein, og flyktningar sine levesett blir eksotiserte og gjort mest mogeleg framande. I kvardagslivsstudier blir informantane først og fremst menneske, og dette kan motverke eksotisering, stigmatisering og patologisering.

Farane ved tidlegare forskning si sterke vektlegging av traume og det sårbare, er både at andre sider ved foreldreskap i eksil blir neglisjert, og at flyktningar blir posisjonert som sårbare og lite agentiske (Cox & Geisen, 2014; Westoby & Ingamells, 2009).

Traumeerfaringar kjem også fram i mitt materiale. Dei har av ulike grunnar ikkje fått plass i analysane fram til no, og skal takast fram i planlagde artiklar. Eg har løfta fram andre konsekvensar av tvungen migrasjon så langt³⁸. Det er nok av vonde opplevingar og sårbare element i foreldra sine forteljingar til å fylle ei avhandling, og nokre av desse er med i artiklane. I lys av dei enorme utfordringane både før og etter busetjing i Noreg, har det blitt viktig å løfte fram foreldra sin aktive måte å *handtere* dette på, og den kreative bruken av ressursar dei hentar i dei transnasjonale kontaktsonene. Vekta på det agentiske er såleis ein analytisk prioritet. Både posisjoneringsomgrepet som er brukt i artikkel I og verdiformingsomgrepet som er brukt i artikkel III bidreg til å analysere fram dette. Analysar ved hjelp av posisjoneringsomgrepet gjer synleg posisjonane foreldra produserer for seg sjølve som stader å snakke frå, og posisjonering av seg sjølve i forteljingane. Refleksiv posisjonering av seg sjølve som initiativtakarar og pådrivar i heim-skule-samarbeidet er analysert fram. Verdiformingsomgrepet (Bachtin, 2003) gjer synleg verdikampen foreldra står oppe i, og som ikkje tek slutt. Det er lett å oversjå det store arbeidet det inneber å manøvrere i dei kulturelt komplekse kontaktsonene der foreldreskap i eksil utspelar seg. Å ta i bruk dette omgrepet med den arbeidssame prosessen det rommar, medverkar til å analysere fram det *innovative* i foreldra sine forteljingar. Omgrepsapparatet har såleis medverka til å overskride traumefokus og sårbart fokus som forskning om flyktningforeldre er dominert av.

6.4 Kva har migrasjonsforskning i distrikta gjort synleg?

Denne studien skil seg frå det meste av anna migrasjonsforskning ved at alle informantane bur i bygder og småbyar langt frå dei store byane. Det kan ha vist seg å vere smart. Korleis viser det seg i kunnskapen som har kome ut av studien? Vi veit ikkje kva forteljingar som ville ha blitt fortalt om informantane hadde budd i dei store byane, men vi kan anta at fleire av dei empiriske resultatane knyter seg til små eksilmiljø, nær kontakt med majoritetsfamiliar og høve til meir uformell kontakt med velferdstenestene sine profesjonelle enn under større tilhøve. I artikkel I er foreldra si involvering i skulen langs uformelle kontaktlinjer analysert

³⁸ Utfordringane med at born taper utdanning gjennom krig og på flukt, er ein konsekvens av tvungen migrasjon som fekk analytisk prioritet i artikkel I.

fram. I Matthiesen (2015b) sin eksplorerande studie frå ein urban del av Danmark er materialet også analysert ved hjelp av posisjoneringsteori. Matthiesen fann at foreldra ikkje hadde tilgjengeleg posisjonar som gav dei høve til å utfordre eller kritisere skulen. Slike posisjonar ser ut til å vere tilgjengelege i mine informantar sine forteljingar. Her er forteljingar om å ta den første kontakten med skulen og planlegge skulestart, å forhandle med rektor og nå fram om å flytte barn til ein annan skule, og å etterspørje meir leksehjelp enn det som i utgangspunktet var tilbode. At fleire tilgjengelege posisjonar kunne analyserast fram i mitt materiale, set eg i samanheng med mindre lokalsamfunn og meir uformell kontakt med profesjonelle. I artikkel III er utvikling av foreldreskap analysert fram, og ei av kjeldene er observasjonar av andre sine foreldrepraksisar. Dette gjeld praksisar foreldra la merke til både hos majoritetsforeldre og minoritetsforeldre som hadde vore lenger i Noreg. Nærleiken til majoritetsfamiliar sine familieliv og praksisar går igjen i observasjonsforteljingane. Vi kan anta at dei små lokalmiljøa informantane bur i med nærare kontakt med majoritetsfamiliar enn i urbane settingar, var med å fremje at observasjonsforteljingane fekk såpass stor plass.

6.5 Implikasjonar for praksis i sosialt arbeid

I Noreg er sosialarbeidarar involverte i mottak og integrering av flyktningar, og dei møter foreldre i eksil på NAV-kontor, i barnevernet og i andre velferdstenester. I sosialt arbeid som i andre hjelpeyrke der verbal kommunikasjon er sentral, herskar ei optimistisk tru på verbal medverknad til endring, anten ved råd eller andre verbale metodar. Fortellingane om endringar i foreldrepraksis som følge av at dei la merke til andre foreldrepraksisar er mest dominerande i mitt materiale. Dette kan delvis forklarast med at språkvanskar kan redusere effekten av samtaler mellom eksilforeldre og profesjonelle hjelpearar, og såleis får observert praksis større innverknad. Dette i seg sjølv kan vere verdifull kunnskap. I dei tilfella der endring er eit mål, kan ein ta lærdom av dette resultatet av studien. Heilt konkret kan visuelle metodar, som mellom anna rollespel, vektleggast meir i foreldrerettleiing. Dette let seg kombinere mellom anna med ICDP³⁹ (Barne- ungdoms- og familiedirektoratet, 2019), der nettopp open, gjensidig utveksling av foreldreerfaringar er eit ideal, og rettleiinga i gruppe skal leiast av sertifisert rettleiar på deltakarane sitt språk.

³⁹ ICDP er forkorting for International Child Development Programme, som er utarbeidd av Karsten Hundeide.

Med tanke på at tilhøvet mellom etniske minoritetsfamiljar og det norske barnevernet har skapt spesielt mykje debatt siste åra (Fylkesnes, 2018) og studien sitt tema er foreldreskap, vil eg her diskutere implikasjonane for sosialt arbeid i *barnevernstenesta*. Ei slik kopling er ikkje uproblematisk. Dette er ein studie av kvardagspraksisar i eksil, og kriteria for utvalet er *ikkje* kontakt med barnevernet, sjølv om nokre av foreldra fortalde om slike erfaringar. Det er grunn til å tru at kontakt mellom flyktningsforeldre og barnevernet ofte fordrar meir alvorlege problem enn dei som kom fram i denne studien. På den andre sida argumenterer Fylkesnes (2018) for at etniske minoritetsforeldre blir posisjonerte som mangelfulle *per se* i barnevernet. Såleis kan ein studie av foreldreskap i eksil utan førehandsdefinerte problemområde vere relevant. Studien gjev kunnskapstilbod til barnevernsarbeid med flyktningsforeldre både i form av eit utvida blikk sett i høve til tidlegare forskning, og metodiske idear til kontakta med foreldre. Det utvida blikket tilbyr mellom anna eit breiare bilete av flyktningsspesifikke utfordringar enn mentale konsekvensar av krig og flukt, og eit bilete av innovative utviklingsprosessar ved sida av det sårbare. Begge desse bileta av flyktningsforeldre er aktuelle for barnevernet sin praksis, sett i høve til det som kjem fram i Fylkesnes (2018) sin studie av flyktningsforeldre sitt møte med barnevernet. Denne studien viste at foreldra opplevde at deira foreldreskap vart definert som mangelfull, og at økonomisk marginalisering vart neglisjert til fordel for vekt på foreldreferdigheiter.

Ideane til metodisk praksis som studien peikar mot, vil eg spesielt løfte fram her.

Kunnskapstilboda frå studien kan gje idear til *alliansepunkt* i kontakt mellom barnevernsarbeidarar og flyktningsforeldre, og desse alliansepunkta vil eg skildre nedanfor. Som Fylkesnes et al. (2018) påpeikar, er foreldreferdigheiter eit dominerande tema i flyktningsforeldre si kontakt med barnevernet. Analysen av flyktningsforeldre sine fortellingar om forandring av foreldrepraksisar blir relevante i den samanheng. Sjølv om det i denne studien er flyktningsforeldre sine forteljingar som er undersøkte, vil eg meine at alliansepunkta eg skildrar kan gje idear til metodisk praksis for barnevernet si kontakt med *alle foreldre*.

6.5.1 Allianse med foreldra sin *eigen driv* til forandring

Foreldra sine *sjølvinitierte* endringsprosessar er analyserte fram i forteljingane om korleis dei nytta observerte praksisar til å utvikle eine foreldrepraksisar. For at foreldra kunne nytte seg så innovativt av observasjonar som analysane viser, må det ha vore ein eigen driv til

forandring hos dei. Korleis kan dette informere sosialarbeidarar si forståing av etniske minoritetsforeldre sine forandringsprosessar? Treng forsøk på endring av praksisar vere *sosialarbeidarinitierte* for at sosialarbeidarar skal kunne støtte dei? I mange av forteljingane har ikkje profesjonelle vore med i prosessen som samtalepartnarar. I andre tilfelle har det vore diskusjonar med profesjonelle etter kvart, men observasjonane som inspirerte til forandring var ikkje tilrettelagt av hjelpeapparatet. Er dette ein forandringsdriv som sosialarbeidarar kan vere på utkikk etter og alliere seg med? Kan sosialt arbeid i slike tilfelle vere å støtte opp om endringsarbeid som foreldra allereie har sett i gang, også innanfor barnevernet? Kan barnevernsarbeidarar vere nysgjerrige og utforskande til kva foreldre prøver å få til, og kva lei dei ynskjer å utvikle praksisane sine? Ideen om eit slikt *alliansepunkt* kan vere eit kunnskapstilbod til sosialt arbeid frå studien.

6.5.2 Allianse med *impulsar* foreldra hentar frå transnasjonale kjelder, som samsvarar med barnevernsarbeidaren si forståing av gode foreldrepraksisar

På grunnlag av analysane av transnasjonale kjelder til forandring som er nemnde i 6.2.1 kan ein spørje: Treng alle impulsar til positiv endring i foreldreskap i eksil hentast i Vesten? Dersom ulike impulsar i dei transnasjonale kontaktsonene kan vere kjelder til forandring av praksisar som sosialarbeidarar etterspør, er dette kjelder som sosialarbeidarar kan *alliere* seg med? Larsen (2009) og Eliassi (2013, 2015, 2017) nyttar postkolonial teori til å analysere sosialarbeidardiskursar, og påpeikar eit *vi versus dei* og *vestleg versus orientalsk* også innanfor sosialt arbeids praksis. Kan analysane frå denne studien medverke til å overskride slik dikotomisering? Utdanning i heimlandet, profesjonelle i heimdistriktet som uttaler seg i digitale media og liknande impulsar kan bli sett som potensielle kjelder for ynskje forandringar, og såleis bli mulege *alliansepunkt* i sosialarbeidarar sin kommunikasjon med etniske minoritetsforeldre, til dømes i barnevernet.

6.5.3 Allianse med *stemmer* i foreldra sin fleirstemmige tale som samsvarar med barnevernsarbeidaren si forståing av gode foreldrepraksisar

Eit av kunnskapstilboda som denne studien tilbyr, er å sjå det fleirstemmige som det

naturlege i staden for å forstå det som logisk eller psykologisk brest, eller tenkje at ei av stemmene «snakkar deg etter munnen» medan den andre fortel kva som verkeleg skjer. Kan medvit om fleirstemmig tale nyttast metodisk i samtaler med foreldre i barnevernet? Når ei stemme har vist seg i foreldra sin tale, kan ein likevel lytte etter fleire. Barnevernet er ei normativ teneste, og nokre stemmer i foreldresnakk vil vere i tråd med profesjonelle si vurdering av barns beste, medan andre ikkje vil det. Dersom ein lyttar etter stemmer som ein kan alliere seg med og dermed leitar etter eit *alliansepunkt*, kan dette utviklast metodisk i barnevernet og anna sosialt arbeid?

Kan lytting etter fleire stemmer også motverke dømning av foreldrepraksisar på grunnlag av å ha høyrte berre ei stemme? Vektlegging av enkelte stemmer i foreldre sitt snakk kan vere medverkande til oppfatningar om kva foreldrepraksisar som skjer i familien, og kan bli brukt som indikator for uheldige og ulovlege måtar å vere foreldre på. Det fleirstemmige som analytisk verktøy kan bidra til å sjå foreldre sine enkeltutsegner som ei av fleire stemmer i fleirstemmig snakk, slik eg har vist i artikkel II og III. Her kan «tusindvis af levende dialogiske tråde» (Bachtin, 2003, s.66-67) vere vevd inn i utsegner, til dømes om vald mot barn. I den norske samfunnsdebatten kan vi også høyre eksempel på forståing av at personar med etnisk minoritetsbakgrunn «talar med to tunger»⁴⁰ (Stortinget, 2002). Når ein snakkar til majoriteten, talar ein med den eine tunga og tilpassar meiningane til det ein oppfattar som majoritetsdiskursar. Når ein snakkar internt i minoritetsmiljøet, talar ein med den andre tunga, tilpassa verdiar som er utbredt i minoritetsmiljøet. Når slik «tale med to tunger»-praksis blir omtalt, blir det gjerne kombinert med ei førestilling om at den «interne» tunga gjev uttrykk for kva praksisar som faktisk føregår i miljøet. Kan kunnskapstilbodet frå analysane av fleirstemmig tale medverke til at slik konklusjon ikkje blir sjølv sagt?

6.6 Implikasjonar for sosialpolitikk

I Noreg er det nær samheng mellom sosialpolitiske verkemiddel som vedkjem flyktningar og dei integreringspolitiske verkemidla eg skisserte i kapittel 1. Desse politiske føringane

⁴⁰ To stortingsrepresentantar fremma eit forslag der det heitte mellom anna: «... den senere tids avsløringer har fortalt oss at noen av imamene i norske moskeer talar med to tunger, at de viser et visst monn av toleranse, mens de innad kommer med hatske utfall mot nordmenn og norsk kultur kombinert med et middelaldersk menneskesyn» (Stortinget, 2002).

har innverknad på om eksilforeldre blir eksponerte for eit mangfald av foreldrepraksisar og profesjonelle sine praksisar med barn, mellom anna i majoritetsbefolkninga. Mange av informantane i studien har forandra foreldrepraksisar inspirert av språkpraksis og arbeidspraksis i barnehagar, skular og SFO, og desse kollegafellesskapa kring barn har vore avgjerande for dei ovanfor nemnde endringsprosessane. Slike ordningar blir gjort muleg av introduksjonsordninga som sosialpolitisk verkemiddel (Brochmann, 2011), og analysane talar for å vidareføre denne ordninga med verkemiddela språkpraksis og arbeidspraksis. Når det gjeld foreldra si vektlegging av å observere andre foreldre sine praksisar som inspirasjon til endring, antar eg ein verknad av at alle foreldra i denne studien bur i mindre byar og tettstader. Spreiing i busettinga av flyktningar er uttalt og praktisert integreringspolitikk i Noreg. Som nemnt trekker mange flyktningfamiliar etter nokre år til større byar og meir urbane deler av landet. I dei første åra, der desse familiane bur i mindre lokalmiljø, blir dei likevel eksponert for majoriteten sine familieliv i større grad, noko som også kjem fram i denne studien. Det vil føre for langt å diskutere alle sider av spreingspolitikken her. Men ser ein isolert på høvet til å la seg inspirere av majoritetsforeldre sine praksisar, vil det vere gunstig å vidareføre spreingspolitikken. Busettingsmønsteret innanfor dei større byane vil også verke inn på i kva grad eksilfamiliar blir eksponerte for eit mangfald av foreldrepraksisar. Samanlikna med resten av Europa skil norske byar seg ut med meir mangfaldig samansett bumønster (Friberg, 2016). Resultata frå denne studien kan peike i retning av å vektlegge samansett bumønster, og eventuelt auke vekta på dette.

6.7 Studien sin relevans ut over gruppa som er studert

Analysen av foreldretale som fleirstemmig tilbyr ny og relevant kunnskap for sosialarbeidarar og andre profesjonelle som møter foreldre i eksil. I tillegg kan dette også vere relevant kunnskap for sosialarbeidarar sine møte med *alle* foreldre. I fylgje Bakhtin er det fleirstemte eit kjenneteikn ved all tale. Når den som snakkar lever i slike komplekse kontaktsoner som eksilet er, vil det vere lettare å skilje ulike og delvis motsetningsfylte stemmer i utsegnene. Men karakteren av fleirstemmig tale treng ikkje vere annleis. Dette analysegrepet kan såleis vere gyldig og interessant også ut over den gruppa foreldre som studien har søkelyset på. Verdiformingsprosessen er frå Bakhtin (2003) si side ikkje knytt til eksilet, men til livet generelt. Her er det eg som har teke i bruk eit generelt omgrep for å forstå prosessen etter migrasjon. Denne måten å forstå prosessen med å tileigne seg

framande praksisar gjennom sjølvplukka observasjonar utan at nokon prøver å styre endringsprosessen, kan sannsynlegvis brukast til å forstå forandring i alle foreldreskap, ikkje berre foreldreskap i eksil. Eit meir mangfaldig samfunn vil gjere at majoritetsforeldre også i større grad lever i kulturelt komplekse kontaktsoner. Majoritetsforeldre sine observasjonar av minoritetspraksisar kan verke tilsvarande *kreativt produktive* (Bachtin, 2003) og inspirere til innovative praksisar.

6.8 Implikasjonar for vidare forskning

I kapittel fem nemnde eg ulike tema i materialet som enno ikkje har fått analytisk prioritet, og som kan få plass i framtidige analysar av dette materialet. I tillegg har studien sett lys på både fenomen, metodologi og konseptualisering som kan gje retning til vidare forskning. Eg vil avslutningsvis gjere greie for det viktigaste eg ser at denne studien kan aktualisere av vidare forskning.

6.8.1 Migrasjonsforskning

Alle informantane i denne studien er busette i distrikta, noko som er uvanleg i det meste av migrasjonsforskning. Dette har sannsynlegvis prega materialet og resultata. Det norske busetjingsregimet av flyktningar legg opp til spreidd busetjing, og statistikken viser at mange flyttar til sentrale strøk etter nokre år. Eg har intervjuet dei som vart verande i distrikta. Truleg var desse meir nøgde med å bu der enn dei som flytta. Ei anna side ved det norske busettingsregimet kan undersøkast ved å intervjuet dei som *har* flytta, som ser tilbake på dei åra dei budde på mindre stader eller i distriktet. Dette kan gje kunnskap om flyktningar sine liv i distriktet frå dei som valde å flytte frå det. I denne samanheng ser eg nytten av både studiar som etterspør stemmene til *foreldre* som har flytta, og stemmene til dei som var *barn* og *ungdommar* då dei flytta.

Arbeidet mitt med denne studien har avdekka behov for andre studiar av *kvardagsliv* i migrasjonsfeltet. Barn sine erfaringar, mellom anna barn sine erfaringar med skule i Noreg etter å ha tapt skulegang på vegen, kvardagserfaringar med nye truslar om tilbakesending og andre sider ved innstramming i flyktningpolitikken, er døme på dette.

Tilboda om forståingsmåtar frå denne studien kan vere interessant også for tema utanfor foreldreskapsområdet. Det kan vere grunn til å vurdere om *akkulturasjon* som endringsomgrep i migrasjonsstudiar bidreg til eit innsnevra blikk på forandring etter migrasjon. Dette spørsmålet kan vere aktuelt å vurdere i framtidige migrasjonsstudiar. Denne studien tilbyr *verdiforming* som alternativt omgrep. Slik det er brukt i denne studien, synest det å vere betre tilpassa migrantar sine mangfaldige kontaktsoner i vår digitaliserte tid. Ser vi spesielt på flykningar, peikar Bhatia (2002) på problemet med at akkulturasjonsomgrepet føreset at alle migrantar går gjennom dei same prosessane, og korleis dette dekker til maktulikskapen som er til stades i den postkoloniale konteksten som eksilet inneber. Verdiformingsomgrepet er allmennmenneskeleg og kan brukast om all rørsle i menneske sine verdiar som fylgje av møte med det framande, uavhengig om ein har flytta over landegrenser eller ikkje. I motsetnad til akkulturasjonsomgrepet, legg det ikkje nokon føringar for ei spesifikk retning på prosessen eller eit ideelt, harmonisk mål (integrasjon).

Analysane viser at foreldra nytta seg av impulsar i si transnasjonale kontaktzone som inspirasjon til sitt foreldreskap. Dette kan utforskast nærare blant flyktningsforeldre. Er dette ressursar som blir nytta meir enn vi har vore merksame på? Den dikotomiserte førestillinga om grunnleggande skilnader mellom vestlige og ikkje-vestlige verdiar er utbreidde i nordisk sosialt arbeid (Eliassi, 2013, 2017; Larsen, 2009). Kagitcibasi (2005) si nyansering av kollektivistiske mål i barneoppseding i «ikkje-vestlege land» viser verdiar og mål for barneoppseding i rørsle, mellom anna i samband med urbanisering. Eg har teke til orde for at sosialarbeidarar kan alliere seg med ressursar foreldre tek i bruk lokalisert i heimlandet eller heimdistriktet. I vidare forskning på kontakt mellom sosialarbeidarar og etniske minoritetsforeldre er det grunn til å sjå på om dette er ein praksis som allereie føregår i sosialt arbeid.

I denne studien har eg sett på prosessar der framande praksisar og verdiar har blitt *indre overtydande* for informantane gjennom utveljing, testing, justering og hybridisering med andre gamle og nye impulsar. Ein kunne også ta i bruk omgrepet *autoritære ord* (Bachtin, 2003) som omgrep for framande impulsar som kun gjev individet to val: Å avvise det eller ta det til seg i uforedla form. I materialet er det døme som kunne analyserast slik, og det same vil nok vere tilfelle i framtidige migrasjonsstudiar. Utfordringane i møta mellom barnevernet og etniske minoritetsforeldre gjer det spesielt aktuelt å analysere både prosessar

som får indre overtydande verknad, og verknad av autoritære ord.

6.8.2 Meiningsskaping i minoritetsgrupper av ulikt slag

Meiningsskaping som metodologisk innfallsvinkel er ikkje uvanleg innanfor sosialt arbeid, slik eg påpeikar i kapittel to om foreldreskap. Eg ser det likevel som spesielt presserande å studere den mening *minoritetar* gjev sine praksisar, då desse gruppene er spesielt utsette for at majoriteten tek si eiga forståing av deira praksisar for gjeve. I denne studien dreier det seg om *etniske* minoritetar. Eg vil tru at majoriteten sin tendens til å forstå minoritetspraksisar ut frå sine egne gjevne førestillingar gjeld også i høve andre minoritetsgrupper. Studiar der meiningsskaping av praksisar blir studert, vil såleis vere eit aktuelt metodologisk grep i høve minoritetsgrupper generelt. Smette og Rosten (2019) studerte foreldre i ulike minoritetskategoriar sine opplevingar med «et iakttatt foreldreskap». Mellom anna var kristne minoritetsforeldre med i deira studie. Ungdommar som høyrer til både kristne og andre religiøse minoritetar kan tenkjast å oppleve ein «iakttatt ungdom», og vil vere aktuelle for ein studie av kva mening dei gjev sine egne praksisar. Det same gjeld ungdom og vaksne i LHBT-miljø⁴¹.

6.8.3 Forsking som gjeld alle foreldreskap

Denne studien viser døme på å bruke *verdiformingsomgrepet* som endrings- og utviklingsomgrep i ein kvalitativ intervjustudie. Dette grepet vil vere nyttig i studiar av foreldreskap generelt. I nokre situasjonar der meiningsbrytningar er mykje til stades kan det vere spesielt aktuelt, som når foreldre er i kontakt med barnevernet eller når miljø kan karakteriserast som kulturelt komplekse kontaktsoner. Analysane viser at *observasjon* av andre sine praksisar med barn har vore til inspirasjon for foreldra i studien. Dette kan utforskast meir, også mellom majoritetsforeldre. I denne studien er verdiformingsomgrepet brukt til å forstå verknaden som observerte praksisar har fått. Det frie valet av observasjonar blir forstått som internt overtydande, slik at foreldra gjennom dialogiske prosessar kunne utvikle sine egne versjonar av praksisar. Kan ein forstå endrings- og utviklingsprosessar slik hos andre grupper av foreldre? Kva plass har observerte praksisar i måten ein generelt utviklar seg som foreldre? Studien sin bruk av fleirstemmig ytring som analytisk verktøy for

⁴¹ LHBT er forkorting for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar.

ein person si tale er forholdsvis nytt i ein norsk samanheng. Aveling et al. (2015) sin metodiske artikkel tilbyr ei omsetjing av dei bakhtinske omgrepa for analytisk føremål, og dette kan vere aktuelt i andre studiar der ein vil analysere tale utan å nytte diskursomgrepet analytisk. Dette kan vere andre kulturelt komplekse samanhengar der poenget er å fokusere på det talande subjekt. Målet med kunnskapsproduksjonen i *dette* prosjektet har vore å bidra til at den norske velferdsstaten skal ha politikk, kompetanse og forståingsmåtar som bidreg til gode utviklingsvilkår for barn og foreldre i flyktningfamiliar.

7 Litteratur

- Addams, J. (1920). *Twenty years at Hull-house : with autobiographical notes*. New York: Macmillan.
- Ainsworth, M. D. S., Blehar, M. C., Waters, E., & Wall, S. (1978). *Patterns of attachment : a psychological study of the strange situation*. Hillsdale, N.J: Lawrence Erlbaum.
- Andenæs, A. (2000). Generalisering: Om ringvirkninger og gjenbruk av resultater fra en kvalitativ undersøkelse. I H. Haavind (Red.), *Kjønn og fortolkende metode: metodiske muligheter i kvalitativ forskning* (s.287-320). Oslo: Gyldendal
- Andenæs, A. (2011). Chains of care: Organising the everyday life of young children attending day care. *Nordic Psychology*, 63(2), 49-67. doi:10.1027/1901-2276/a000032
- Andersen, T. (1988). Forandring kjenner sin egen tid og sine egne veier. I Hårtveit (Red.). *Gjennom speilet og tilbake*. Oslo: TANO.
- Andersson, M. (2018). *Kampen om vitenskapeligheten : forskningskommunikasjon i et politisk betent felt*. Oslo: Universitetsforl.
- Angel, S., & Johnsen, E. T. (2019). Preaching and political debate on refugees: A “tyranny of goodness”? *Studia Theologica-Nordic Journal of Theology*, 73 (1), 60-88.
- Aveling, E.-L., Gillespie, A., & Cornish, F. (2015). A qualitative method for analysing multivoicedness. *15(6)*, 670-687. doi:10.1177/1468794114557991
- Bachtin, M. M. (2003). *Ordet i romanen*. (N.M. Andersen & A. Fryszman, Overs.) København: Gyldendal.
- Bachtin, M. M. & Medvedev, P. N. (1985). *The formal method in literary scholarship : a critical introduction to sociological poetics*. (A. J. Wehrle, Overs.) Cambridge, Mass: Harvard University Press.
- Bakhtin, M. M. (1981). *The dialogic imagination* (C. Emerson & M. Holquist, Overs., M. Holquist, Red.). Austin TX: University of Texas Press.
- Bakhtin, M. M. (1984). *Problems of Dostoevsky's Poetics*. (C. Emerson, Overs.). Minneapolis: Minneapolis, MN, USA: University of Minnesota Press.
- Bakhtin, M. M. (1986). *Speech genres and other late essays* (V.W. McGee, Overs., M. Holquist & C. Emerson, Red.) (1st ed. ed., Vol. no. 8). Henta frå

<https://ebookcentral.proquest.com/lib/hogskbergen-ebooks/reader.action?docID=3443526>

- Bakhtin, M. M. (1998). *Spørsmålet om talegenrane*. (R. T. Slaattelid, overs.). Bergen: Ariadne forl.
- Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (2019). Foreldreveiledning i grupper (ICDP). Henta frå https://bufdir.no/nm/Familie/Rettleiing_til_foreldre/foreldreveiledning_landsoversikt/
- Barth, F. (1969). *Ethnic groups and boundaries : the social organization of culture difference*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bateson, G. (1972). *Steps to an ecology of mind : Collected essays in anthropology, psychiatry, evolution, and epistemology*. London: Intertext Books
- Berger, P. L., & Luckmann, T. (1967). *The social construction of reality : a treatise in the sociology of knowledge*. London: Penguin.
- Bergset, K. (2017). School Involvement: Refugee Parents' Narrated Contribution to their Children's Education while Resettled in Norway. *Outlines. Critical Practice Studies*, 18(1), 61-80.
- Berry, J. W. (1980). Acculturation as varieties of adaptation. I A. Padilla, A. *Acculturation : Theory, models and some new findings* (Vol. 39, AAAS selected symposia series).
- Berry, J. W. (1997). Immigration, Acculturation, and Adaptation. *Applied Psychology*, 46(1), 5-34. doi:10.1111/j.1464-0597.1997.tb01087.x
- Betancourt, T. S., Abdi, S., Ito, B. S., Lilienthal, G. M., Agalab, N., Ellis, H., & Lee, R. M. (2015). We Left One War and Came to Another: Resource Loss, Acculturative Stress, and Caregiver–Child Relationships in Somali Refugee Families. *Cultural Diversity and Ethnic Minority Psychology*, 21(1), 114-125. doi:10.1037/a0037538
- Bhatia, S. (2002). Acculturation, dialogical voices and the construction of the diasporic self. *Theory & Psychology*, 12(1), 55-77.
- Bhatia, S., & Ram, A. (2001). Rethinking 'Acculturation' in Relation to Diasporic Cultures and Postcolonial Identities. *Human Development*, 44(1), 1-18. doi:10.1159/000057036
- Bhatia, S., & Ram, A. (2009). Theorizing identity in transnational and diaspora cultures: A critical approach to acculturation.(Report). *International Journal of Intercultural Relations*, 33(2), 140.

- Bjørnholt, M., & Farstad, G. R. (2014). 'Am I rambling?' on the advantages of interviewing couples together. *Qualitative Research*, 14(1), 3-19. doi:10.1177/1468794112459671
- Block, K., Riggs, E. & Haslam, N. (2013). *Values and vulnerabilities : the ethics of research with refugees and asylum seekers* *Values and Vulnerabilities* (1. Utg.). Toowong, Queensland. Henta frå <https://ebookcentral.proquest.com/lib/hogskbergen-ebooks/reader.action?docID=4684430>
- Borchgrevink, A. (2004). Afrikas horn ; et lappeteppe av kriger. *Internasjonal politikk*, 62(4), 559-630.
- Boscolo, L., Cecchin, G., Hoffman, L. & Penn, P. (1987). *Milan systemic family therapy : conversations in theory and practice*. New York: Basic Books.
- Bowie, B. H., Wojnar, D., & Isaak, A. (2017). Somali Families' Experiences of Parenting in the United States. *Western Journal of Nursing Research*, 39(2), 273-289. doi:10.1177/0193945916656147
- Bredahl, A. (2018). "Den endeløse strømmen" Ein kritisk analyse av metaforar i ein politisk diskurs om innvandring. (Masteroppgåve) Universitetet I Bergen. Henta frå <http://bora.uib.no/handle/1956/18279>
- Brochmann, G. (2011). *Velferd og migrasjon : den norske modellens framtid : utredning fra utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon av 6. mai 2009 : avgitt til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 10. mai 2011* (Vol. NOU 2011:7). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2011-07/id642496/>
- Brown, P. (2005). Life in dispersal: narratives of asylum, identity and community. (Doktoravhandling). University of Huddersfield. Henta frå <http://eprints.hud.ac.uk/id/eprint/5934/>
- Bruhn, J. (2006). Romanteori og multikulturalisme – et bachtinsk forsøg. I T. Skorgen & H.V. Holm (Red.), *Dialogens tenker : nordiske perspektiver på Bakhtin*. (s. 85-97). Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Bruhn, J. & Lundquist, J. (2003). Introduktion. I M.M. Bachtin. *Ordet i romanen*. (s.7-40). København: Gyldendal.
- Bruner, J. S. (1990). *Acts of meaning*. Cambridge, Mass: Harvard University Press.
- Busch Nsonwu, M., Busch-Armendariz, N., Cook Heffron, L., Mahapatra, N., & Fong, R. (2013). Marital and familial strengths and needs: refugees speak out. *Journal of Ethnic And Cultural Diversity in Social Work*, 22(2), 129-144.

- Båtevik, F., Gjerstad, B., Grimsrud, G., Johannessen, &., Netteland, G., Nødland, S., (. . .), Vedøy, G. (2017). *Arbeidsinnvandrere som ressurs i regional utvikling* (Vol. Nr. 62, Rapporter fra Universitetet i Stavanger (trykt utg.)). Stavanger: Universitetet i Stavanger.
- Carling, J., & Erdal, M. B. (2014). Return Migration and Transnationalism: How Are the Two Connected? *International Migration*, 52(6), 2-12. doi:10.1111/imig.12180
- Charmaz, K. (2014). *Constructing grounded theory* (2nd ed. ed.). London: Sage.
- Chouliaraki, L., & Stolic, T. (2017). Rethinking media responsibility in the refugee 'crisis': a visual typology of European news. *Media, Culture & Society*, 39(8), 1162-1177. doi:10.1177/0163443717726163
- Cole, M. (1996). *Cultural psychology : a once and future discipline*. Cambridge: The Belknap Press of Harvard University Press.
- Cox, P., & Geisen, T. (2014). Migration perspectives in social work research: local, national and international contexts.(a world on the move': migration, mobilities and social work)(Abstract). *British Journal of Social Work*, 44(4), i157-i173.
- Cresswell, J. (2012). Including social discourses and experience in research on refugees, race, and ethnicity. *Discourse & Society*, 23(5), 553-575. doi:10.1177/0957926512455885
- Davies, B., & Harré, R. (1990). Positioning: The Discursive Production of Selves. *Journal for the Theory of Social Behaviour*, 20(1), 43-63. doi:10.1111/j.1468-5914.1990.tb00174.x
- de Haan, M. (2011). The Reconstruction of Parenting after Migration: A Perspective from Cultural Translation. *Human Development*, 54(6), 376-399. doi:10.1159/000334119
- Degni, F., Pöntinen, S., & Mölsä, M. (2006). *Somali parents' experiences of bringing up children in Finland: Exploring social-cultural change within migrant households*. Paper presented at the Forum Qualitative Sozialforschung/Forum: Qualitative Social Research. Henta frå <http://www.qualitative-research.net/index.php/fqs/article/view/139>
- Degotardi, S., & Pearson, E. (2009). Relationship Theory in the Nursery: Attachment and beyond. *Contemporary Issues in Early Childhood*, 10(2), 144-155. doi:10.2304/ciec.2009.10.2.144
- Deng, S. A., & Marlowe, J. M. (2013). Refugee resettlement and parenting in a different context. *Journal of Immigrant & Refugee Studies*, 11(4), 416-430.

- DeSantis, A. D. (2001). Caught between two worlds: Bakhtin's Dialogism in the Exile Experience. *Journal of Refugee Studies*, 14(1), 17.
- Dysthe, O. (1995). *Det flerstemmige klasserommet : skriving og samtale for å lære*. Oslo: Ad Notam Gyldendal : I samarbeid med NAVFs program for utdanningsforskning.
- Dysthe, O. (2012). Teoretiske perspektiver på dialog og dialogbasert undervisning. I O. Dysthe, N. Bernhardt, L. Esbjørn & H. Strømsnes, *Dialogbasert undervisning : kunstmuseet som læringsrom* (Vol. nr. 189). Bergen: Fagbokforl.
- Dysthe, O. (2018). Dialog som rommar spenning og konfrontasjon - eit bakhtinsk perspektiv. I A. H. Hvidsten (Red.). *Kunsten å verta vaksen. Føredrag frå Skjervheimseminaret 2018*.
- Eliassi, B. (2013). Orientalist social work: Cultural otherization of Muslim immigrants in Sweden. *Critical Social Work*, 14(1), 33-47.
- Eliassi, B. (2015). Constructing cultural Otherness within the Swedish welfare state: The cases of social workers in Sweden. *Qualitative Social Work*, 14(4), 554-571. doi:10.1177/1473325014559091
- Eliassi, B. (2017). Conceptions of Immigrant Integration and Racism Among Social Workers in Sweden. *Journal Of Progressive Human Services*, 28(1), 6-35. doi:10.1080/10428232.2017.1249242
- Enge, C. (2016, 1. november). Retotikkforsker: - Sylvi Listhaug bør endre måten hun snakker på. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/jjm59/Retorikkforsker--Sylvi-Listhaug-bor-endre-maten-hun-snakker-pa>
- Engebriqtsen, A. (2007). Kinship, gender and adaptation processes in exile: The case of Tamil and Somali families in Norway. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 33(5), 727-746.
- Epstein, J. L. (1997). *School, family, and community partnerships: your handbook for action*. Thousand Oaks, Calif: Corwin Press.
- Epstein, J. L. (2010). School/Family/Community Partnerships: Caring for the Children We Share. *Phi Delta Kappan*, 92(3), 81-96. doi: 10.1177/003172171009200326
- Erdal, M. B. (2012). *Transnational ties and belonging : remittances from Pakistani migrants in Norway*. (Doktoravhandling) Universitetet i Oslo. Nr. 336, 167.

- Erstad, I. (2015). Here, now and into the future: Child rearing among Norwegian-Pakistani mothers in a diverse borough in Oslo, Norway. (Doktoravhandling). Universitetet I Oslo. Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/50187>
- Eurostat (2019). Statistics explained, oppdatert 10.05.19. Henta frå https://ec.europa.eu/eurostat/statistics-explained/index.php/Asylum_statistics
- Fangen, K. (2004). *Deltagende observasjon*. Bergen: Fagbokforl.
- Farkas, J., Schou, J., & Neumayer, C. (2018). Cloaked Facebook pages: Exploring fake Islamist propaganda in social media. *New Media & Society*, 20(5), 1850-1867. doi:10.1177/1461444817707759
- FN-sambandet (2018). Flyktninger. Henta frå <https://www.fn.no/Tema/Flyktninger>
- Foucault, M. (1999). *Diskursens orden : tiltredelsesforelesning holdt ved Collège de France 2. desember 1970* (E. Schaanning, Overs.) (Vol. 3). Oslo: Spartacus.
- Freedman, S. W., & Ball, A. F. (2004). Ideological becoming: Bakhtinian concepts to guide the study of language, Literacy, and Learning. I A. F. Ball & S. W. Freedman (Red.), *Bakhtinian perspectives on language, literacy, and learning* (s. 3-33). Cambridge: Cambidge University Press.
- Friberg, J.H. (2016). *Assimilering på norsk. Sosial mobilitet og kulturell tilpasning blant ungdom med innvandrerbakgrunn*. (Fafo-rapport 43). Henta frå <http://kriminalitetsforebygging.no/wp-content/uploads/2017/01/Assimilering-på-norsk.pdf>
- Friberg, J. H. (2019). En migrasjonsforskners bekjennelser. *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, 60(01), 104-110. doi:10.18261/issn.1504-291X-2019-01-12
- Friberg, J. H., & Bjørnset, M. (2019). *Migrasjon, foreldreskap og sosial kontroll* (Vol. 2019: 01). Oslo: Fafo. Henta frå <https://www.fafo.no/index.php/zoo-publikasjoner/fafo-rapporter/item/migrasjon-foreldreskap-og-sosial-kontroll>
- Friberg, J. H., & Midtbøen, A. H. (2017). Innvandreneres etterkommere: Teoretiske og komparative perspektiver. *Norsk sosiologisk Tidsskrift [elektronisk ressurs]*, 1 (1), 5-14. doi:https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2017-01-01
- Fylkesnes, M. K. (2018). *Frykt, forhandlinger og deltakelse. Ungdommer og foreldre med etnisk minoritetsbakgrunn i møte med den norske barnevernstjenesten*. (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen. Henta frå <http://bora.uib.no/handle/1956/17871>

- Fylkesnes, M. K., Iversen, A. C., Bjørknes, R., & Nygren, L. (2015). Frykten for barnevernet: En undersøkelse av etniske minoritetsforeldres oppfatninger. *Norges Barnevern*, 92(2), 80-96.
- Fylkesnes, M. K., Iversen, A. C., & Nygren, L. (2018). Negotiating deficiency: Exploring ethnic minority parents' narratives about encountering child welfare services in Norway. *Child & Family Social Work*, 23(2), 196-203. doi:10.1111/cfs.12400
- Gergen, K. J., & Pallak, M. S. (1985). The Social Constructionist Movement in Modern Psychology. *American Psychologist*, 40(3), 266-275. doi:10.1037/0003-066X.40.3.266
- Gubrium, J. F., & Holstein, J. A. (2009). *Analyzing narrative reality*. Los Angeles: Sage.
- Gulbrandsen, L. M. (2008). Utforskende samtaler med unge mennesker og foreldrene deres : begrunnelser, framgangsmåter og analyseresultater. I B. P. Bø & B. C. R. Olsen (Red.), *Utfordrende foreldreskap*. (s. 243-267). Oslo: Gyldendal.
- Gulbrandsen, L. M., Øien, I., & Opsahl, K. (2014). Utforskende framgangsmåter i forskning og profesjonell praksis. I L. M. Gulbrandsen (Red.). *Barns deltakelse I hverdagsliv og profesjonell praksis – en utforskende tilnærming*. (s. 75-99). Oslo: Universitetsforl.
- Gutierrez, A. (2015). Challenging ideological environments: international teachers' experiences in an outside-of-country teacher training programme. *Critical Studies in Education*, 1-17. doi:10.1080/17508487.2015.1076492
- Haavind, H. (1987). *Liten og stor : mødres omsorg og barns utviklingsmuligheter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haavind, H. (2000). På jakt etter kjønnede betydninger. I H. Haavind (Red.), *Kjønn og fortolkende metode: metodiske muligheter i kvalitativ forskning* (s. 7-59). Oslo: Gyldendal.
- Harré, R., Moghaddam, F. M., Cairnie, T. P., Rothbart, D., & Sabat, S. R. (2009). Recent Advances in Positioning Theory. *Theory & Psychology*, 19(1), 5-31. doi:10.1177/0959354308101417
- Heath, S., McGhee, D., & Trevena, P. (2011). Lost in Transnationalism: Unraveling the Conceptualisation of Families and Personal Life through a Transnational Gaze. *Sociological Research Online*, 16(4), 1-9. doi:10.5153/sro.2534

- Henningsen, E., & Sørholt, S. (2018). Avtalt selvbosetting blant flyktninger og det norske bosettingsregimet. *Tidsskrift for boligforskning*, 1(01), 7-26. doi:10.18261/issn.2535-5988-2018-01-02
- Hermans, H. (2001). Mixing and moving cultures require a dialogical self. *Hum. Dev.*, 44(1), 24-28. doi:10.1159/000057038
- Hermans, H. J. M., & Hermans, H. J. M. (2012). Dialogical Self Theory and the increasing multiplicity of I -positions in a globalizing society: An introduction. *New Directions for Child and Adolescent Development*, 2012(137), 1-21. doi:10.1002/cad.20014
- Hermans, H. J. M., & Kempen, H. J. G. (1998). Moving cultures: the perilous problems of cultural dichotomies in a globalizing society. *The American Psychologist*, 53(10), 1111.
- Hermans, H. J. M., Kempen, H. J. G., & Loon, R. J. P. v. (1992). The dialogical self: beyond individualism and rationalism. *The American Psychologist*, 47(1), 23.
- Hollekim, R., Anderssen, N., & Daniel, M. (2016). Contemporary discourses on children and parenting in Norway: Norwegian Child Welfare Services meets immigrant families. *Children and Youth Services Review*, 60, 52-60. doi:10.1016/j.chilyouth.2015.11.004
- Holm, I. M. (2011). *Somaliere og norsk skole: en studie av somaliere i Norge med særlig fokus på relasjoner mellom lærere og foreldre*. (Doktoravhandling). Universitetet i Tromsø. Henta frå <https://munin.uit.no/handle/10037/3691>
- Holquist, M. (1981). Glossary. I M. M. Bakhtin. *The dialogic imagination*. (423-434). Austin TX: university of Texas Press.
- Holstein, J. A., & Gubrium, J. F. (1995). *The active interview* (Vol. vol. 37). Thousand Oaks, Calif: Sage Publications.
- Holstein, J. A., & Gubrium, J. F. (2016). Narrative practice and the active interview. I D. Silverman (Red.) *Qualitative research* (4th ed.). Los Angeles, Calif: Sage.
- Hugman, R., Pittaway, E., & Bartolomei, L. (2011). When 'Do No Harm' Is Not Enough: The Ethics of Research with Refugees and Other Vulnerable Groups. *British Journal of Social Work*, 41(7), 1271-1287. doi:10.1093/bjsw/bcr013
- Hundeide, K. (2003). *Barns livsverden : sosiokulturelle rammer for barns utvikling*. Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Hundeide, K. (2005). Socio-cultural tracks of development, opportunity situations and access skills. *Culture & Psychology*, 11(2), 241-261.

- Hundeide, K. (2017). Diskurser, redskaper og kontrakter i barns utvikling: Et kulturpsykologisk perspektiv. I L. M. Gulbrandsen (red.), *Oppvekst og psykologisk utvikling* (2. utg., s. 284-303) Oslo: Universitetsforl.
- Hundeide, K., & Armstrong, N. (2011). ICDP approach to awareness-raising about children's rights and preventing violence, child abuse, and neglect. I *Child Abuse & Neglect*, 35(12), 1053-1062.
- Hundeide, K. & Gulbrandsen, L.M. (2017). Jean Piaget: En konstruktivistisk teori om barns utvikling. I L. M. Gulbrandsen (red.), *Oppvekst og psykologisk utvikling* (2. utg., s. 212-234) Oslo: Universitetsforl.
- Hydén, M. (2014). The Teller-focused Interview: Interviewing as a Relational Practice. *Qualitative Social Work*, 13(6). doi:10.1177/1473325013506247
- Høydahl, E. (2011). *Monitor for sekundærflytting : sekundærflytting blant flyktninger bosatt i Norge i 2000-2009* (Vol. 2011/30). Henta frå https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_201130/rapp_201130.pdf
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) (u.å.). Årsrapport 2018. Henta frå <https://www.imdi.no/globalassets/dokumenter/arsrapporter-og-styrende-dokumenter/arsrapport-2018/imdi-arsrapport-2018>
- Jevne, K. S. (2017). *Barnevernssaker med foreldrekonflikter : forhandlinger om problemforståelser og handlingsrom når det er bekymringer for barn som har to hjem*. (Ddoktoravhandling) (nr. 654). Universitetet i Oslo. Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/55752>
- Johannessen, E. (2007). *Mye er forskjellig - men bare utenpå? : om barn, barneoppdragelse og utdanning i en mangfoldig verden*. Oslo: Sebu forl.
- Johnsen, N. (2019, 31. Januar). Flyktningkrisen avslører «skremmende holdninger». *Verdens gang (VG)*. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/utenriks/i/3jAMAM/flyktningkrisen-avslorer-skremmende-holdninger>
- Julkunen, I., & Rauhala, P.-L. (2013). Otherness, social welfare and social work – a Nordic perspective. *Nordic Social Work Research*, 3(2), 1-15.
doi:10.1080/2156857X.2013.834266
- Kagitcibasi, C. (2005). Autonomy and relatedness in cultural context: implications for self and family. *Journal of Cross-Cultural Psychology*, 36(4), 403.

- Kâğıtçıbaşı, Ç. (1996). *Family and human development across cultures : a view from the other side*. Mahwah, N.J: Lawrence Erlbaum.
- Keskinen, S. (2011). Troublesome Differences-Dealing with Gendered Violence, Ethnicity, and 'Race' in the Finnish Welfare State. *Journal of Scandinavian Studies in Criminology and Crime Prevention*, 12(2), 153-172.
doi:10.1080/14043858.2011.622075
- Kiang, L., Glatz, T., & Buchanan, C. M. (2017). Acculturation Conflict, Cultural Parenting Self-Efficacy, and Perceived Parenting Competence in Asian American and Latino/a Families. *Family Process*, 56(4), 943-961. doi:10.1111/famp.12266
- Kim, H. (2014). *Parenting Experiences of 1.5 Generation Kowloon Parents*. (Doktoravhandling) ResearchSpace@ Auckland. Henta frå <https://researchspace.auckland.ac.nz/handle/2292/24659>
- Klefbeck, J., & Ogden, T. (2003). *Nettverk og økologi : problemløsende arbeid med barn og unge* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.
- Klitmøller, J. & Hviid, P. (2017). Lev Semjonovitsj Vygotskij og den kulturhistoriske psykologi. I L. M. Gulbrandsen (red.), *Oppvekst og psykologisk utvikling* (2. utg., s. 235-283) Oslo: Universitetsforl.
- Kompetanse Norge (u.å.). Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Henta frå https://www.kompetansenorge.no/contentassets/f6594d5dde814b7bb5e9d2f4564ac134/lareplan_nynorsk2utgave.pdf
- Križ, K., & Skivenes, M. (2010). 'Knowing Our Society' and 'Fighting Against Prejudices': How Child Welfare Workers in Norway and England Perceive the Challenges of Minority Parents. *British Journal of Social Work*, 40(8), 2634-2651.
doi:10.1093/bjsw/bcq026
- Kvale, S., Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (T. M. Anderssen & J. Rygge, Overs.) (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk
- Kvelling, Ø. (2015). *Barn i risiko : skadelige omsorgssituasjoner* (2. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Landinfo (2019a) Irak: Sikkerhetssituasjonen i Diyala provins per November 2018. Henta frå <https://landinfo.no/land/irak/>
- Landinfo (2019b). Somalia: Al-Shabaab-områder i Sør-Somalia. Henta frå <https://landinfo.no/land/somalia/>

- Landinfo (2019c). Afghanistan: Basisinfo. Henta frå:
<https://landinfo.no/wp-content/uploads/2019/03/Afghanistan-Basisinformasjon-280219.pdf>
- Larsen, N. B. (2009). Institutional nationalism and orientalized others in parental education. I S. Keskinen, S. Tuori, S. Irni, & D. Mulinari (Red.). *Complying with colonialism: Gender, race and ethnicity in the Nordic region*. Routledge.
- Leirvik, M. S. (2014). *Mer enn klasse: betydningen av "etnisk kapital" og "subkulturell kapital" for utdanningsatferd blant etterkommere av innvandrere*. (Doktoravhandling). Universitetet i Oslo. Henta frå <https://phs.brage.unit.no/phs-xmlui/handle/11250/194540>
- Levitt, P., & Schiller, N. (2004). Conceptualizing simultaneity: A transnational social field perspective on society. *Int. Migr. Rev.*, 38(3), 1002-1039. doi:10.1111/j.1747-7379.2004.tb00227.x
- Lidén, H. (2017). *Barn og migrasjon : mobilitet og tilhørighet*. Oslo: Universitetsforl.
- Mapp, K. L. (2003). Having Their Say: Parents Describe Why and How They Are Engaged in Their Children's Learning. *School Community Journal*, 13(1), 35-64.
- Marlowe, J. (2018). *Belonging and transnational refugee settlement : unsettling the everyday and the extraordinary*. New York: Routledge.
- Matthiesen, N. C. L. (2015a). A struggle for equitable partnerships: Somali diaspora mothers' acts of positioning in the practice of home-school partnerships in Danish public schools. *Outlines - Critical Practice Studies, Vol 16, no 1, 2015*, 6-25.
